



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# 25 år med landbrukspolitiske reformer i Sveits

Ein kontinuerleg og målretta reformprosess

NIBIO RAPPORT | VOL. 4 | NR. 118 | 2018



Sjur Spildo Prestegard

Divisjon for matproduksjon og samfunn, avdeling for bedriftsøkonomi

## TITTEL/TITLE

25 år med landbrukspolitiske reformer i Sveits – ein kontinuerleg og målretta reformprosess

## FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Sjur Spildo Prestegard

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
10.10.2018	4/118/2018	Åpen	35160	18/01356
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-02174-2	2464-1162	67		

## OPPDRAUGSGIVER/EMPLOYER:

NIBIO

## KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Sjur Spildo Prestegard

## STIKKORD/KEYWORDS:

Sveits, landbrukspolitikk, tilskotsordningar, multifunksjonelt jordbruk, matvaresikkerheit, kulturlandskap, biodiversitet, komparativ analyse med Noreg

Switzerland, agricultural policy, payment schemes, multifunctional agriculture, food security, cultural landscapes, biodiversity, comparative analysis with Norway

## FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Landbruksøkonomi, landbrukspolitikk

Agricultural economics, agricultural policy

## SAMMENDRAG/SUMMARY:

Føremålet med denne rapporten er å gje eit grundig innsyn i den landbrukspolitiske reformprosessen som har gått føre seg i Sveits sidan tidleg 1990-tal og litt om utviklinga i sveitsisk jordbruk. Måla for landbrukspolitikken er nedfelt i grunnlova som slår fast at jordbruket gjennom ein berekraftig og marknadstilpassa produksjon skal medverka til sikker matvareforsyning for folket, oppretthalding av det naturlege livsgrunnlaget, pleie av kulturlandskapet og elles medverka til spreidd busetjing i landet. Det multifunksjonelle jordbruket står sentralt i Sveits. Ein sentral del av reformprosessen har vore introduksjonen av målretta støtteutbetalingar som betaling for produksjon av fellesgode som matvaresikkerheit, kulturlandskap, biodiversitet og busetjing i distrikta.

## LAND/COUNTRY:

Sveits

## GODKJENT /APPROVED

Knut Øistad

NAVN/NAME

## PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Sjur Spildo Prestegard

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Føreord

Sveits er som Noreg ikkje medlem i Den europeiske union (EU) og har dermed sin eigen nasjonale landbrukspolitikk. Internasjonale handelsavtalar og reguleringar og endringar i desse set likevel rammer for utforming av landbrukspolitikken både i Sveits og i Noreg. I motsetnad til Noreg som har regulert sitt tilhøve til EU gjennom EØS-avtalen, så har Sveits inngått ei rekkje bilaterale avtalar med EU, også på landbruksområdet. Både Noreg og Sveits må ta omsyn til avtalar i World Trade Organization (WTO) i utforminga av landbrukspolitikken. Landbrukspolitikken i Sveits har vore inne i ein kontinuerleg reformprosess sidan tidleg på 1990-talet.

Føremålet med denne rapporten er å gje eit grundig innsyn i den landbrukspolitiske reformprosessen som har gått føre seg i Sveits og litt om utviklinga i sveitsisk jordbruk. Det å få betre kjennskap til dei endringar Sveits har gjort i sin landbrukspolitikk, kan vera verdifull informasjon for Noreg i vår heimlege diskusjon om mogleg handlefridom til utforming av ein framtidretta norsk landbrukspolitikk. I denne rapporten er det vidare utført ein komparativ analyse av Sveits og Noreg for å få fram sentrale likskapar og ulikskapar i landbrukspolitikken i dei to landa. Ei slik samanlikning kan gje kunnskap og verdifull innsikt for politikarar, forvaltning og andre aktørar i norsk landbruks- og matvaresektor med interesse for framtidig utforming av norsk landbrukspolitikk.

Denne rapporten er utarbeidd som del av den strategiske instituttsatsinga «Political and economic analysis of future food production (PEAP)» i NIBIO som er finansiert med middel frå basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Rapporten er utarbeidd og skriven av Sjur Spildo Prestegard. Ingunn Nebell har hjelpt til med utarbeiding av figurar i kapittel 3 og av figurar og tabellar i kapittel 5. Agnar Hegrenes har lese rapporten og har kome med nyttige innspel til fagleg innhald og språkleg framstilling.

Oslo, 20.09.2018

Knut Øistad

# Innhold

1	Innleiing .....	5
2	Kort om Sveits.....	7
3	Landbrukspolitiske reformer i Sveits .....	9
3.1	Reformprosessen på 1990-talet .....	9
3.2	Agrarpolitik 2002 (1999-2002) .....	11
3.3	Agrarpolitik 2007 (2004-2007) .....	13
3.4	Agrarpolitik 2011 (2008-2011) .....	15
3.5	Agrarpolitik 2014-2017 (AP 2014-2017) .....	16
3.5.1	Produksjon og avsetning .....	18
3.5.2	Direkte støtteutbetalningar .....	19
3.5.3	Tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak .....	33
3.6	AP 2018-2021 og endring av grunnlova paragraf 104a .....	34
4	Lovverk som regulerer jordbruk i Sveits.....	36
4.1	Høgste dyrebestandar innan kjøt- og eggproduksjon .....	36
4.2	Kjøp og sal av jordbrukseigedomar eller jordstykke.....	37
4.3	Jordleige .....	38
5	Utviklinga i jordbruket i Sveits.....	40
5.1	Sysselsetjing og bruksstruktur .....	40
5.1.1	Seterdrift og bruk av fjellbeite .....	43
5.2	Bruk av jordbruksarealet .....	44
5.3	Husdyrhaldet .....	47
5.4	Prisar, kostnader og produksjonsinntekter i jordbruket i Sveits .....	48
5.5	Eksport og import.....	50
5.5.1	Meir detaljert omtale av utviklinga i mjølkeproduksjonen .....	51
5.5.2	Ostehandelen mellom Sveits og EU .....	52
5.6	Forbruk av matvarer .....	53
5.7	Sjølvforsyningsgrad.....	55
6	Samanlikning av sveitsisk og norsk landbrukspolitikk.....	57
7	Oppsummering .....	61
	Litteraturreferansar.....	65

# 1 Innleiing

Sveits er eit interessant land i jordbruksmessig samanheng sett frå ein norsk ståstad. Ei viktig årsak er at Sveits er det einaste større landet i Vest-Europa utanom Noreg som ikkje er medlem av Den europeiske union (EU), og som dermed har ein eigen nasjonal landbrukspolitik. I tillegg har Sveits eit klima, ein topografi og ein landbruksstruktur som ikkje er heilt ulikt det Noreg har, sjølv om mange skilnader også finst. Meir interessant er kanskje likevel at Sveits, på same måte som Noreg, har hatt ein ambisiøs landbrukspolitik i heile etterkrigstida med stor vekt på å sikra inntektene til bøndene gjennom effektiv skjerming av den innanlandske marknaden mot billegare importvarer. Bøndene i Sveits har også motteke betydeleg støtte over statsbudsjettet i form av ulike tilskotsordningar. Sveits og Noreg har dei seinare åra «konkurrert» om å liggja på verdstoppen kva gjeld OECD<sup>1</sup> sine årlege utrekningar av støttenivå til jordbruket rekna som prosent PSE<sup>2</sup>. I 2015 var prosent PSE på 59 i Sveits og på 60 i Noreg (Budsjettnemnda for jordbruket 2017a, s. 197). Til samanlikning låg EU-25 på ein prosent PSE på 19 i 2015. I kapittel 2 i denne rapporten er det gjeve ei kort innføring om landet Sveits.

Sveits har vore inne i ein landbrukspolitisk reformprosess sidan tidleg på 1990-talet som har både visse likskapar og ulikskapar med det som har skjedd i Noreg. Det å få betre kunnskap om og innsikt i endringar som har skjedd i sveitsisk landbrukspolitik dei seinare åra, vil kunna vera nyttig for vår heimlege landbruksdebatt om moglegheitene for å kunna utforma ein framtidsretta landbrukspolitik innan rammene av internasjonale handelsavtalar og reguleringar. I kapittel 3 er det difor gjeve ei grundig innføring i den reformprosessen som sveitsisk landbrukspolitik har gått gjennom dei siste 25 åra. Det er gjort greie for noko av bakgrunnen for reformprosessen og for endringar undervegs. I Sveits vert vanlegvis den faktiske landbrukspolitikken med sine tilskotsordningar vedteken for fire år om gongen. Denne rapporten har lagt stor vekt på å få fram dei viktigaste endringane i tilskotsordningar for kvar fireårsperiode. I kapittel 3 er det dessutan ein grundig omtale av avviklinga av kvotesystemet for mjølk i 2007 og innføringa av fri handel med ost mellom EU og Sveits frå 1. juni 2009. Deretter fylgjer kapittel 4 med ei kort innføring i lovverk og forskrifter i Sveits som set viktige rammer for korleis jordbruksproduksjonen kan gå føre seg og for kjøp og sal av jordbrukseigedomar og for jordleige.

Den førte landbrukspolitikken til ei kvar tid har innverknad på tilpassingar som vert gjort av bønder/jordbruksbedrifter og av matvaresektoren og til ei viss grad også matkonsumentane. Når det i kapittel 5 er gjeve ei kort orientering om utviklinga av jordbruket i Sveits knytt til sysselsetjing, bruksstruktur, arealbruk, produksjon, prisar og inntekter, eksport og import, forbruk av matvarer og sjølvforsyning, så er det klart at landbrukspolitikken berre er ei av mange årsaker til dei endringar som er registrert. I denne rapporten tek ein ikkje sikte på å gå djupt ned i den diskusjonen.

I kapittel 6 er det gjort ei samanlikning av det som har skjedd i sveitsisk landbrukspolitik med det som har skjedd i norsk landbrukspolitik på eit litt overordna nivå. Det er ikkje gjort noko forsøk på ei inngåande og djup komparativ analyse. Den komparative analysen som er gjort, kan likevel gje innsikt som kan vera nyttig i vår heimlege debatt om mogleg utforming av norsk landbrukspolitik innan det handlingsrommet som er sett av dei internasjonale rammevilkåra som eksisterer eller som kan koma som fylgje av nye avtalar.

---

<sup>1</sup> Organisation for Economic Cooperation and Development.

<sup>2</sup> PSE i prosent uttrykkjer den totale støtta til jordbruket, i form av skjermingsstøtte (fråtrekt fôravgifter og omsetningsavgift) og budsjettstøtte, som del av produksjonsverdien (Budsjettnemnda for jordbruket 2017a, s. 193-194). Med produksjonsverdien vert det her meint summen av produksjonsinntekter og direkte støtte.

Noreg kan dra interessant lærdom av det Sveits har gjort og av deira erfaringar for vidare utvikling av norsk landbrukspolitik. Slik kunnskap om Sveits kan ha overføringsverdi til Noreg. Noreg kan velja å ta etter Sveits der vi meiner det kan vera fornuftige med omsyn på framtidig utforming av våre landbrukspolitiske mål og retningslinjer, og for utforming av våre marknadsordningar og tilskotsordningar. Motsett kan Noreg velja ikkje å ta etter Sveits der vi meiner våre marknadsordningar og våre tilskotsordningar fungerer godt nok.

Det er for tida nær stillstand i forhandlingane i World Trade Organization (WTO) om ytterlegare liberaliseringar på landbruksområdet som har gått føre seg sidan 1999, og lite tyder på at ein kjem fram til semje på alle handelsområde. Det betyr likevel ikkje at det ikkje kan koma i stand nye avtaler på landbruksområdet som kan få innverknad både for Sveits og Noreg. Det går også føre seg andre, bilaterale handelsforhandlingar i EFTA-regi som kan få betyding for jordbruket både i Sveits og i Noreg. Sveits har vore og er framleis ein av Noreg sine nærmaste støttespelarar i internasjonale handelsforhandlingar i til dømes WTO. I denne samanheng vil det frå norsk side også kunna vera av interesse å få auka kunnskap om korleis Sveits planlegg å innretta sin landbrukspolitik med tanke på framtida, mellom anna for å finna ut kvar landa kan ha felles interesser i slike forhandlingar.

## 2 Kort om Sveits

Sveits er eit fjellrikt land som er omkransa av landa Frankrike i vest, Tyskland i nord, Liechtenstein og Austerrike i aust og Italia i sør. Samla flateareal i Sveits er på 41 290 km<sup>2</sup>, og av dette er 3,7 prosent innsjøar og vatn (Wikipedia 2018). Dette inneber at Sveits i storleik svarar til Trøndelag i Noreg. Folketalet i Sveits auka frå 7,2 millionar i 2000 til 8,3 millionar i 2015 (Bundesamt für Statistik 2017a). Til samanlikning var folketalet i Noreg på 5,2 millionar per 1. januar 2016 (Statistisk sentralbyrå 2017). Sveits er dermed eit langt meir tettfolka land enn Noreg. I Sveits er det fleire etniske og språklege grupper, hovudsakeleg tysktalande, fransktalande og italiensktalande, men det er også eit fjerde offisielt nasjonalspråk kalla retoromansk. Sveitsarar har trass i dette ein sterk nasjonalfølelse, basert på felles historie, politiske grunnhaldningar, kultur og geografi (Wikipedia 2018).

Sveits er ein liten, open økonomi med høg verdiskaping og relativ låg inflasjon og arbeidsløyse (OECD 2015). Bruttonasjonalprodukt per innbyggjar er svært høgt. Tenesteytande næringar utgjer over 71 prosent av bruttonasjonalproduktet. Viktigaste næringar er bank og finans og turisme.




Figur 2.1 Kart over Sveits

Kjelde: Weltcarte (2018)

Etter geologi og landformer kan Sveits delast inn i tre naturlege hovuddelar; Jura-fjella i nordvest, Alpane i sentrale og sørlege delar og det såkalla Mittelland, eit slettelandskap mellom og nord for desse fjellområda med gjennomsnittshøgde på 400 meter over havet (Wikipedia 2018). Arealmessig dekkjer desse områda høvesvis omtrent 10 prosent, 60 prosent og 30 prosent av landet. Dei største samanhengande jordbruksområda i Sveits ligg i Mittelland og med relativt gode vekstvilkår. Dei fleste større byane i Sveits ligg i dette området og her bur også hovudparten av folket. Brear danna i istida mange dalar og innsjøar, der Bodensjøen og Genèvesjøen er dei to største.

Figur 2.1 viser at av samla landareal i Sveits så er 25 prosent uproduktive areal, åtte prosent er utbygd areal og 30 prosent er skogsett areal. Gode tilhøve for grasdyrking og gode fjellbeite mange stader i Sveits har ført til at husdyrhaldet med produksjon av mjølk og kjøt er svært viktig. Det er også ein forholdsvis variert planteproduksjon med korn, oljefrø, poteter, sukkerbetar, grønsaker og frukt i delar av landet. Det går fram av figur 2.1 at fulldyrka og overflatedyrka areal (åkermark, beite og eng) utgjer 24 prosent av samla landareal medan fjellbeite utgjer 12 prosent. I kapittel 5 er utviklinga i jordbruket i Sveits nærmare omtalt.



Figur 2.1 Bruken av landarealet i Sveits. 2004-2009

Kjelde: OECD (2015, s. 27)

Sjølv om jordbruksarealet inkludert fjellbeite utgjer heile 36 prosent av samla landareal, så er Sveits likevel ein betydeleg importør av jordbruksvarer. Dette ikkje minst av korn og grønsaker og til dels frukt og bær, men også av egg og fjørfekjøt. På den andre sida har Sveits ein ikkje uvesentleg eksport av ost. Brutto sjølvforsyningsgrad i Sveits på kaloribasis er på knapt 63 prosent. Netto sjølvforsyningsgrad, der ein har trekt frå for importerte fôrmiddel, er på om lag 55 prosent (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 84).

Sveits er ein føderal republikk som er inndelt i 26 kantonar (delstatar) med til dels utstrakt sjølvstyre. Landbrukspolitikken har likevel vore eit ansvarsområde for den føderale regjeringa (det sveitsiske forbundsrådet) og det føderale parlamentet. Det føderale landbrukskontoret («Das Bundesamt für Landwirtschaft»), som er del av eit større, føderalt nærings- og forskingsdepartement, har eit serleg ansvar for landbruk og landbrukspolitikk i Sveits.

Sveits har som Noreg ein ambisiøs landbrukspolitikk med betydeleg støtte til bøndene gjennom importvern og støtte over statsbudsjettet gjennom ei rekkje tilskotsordningar. Ifylgje Budsjettmemnda for jordbruket (2017a, s. 197) var PSE i prosent i Sveits på 59 i 2015, medan den var på 60 i Noreg. Det er verdt å merka seg at jordbruk utgjer under 1 prosent av bruttonasjonalproduktet i Sveits, medan jordbruket står for under 4 prosent av samla sysselsetjing (WTO 2013, s. 77; OECD 2015). Det indikerer ein heller låg arbeidsproduktivitet i jordbruket i Sveits.



## 3 Landbrukspolitiske reformer i Sveits

Landbrukspolitikken i Sveits har gått gjennom reformer i ulike etappar sidan tidleg 1990-tal. Vanlegvis har landbrukspolitikken vorte fastsett for fire år om gongen (OECD 2015, s. 47). Prosessen knytt til fastsetjing og implementering av landbrukspolitikk i Sveits er til dels tidkrevjande, men vel organisert med moglegheiter for aktørar og andre interesserte til å delta. Denne grundige prosessen hjelper til med å byggja konsensus rundt dei føreslåtte tiltaka og reduserer risikoen for at føreslått lovverk kan verta nedstemt i ei folkeavstemming (OECD 2015, s. 47).

### 3.1 Reformprosessen på 1990-talet

Sveits har etter andre verdskrig, på same måte som Noreg, hatt ein ambisiøs landbrukspolitikk med betydeleg støtte til jordbruket over statsbudsjettet og skjerming av den innanlandske marknaden mot import av billigare jordbruksvarer for å sikra høge prisar. Dette mellom anna for å sikra inntektene til sveitsiske bønder. På slutten av 1980-talet og tidleg 1990-tal voks det etter kvart fram ei erkjenning av at det var behov for ei nyorientering av landbrukspolitikken med vekt på å gjera sveitsisk jordbruk meir berekraftig og konkurransedyktig. Prestegard og Bøe (1998, s. 19) hevda det var både indre og ytre årsaker som låg bak nyorienteringa av landbrukspolitikken i Sveits.

Det var i Sveits aukande fokus på jordbruket si betyding for miljøet og samfunnet både i positiv forstand (t.d. for kulturlandskap og for levande bygder) og negativ forstand (t.d. avrenning av næringsstoff frå kunstgjødsel og husdyrgjødsel til vassdrag). Høge prisar hadde ført til eit ganske intensivt jordbruk, som hadde gjeve synlege skader på miljøet (Klepp 2007, s. 4). For å støtta opp under meir miljøvenleg drift vart det lagt opp til reduserte prisar og større bruk av direkte støtteutbetalingar. Gjennom det frivillige programmet for integrert drift (frå 1993) la ein opp til å gjera jordbruket meir miljøvenleg. Målet var å redusera bruken av kunstgjødsel og plantevernmiddel. I 1998 produserte heile 80 prosent av sveitsiske gardsbruk etter reglane for integrert produksjon (Landwirtschaftlicher Informationsdienst 1998). Andre støtteordningar, som til dømes program for dyrevenlege fjøssystem, tilskot for økologisk plantedyrking («Biologischer Landbau»), tilskot til ekstensiv produksjon og tilskot for å ha skilt ut økologisk mark av det samla jordbruksarealet (t.d. blomsterenger, kantsoner og andre biologisk, svært verdifulle område), vart innført i 1993. Samla støtte til jordbruket, gjennom importvern og budsjettstøtte, vart ei aukande nasjonal belastning og nærma seg eit smertepunkt (Prestegard og Bøe 1998, s. 20).

Ytre årsaker til reformprosessen var dei pågåande forhandlingane i GATT om liberaliseringar på landbruksområdet som starta i 1986, og som førte fram til semje om ein avtale i 1993 (Prestegard og Bøe, s. 19). For Sveits førte GATT/WTO-avtalen, som vart sett i verk 1. januar 1995, til at ein måtte gjera ein del tilpassingar av landbrukspolitikken, men likevel ingen dramatiske endringar.

Sveits hadde eit omfattande system med utstrekt bruk av garanterte prisar og avsetningsgarantiar. Det voks fram ei erkjenning av at dette hadde ført til ein del tilpassingsproblem (mellom anna overproduksjon av fleire jordbruksprodukt), og at næringa i for liten grad var open for marknadssignal. Lengre fram i tid låg trusselen om endå større importkonkurranse for sveitsisk jordbruk samt ytterlegare innstrammingar i bruken av statleg eksportstøtte, som fylgje av dei WTO-forhandlingane som skulle starta opp i 1999. Høge matprisar i Sveits samanlikna med nabolanda i EU (med unntak for naboen Liechtenstein) hadde også ført til ein omfattande handelslekkasje.

Med bakgrunn i eit vedtak i parlamentet, vart ein første reform sett ut i livet i 1993, og den varte til og med 1998. Den reforma innebar som nemnt ovanfor, introduksjon av støtteutbetalingar som ikkje var knytt til spesifikke produkt, som delvis kompensasjon for reduserte prisar og som betaling for produksjon av fellesgode som kulturlandskap og biologisk mangfald. I perioden 1993 til 1998 vart

marknadsprisstøtta betydeleg redusert samtidig som støtteutbetalingar over statsbudsjettet auka. Samla støtte til jordbruket gjekk likevel ned i denne perioden (OECD 2015).

Den landbrukspolitiske reformprosessen kom i neste omgang til uttrykk ved ei endring av den sveitsiske grunnlova. I ei folkeavstemming i 1996 slutta eit fleirtal på 77 prosent seg til den føreslåtte endringa av grunnlova, og som er nedfelt i Art. 104 Landwirtschaft. Artikkel 104 har denne ordlyden på engelsk (Swizz Government 2017a):

1. *«The Confederation shall ensure that agricultural sector, by means of a sustainable and market oriented production policy, makes an essential contribution towards:*
  - a) *the reliable provision of the population with foodstuffs;*
  - b) *the conservation of natural resources and the upkeep of the countryside;*
  - c) *decentralised population settlement of the country.*
2. *In addition to the self-help measures that can reasonably be expected in the agriculture sector and if necessary in derogation from the principle of economic freedom, the Confederation shall support farms that cultivate the land.*
3. *The Confederation shall organise measures in such a manner that the agricultural sector fulfils its multi-functional duties. It has in particular the following powers and duties:*
  - a) *supplementing revenues from agriculture by means of direct subsidies in order to achieve of fair and adequate remuneration for the services provided, subject to proof of compliance with ecological requirements;*
  - b) *encouraging by means of economically advantageous incentives methods of production that are specifically near-natural and respectful of both the environment and livestock;*
  - c) *legislating on declarations of origin, quality, production methods and processing procedures for foodstuffs;*
  - d) *protecting the environment against the detrimental effects of the excessive use of fertilisers, chemicals and other auxiliary agents;*
  - e) *at its discretion, encouraging agricultural research, counselling and education and subsidise investments;*
  - f) *at its discretion, legislating on the consolidation of agricultural property holdings.*
4. *For these purposes, the Confederation shall provide both funds earmarked for the agricultural sector and general federal funds. »*

Engelsk er ikkje eit offisielt språk i Sveits, så denne omsetjinga har inga juridisk status i Sveits.

Artikkel 104 danna det grunnleggjande fundamentet for den nye landbrukspolitikken som først kom til uttrykk i «Agrarpolitik 2002» (1999-2002), og som også har vore fundamentet for seinare endringar i sveitsisk landbrukspolitikk. Med denne artikkelen er det slått fast at jordbruket gjennom ein berekraftig og marknadstilpassa produksjon skal medverka til sikker matvareforsyning for folket, oppretthalding av det naturlege livsgrunnlaget, pleie av kulturlandskapet og elles medverka til spreidd busetjing i landet. Jordbruket si multifunksjonelle rolle er med dette slått fast i Sveits. Kort sagt inneber multifunksjonalitet det at jordbruket i tillegg til sjølve matproduksjonen, også kan stå for produksjon av fellesgode som matvaresikkerheit, kulturlandskap, biodiversitet og artsmangfald, kulturminne og levande bygder (Prestegard 2005, s. 233).

## 3.2 Agrarpolitik 2002 (1999-2002)


Med bakgrunn i artikkel 104 i grunnlova vedtok det sveitsiske parlamentet ei ny landbrukslov 29. april 1998 som danna grunnlaget for den nye landbrukspolitikken for perioden 1999 til og med 2002 (ofte kalla AP 2002). Denne lova sette også rammer for utforming av meir detaljerte forskrifter. Kjernepunktet i denne landbrukspolitiske reforma var meir marknad og meir økologi og miljø. Dette gjekk fram av ei pressemelding frå Det sveitsiske næringsdepartementet sommaren 1998 (Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement 1998a). Med den nye landbrukslova vart alle statlege pris- og avsetningsgarantiar fjerna, men for mjølk vart det fastsett ein målpris. Marknadsansvaret og ikkje minst risikoen, vart med dette i stor grad delegert til marknadsaktørane. Ei rekkje statlege og halvstatlege forvaltningsorgan som var aktive i marknadene for jordbruksprodukt, vart avvikla. Detaljreguleringa av jordbruket vart langt mindre med AP 2002, mellom anna ved at mange tidlegare forskrifter vart oppheva. Det vart lagt opp til at prisskilnadene på jordbruksprodukt i høve til EU kunne verta nærmare halvert. Inntektstapet for bøndene ville berre delvis verta kompensert gjennom auka budsjettstøtte (Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement 1998b, s. 124-125). Gjennom reduksjon av produsentprisane skulle jordbruket yta eit vesentleg bidrag til å gjera sveitsiske matvarer meir konkurransedyktige i europeisk samanheng. Det vart likevel presisert frå styresmaktene at for å oppnå konkurransedugleik overfor konkurrerande import, så måtte også matvareindustrien og handelen verta meir effektive (Prestegard og Bøe 1998, s. 23). Parlamentet fastsette ei budsjetttramme for dei årlege utbetalingane i perioden 1999 til 2002.

Prestegard og Bøe (1998) har elles ein ganske omfattande omtale av endringane i marknadene for jordbruksprodukt i Sveits som fylgje av AP 2002, ikkje minst for mjølk og meieriprodukt. Det vart innført eit tilskot til mjølk for osteproduksjon uavhengig av ostetype som vart produsert og av om osten skulle seljast innanlands eller utanlands. Intensjonen med denne utforminga av tilskotet var at ein ikkje skulle koma i konflikt med restriksjonane for eksportstøtte i WTO. Kvoteordninga for mjølk vart endra slik at overdraging (kjøp) av kvote ville verta lettare å gjennomføra enn før. Det ville også verta mogleg å leiga kvote. Overføring av kvote frå fjellbygder til dalbygder ville ikkje verta tillate, med unntak for spesielle tilfelle i grensesona.

Med AP 2002 fekk produksjonsuavhengige tilskot (tilskot uavhengige av produserte mengder) ein sentral posisjon. Systemet med direkte utbetalingar gjorde det mogleg å forsterka skiljet mellom prispolitikken og inntektspolitikken. Dei direkte utbetalingane vart i stor grad knytt til landbruket sine ytingar til samfunnet i form av produksjon av fellesgode som t.d. sikker matvareforsyning, pleie av kulturlandskapet og spreidd busetjing (Prestegard og Bøe 1998, s. 26). Det vart skilt mellom to former for direkte utbetalingar, nemleg generelle direkte utbetalingar og miljøretta direkte utbetalingar.

Frå 1999 ville dei generelle direkte utbetalingane bestå av tilskot for forvaltning (drift) av jordbruksmark og som tilskot som kompensasjon for vanskelege driftsvilkår. Miljøretta direkte utbetalingar ville bestå av tilskot til plantedyrking utan bruk av kjemiske eller syntetiske hjelpestoff, tilskot til utskilt økologisk jordbruksmark (t.d. blomsterenger, kantsoner og andre biologisk verdifulle område for mange dyr og plantar) av det samla jordbruksarealet («Ökologischer Ausgleichsflächen»), tilskot til dyrevenleg hald av husdyr og tilskot til ekstensiv produksjon. I tillegg til desse direkte utbetalingane, vart det gjeve tilskot til seterdrift og bruk av fjellbeite («Sömmerungsbeiträge»). Det vart også utbetalt åkerbrukstilskot til kulturar som korn, oljevokstrar m.m.

Sjølve omstruktureringa av det direkte utbetalingssystemet frå det tidlegare systemet til det nye systemet i AP 2002 går fram av figur 3.1.



Figur 3.1 Omstrukturering av systemet med direkte utbetalningar

Kjelde: Prestegard og Bøe (1998, s. 27)

For alle direkte utbetalningar vart det frå 1999 stilt krav om at ein kunne dokumentera at ein oppfylte ei rekkje økologiske og miljømessige krav til jordbruksdrift («Ökologischer Leistungsnachweis»), til dømes dyrevenleg hald av husdyr, balansert gjødsling, at ein har skilt ut sju prosent av samla jordbruksareal som økologisk jordbruksmark (t.d. blomsterenger, kantsoner og andre biologisk verdifulle område for mange dyr og plantar), regulert vekstskifte, vern av jordbruksmark mot erosjon og avrenning, og formålstenleg bruk av plantevernemiddel. Utover dette kom eit krav om at lover og forskrifter om vern av vassdrag, miljø og dyr må haldast, dersom dei direkte utbetalingane ikkje skulle verta avkorta eller nekta. Formålet med desse ordningane var at jordbruket i Sveits skulle verta ytterlegare økologisert og meir miljøvenleg.

Dei supplerande direkte utbetalingane etter artikkel 31a i landbrukslova frå 1992 bestod av eit brukstilskot og eit arealtilskot. Brukstilskotet vart gradvis avvikla fram til 1999. Både dei økologiske direkte utbetalingane og tilskotet til programmet for integrert produksjon auka markert etter 1993. Figur 3.1 viser at dei supplerande direkte utbetalingane og tilskotet for integrert produksjon, vart slått saman til eit generelt arealtilskot frå 1999. I Prestegard og Bøe (1998) er det gjeve ei ganske utførleg omtale av regelverk og støttesatsar for dei ulike direkte støtteutbetalingsordningane i AP 2002.

Den nye landbrukslova av 29. april 1998 stilte opp enkelte kriterium av strukturmessig og sosial art for dei direkte utbetalingane (Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement 1998b, s. 333-334). Eit

gardsbruk måtte vera på minst 1 hektar jordbruksmark i drift eller minst 0,5 hektar for spesialkulturar (t.d. dyrking av vin, humle, frukt, bær, grønnsaker og tobakk) for å ha rett på støtte. Støtte til dyr vart utbetalt dersom dyrehaldet var på minst 1 storfeeining. (Ulike husdyrslag vart rekna om til storfeeiningar etter fastsette satsar.) Støttesatsane vart avkorta ved 30, 60 og 90 hektar jordbruksmark. Støtte til hald av grovfôretande dyr og støtte til dyrevenleg hald av produksjonsdyr vart avkorta ved 45, 90 og 135 storfeeiningar. Det vart ikkje gjeve støtte for jordbruksmark over 90 hektar og for bestand utover 135 storfeeiningar per gardsbruk. Støtta til dyrehald i område med vanskelege produksjonsvilkår vart gjeve til høgst 15 storfeeiningar per gardsbruk.

Det vart ikkje gjeve støtte utover eit nivå på 45 000 sveitsiske franc (CHF) per standardiserte årsverk. Det var ei avkorting av støtte utover skattbart nivå på 80 000 CHF, og utover inntekt på 120 000 CHF vart det ikkje gjeve direkte støtte. Ein person med formue over 1 million CHF, ville ikkje kunna ta imot direkte støtte. (Gjennomsnittskursen for 1 CHF var i 1999 lik 5,19 norske kroner og i 2002 på 5,12 norske kroner (Noregs Bank 2018).)

Basert på AP 2002 kunne sveitsiske bønder ta imot investeringshjelp i to former, som investerings-tilskot og som rentefrie nedbetalingslån på opptil 20 år (Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement 1998a, s. 11).

Ei viktig hending i perioden 1999-2002 var at EU og Sveits inngjekk nye handelsavtaler med verknad også på jordbruksområdet. Sveits inngjekk i 1972, på same måte som Noreg, ein frihandelsavtale med EU der jordbruk stort sett var helde utanom. Det var i den avtalen gjeve visse tollreduksjonar i EU på harde ostar frå Sveits, mens Sveits på si side hadde gjeve EU reduserte tollsatsar på smøreost og halvharde ostar (Klepp 2007, s. 34). Sveits deltok i EØS-forhandlingane, men folket sa i ei folkeavstemming nei til resultatet. Deretter starta Sveits og EU bilaterale handelsforhandlingar som vart avslutta i 1999, med avtalar på område som fri bevegelse av personar, fjerning av tekniske handelshindringar, sivil luftfart, forskning og jordbruk. Folket i Sveits sa med stort fleirtal (67,2 prosent) ja til desse avtalane i ei folkeavstemming i 2000, og avtalane trådde i kraft 1. juni 2002 (Klepp 2007, s. 34).

Eit sentralt punkt i avtalen på jordbruksområdet var at det vart innført fri handel med ost mellom EU og Sveits frå og med 1. juni 2007. Avtalen innebar ei femårig nedtrapping av tollsatsane og ei tilsvarande utviding av tollkvotane. Samtidig vart det innført avgrensingar på bruk av eksport-subsidiar. Sveits var på den tida den fjerde største osteeksportøren i verda, og EU-landa var største marknaden. Gjennom denne avtalen meinte ein å kunna styrkja eksporten til EU ytterlegare.

Sveits gav i avtalen visse innrømmelsar til EU for marknadstilgang for grønnsaker, frukt og bær utanom sesong, og tollfri tilgang for varer det vart produsert lite eller ingenting av i Sveits (til dømes olivenolje). Produkt som ferskt kjøt, kveite og mjølk vart haldne utanom avtalen. Avtalen har ein utviklingsklausul som gjer av den kan modifierast seinare.

### 3.3 Agrarpolitik 2007 (2004-2007)

Den neste reformperioden for sveitsisk landbrukspolitik (AP 2007) trådde i kraft i 2004. AP 2007 innebar i store trekk ei vidareføring av den politikken som vart trekt opp med AP 2002.

Budsjettrammene for jordbruket i perioden 2004-2007 skulle liggja omtrent på same nivå som for perioden 2000-2003.

I sentrum for AP 2007 stod ei forbetring av konkurranseevna til sveitsisk jordbruk og matindustri. Det vart lagt opp til at prisane skulle vidare ned. Dermed ville det også verta eit fall i jordbruksinntektene, men ein rekna med at dette inntektsfallet i stor grad ville verta motverka av produktivetsforbetringar og strukturendringar (Rogstad 2003, s. 127). Det var få endringar i dei direkte støtteutbetalingane, men støtta auka litt i samla omfang (OECD 2015).

Ei viktig endring i politikken var at parlamentet i 2003 vedtok at kvotesystemet for mjølk skulle opphevast. Regjeringa foreslo i 2002 å avvikla kvotesystemet 1. januar 2007, men parlamentet vedtok i 2003 å utsetja avviklingstidspunktet til 1. mai 2009 (Rogstad 2005, s. 154). Denne avviklinga av kvotesystemet vart innført trass i stor motstand frå bondeorganisasjonar. Formålet med avviklinga var å opna opp og liberalisera mjølkesektoren og på den måten få ned kostnadene i mjølkeproduksjonen og såleis gjera sveitsiske mjølkebønder meir konkurransedyktige i høve til EU-bonden (Haller 2017, s. 11). Sveitsiske bønder skulle få fridom til å tilpassa seg utan kvoteavgrensing og driva kostnads-effektivt. Sveits hadde sidan 1999 hatt eit system for kjøp og for leige av mjølkekvote, men dette vart altså ikkje sett på som tilstrekkeleg for å få ned produksjonskostnadene.

Det vart innført overgangsordningar for at aktørane i mjølkemarknaden skulle få tid til å tilpassa seg endringane som ei oppheving av kvotesystemet ville gjere. Under statleg tilsyn skulle kvotesystemet fasast ut i perioden 2006-2009 (Klepp 2007, s. 12). Formålet var å få til ei så smertefritt avvikling av mjølkekvotesystemet som mogleg og med minst mogleg turbulens i mjølkemarknaden. Det vart opna opp for tidleg utgang av mjølkekvotesystemet frå 2006. Vilåret for å kunna gå tidleg ut av kvotesystemet var at mjølkebønder danna produsentorganisasjonar (PO) som samla inn og selde vidare mjølk til hovudsakleg industriell bruk, eller at produsentar danna produsent- og mjølkeforedlingsorganisasjonar (PMO) der minst ein medlem var ein foredlar av mjølk. Det var eit krav om minst 50 mill. kilo for PO-ar og 20 mill. kilo for PMO-ar; dvs. ganske låge krav. Dette førte til oppretting av meir enn 40 organisasjonar (Haller 2017, s. 25). Mange av PO-ane var ysteri<sup>3</sup> og der mjølka gjerne var produsert utan bruk av surfôr. Staten måtte godkjenna alle PO-ar og PMO-ar. For den enkelte mjølkeprodusent ville det heretter vera kontrakten med organisasjonen som ville styra mjølkevolumet og ikkje kvoten. Kontraktane skulle vera på minst 1 år. Ingen særlege ordningar vart innført for økologisk mjølkeproduksjon eller for mjølkeproduksjon i fjellområda (Haller 2017, s. 16). Produksjonen av mjølk for sal (meierileveransen) gjekk opp med rundt 200 mill. kilo frå 2000-2002 til 3,4 mrd. kilo i 2008; deretter vart det ein langtgåande svakare auke.

Ei anna endring med AP 2007 var at det skrittvis skulle innførast auka importkvotar for svinekjøt i perioden 2004-2007. Dessutan vart det opna opp for at ein større del av importkvotane kunne auksjoneras bort.

Ordninga med investeringshjelp og investeringskreditt vart utvida i denne perioden. Ei ordning med hjelp til omskulering kom til som eit nytt sosialt tiltak i jordbruket.

Ei anna hending i perioden 2004-2007 var at Sveits og EU kom fram til einigheit om handelsavtalar på område ein ikkje vart enige om i 1999 eller der ein såg behov for endringar. Dette resulterte i 2004 i avtalar innanfor område som politi- og justissamarbeid, korrupsjon, miljø, media, utdanning og bearbeidde jordbruksvarer (Klepp 2007, s. 36). Avtalen om bearbeidde jordbruksvarer var ei vidareutvikling av Protokoll II i Frihandelsavtalen frå 1972. I frihandelsavtalen vart det opna opp for tiltak for å jamna ut prisskilnader på råvarer mellom EU og Sveits, slik at handelen med bearbeidde varer skulle vera på meir likeverdige vilkår. Denne avtalen var av stor interesse for Sveits som stor eksportør av sjokolade. Avtalen gjeld for bearbeidde produkt som inneheld mjøl, mjølk, mjølkepulver, smør og vegetabilsk feitt (sukker vart teken ut av avtalen). Nytt var at yoghurt vart teken inn i varespekteret som vart omfatta av avtalen.

---

<sup>3</sup> Sveits hadde i år 2000 om lag 1000 ysteri, ofte gardsysteri, som foredla 42 prosent av samla mjølkemengd i Sveits, men talet var klart på veg ned. Dei fire største meieribedriftene foredla i alt 44 prosent av samla mjølkemengd i Sveits i 2003 (Haller 2017, s. 9).

### 3.4 Agrarpolitik 2011 (2008-2011)

AP 2011 tok sikte på ytterlegare å forbetra konkurransevna til jordbruket og matindustrien. Kjerneelementet i AP 2011 var omlegging frå støtte til marknadstiltak som eksportstøtte, til direkte støtteutbetalingar. Eksportstøtta for alle jordbruksvarer bortsett for bearbeidde jordbruksvarer, skulle fjernast i 2009. Ifylgje Schweizer Bauernverband (2018a) vart strategien i AP 2011 utgjort av fem handlingsaksar:

- Forbetra konkurransevna til jordbruksproduksjonen og til foredlingsindustrien gjennom omlegging frå støtte til marknadstiltak til direkte støtteutbetalingar og gjennom tiltak for kostnadsreduksjon.
- Dei økologiske eller miljømessige støtteutbetalingane skulle fylgjast opp og sikrast, mellom anna skulle støtte til storfe også gjelda for mjølkeku.
- Strukturendringar skulle verta lettare å få til gjennom oppmjuking av regelverk knytt til jordeige og jordleige.
- Skapa tilleggsverdiar innan jordbruket gjennom produkt differensiering, marknadsføringstiltak og støtte til prosjektinitiativ.
- Forenkling av administrative system og betre koordinering av byråkrati/kontrollstyresmakter.

Eit utslag av AP 2011 var at tilskotet til sommarbeite gjekk kraftig opp (Klepp 2007, s. 17). OECD (2015, s. 74) slår fast at eit utslag av AP 2011 var ein auke i samla støtte til grovføretande husdyr. Ifylgje WTO (2013, s. 78) var målet med AP 2011 å redusera budsjettutgiftene til marknadstiltak med 50 prosent og gradvis å fasa ut all eksportstøtte på vanlege jordbruksprodukt. Dei direkte støtteutbetalingane auka markert etter 2009, medan budsjettutgiftene til marknadstiltak vart redusert om enn med mindre enn målet om 50 prosent reduksjon (WTO 2013, s. 78).

Kvotestystemet for mjølk vart, som tidlegare bestemt, fullt ut avvikla i 2009 (sjå delkapittel 3.3). På det tidspunktet hadde situasjonen på verdsmarknaden, som hadde vore gunstig med gode prisar i perioden 2006-2007, forverra seg og prisane hadde gått ned att til «normalen». Dette førte ifylgje Haller (2014, s. 10) til eit sterkt press på produsentprisen i Sveits, noko som vart ytterlegare forverra grunna auken i den sveitsiske mjølkeproduksjonen (sjå delkapittel 5.5.1). Desse tilhøva utløyste omfattande diskusjonar i det sveitsiske parlamentet om eventuelle tiltak i offentleg og/eller privat regi. Resultatet av den politiske debatten var at eventuelle tiltak for å regulera tilbodet vart overlaten til sektoren sjølv (Haller 2017, s.23). I Sveits vart det etablert ein sektororganisasjon ved namn «Branchenorganization Milch-BOM») beståande av mjølkeprodusentar, meieribedrifter og daglegvarekjeder, som i 2010 vart samde om å setja ut i livet ei segmentering av mjølka i A-, B- og C-mengder med tilhøyrande prisar frå starten av 2012 (Haller 2017, s. 26). A-mengder vart definert som volum selt på den beskytta heimemarknaden (med tollvern) eller støtta marknad (subsidiert ost, støtte til sjokolade). B-mengder gjaldt mjølk der proteinet vart selt til EU og feittet vart selt til sveitsiske prisar, mens C-mengder måtte seljast fullt ut på verdsmarknaden. BOM publiserte kvart kvartal referansepris for A-mjølke. Denne ABC-modellen vart godkjent av styresmaktene og delvis sett ut i livet. Sjølv om det vert hevda at denne ABC-modellen og segmenteringa ikkje er fullt ut implementert, så er referanseprisen og segmenteringa for tida einaste gjeldande tiltak for å stabilisera marknaden (Haller 2014, s. 28; Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Etter 2013 har det ikkje vore lov å krevja inn avgift på mjølk for marknadsbalansering.

AP 2011 gjekk formelt ut ved slutten av 2011 utan at ein ny politikk var på plass. For åra 2012 og 2013 vart det ei overgangsordning ved at det vart fastsett ei toårig betalingsramme for tilskotsordningane til jordbruket. I praksis vart dermed AP 2011 forlenga med to år.

### 3.5 Agrarpolitikk 2014-2017 (AP 2014-2017)

Ein sentral del av AP 2014-2017 var eit fokus på kontinuerleg vidareføring av ein stor del av dei landbrukspolitiske verkemidla (Meier 2013). Eit kjerneelement i AP 2014-2017 var ei vidareutvikling av det direkte utbetalingssystemet med tanke på meir målretta og effektive verkemiddel. Bakteppet for AP 2014-2017 var ei erkjenning av at Sveits stod framfor store utfordringar på grunn av svak vekst i verdsøkonomien, ein sterk sveitsisk franc (CHF) og ein stadig opnare økonomi (redusert grensevern) som ville ha direkte effekt på jordbruks- og matvaresektoren. På denne bakgrunn fastsette parlamentet ein langsiktig strategi som bygde på fire tyngdepunkt (Schweizer Bauernverband 2018a):

1. Sikra sikker og konkurransedyktig næringsmiddelproduksjon og matforsyning
2. Effektiv utnytting av ressursane og fremjing av berekraftig konsum
3. Styrkja vitaliteten og attraktiviteten til landsbygda («Ländlichen Raums stärken»)
4. Fremja innovasjon og entreprenørskap i jordbruket og skogbruket

AP 2014-2017 trådte i kraft 1. januar 2014. Betalingsramma for AP 2014-2017 vart fastsett til i alt 13,670 mrd. sveitsiske franc (CHF) som utgjorde om lag 3,4 mrd. CHF per år i perioden 2014-2017. (I 2014 var 1 CHF lik 6,88 norske kroner (NOK), i 2015 lik 8,38 NOK, i 2016 lik 8,52 NOK og i 2017 lik 8,39 NOK (Noregs Bank 2018). Det er verdt å merka seg den kraftige svekkelsen av den norske krona overfor CHF sidan 2014 ved ev. omrekning av betalingsrammene ovanfor til norske kroner.).

Budsjettmidla til jordbruket frå den sveitsiske staten (føderasjonen) vert delt inn i tre ulike hovudrammer (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 162):

1. Produksjon og avsetning («Produktion und Absatz»)
2. Direkte støtteutbetalingar («Direktzahlungen»)
3. Tiltal for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak («Grundlagenverbesserung und Sozialmassnahmen»)

Tabell 3.1 viser fordelinga mellom desse tre hovudrammene med underliggende delordningar for perioden 2013 til 2015. I 2015 vart det utbetalt 2,8 mrd. CHF (23,5 mrd. kroner) i direkte støtteutbetalingar, medan det gjekk 159,6 mill. CHF (1,34 mrd. kroner) til betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak og 430,5 mill. CHF (3,61 mrd. kroner) til produksjon og avsetning. Det er berre små endringar i utbetalingar sidan 2013, men støtta til betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak har gått noko ned fram til 2015. Dessutan viser tabellen løyvingar til andre formål enn dei tre ovannemnde (utanfor betalingsramma for jordbruket og utgifter utanom jordbruket). Tabell 3.1 viser dessutan at den sveitsiske staten (føderasjonen) støtta forskning og utvikling i jordbruket og tiltak for dyrehelse, med høvesvis 85,4 mill. CHF (716 mill. kroner) og 57,1 mill. CHF (478,7 mill. kroner) i 2015, og som kom i tillegg til støtta til jordbruket på 3,4 mrd. CHF (28,5 mrd. kroner) i 2015.



Tabell 3.1 Løyvingar til jordbruk og ernæring, 2013-2015. Sveitsiske franc (CHF) per år (1000)

Oppgåver over utgifter	2013	2014	2015
Jordbruk og ernæring	3 705 974	3 692 510	3 667 267
Innanfor betalingsramme	3 438 065	3 429 696	3 385 284
Produksjon og avsetning	450 089	430 739	430 535
Fremjing av kvalitet og avsetning	56 366	59 736	60 797
Mjølkeproduksjon	301 329	295 530	295 436
Kjøttproduksjon	11 846	11 876	11 967
Plantedyrking	80 549	63 597	62 335
Direkte støtteutbetalingar	2 798 732	2 814 866	2 795 185
Direkte støtteutbetalingar		2 814 866	2 795 185
Generelle direkte støtteutbetalingar	2 150 471		
Miljøretta direkte støtetutbetalingar	648 261		
Strukturtiltak/sosiale tiltak	189 244	184 090	159 564
Strukturforbetringar	87 808	89 157	94 659
Investeringskreditt + bedriftshjelp	51 689	45 969	15 486
Dyreavl og genetiske ressursar	37 747	36 973	37 549
Rådgjevingsteneste i jordbruket	12 000	11 991	11 870
Utanfor betalingsramma	267 909	262 815	281 982
Forvaltning	54 237	55 777	54 664
Plantevern	2 113	2 055	1 310
Iverksetjing/kontroll (Agroscope)	55 346	54 807	55 366
Støtte til Agroscope	8 739	8 654	8 742
Støtte til bearbeidde jordbruksvarer	70 000	70 000	95 600
Tilskot til familiar i jordbruket	77 475	71 521	66 300
Utgifter utanom jordbruket	142 342	146 836	150 022
Forskning og utvikling i jordbruket	81 967	81 881	85 440
Dyrehelse	55 971	57 596	57 140
FAO	7 550	7 359	7 442

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

I fylgje Noregs Bank (2018) var gjennomsnittleg valutakurs for åra 2013, 2014 og 2015 som fylgjer: 2013: 1 CHF = 6,34 NOK; 2014: 1 CHF = 6,87 NOK; 2015: 1 CHF = 8,38 NOK.

Nedanfor fylgjer omtale av ordningane for produksjon og avsetning, for dei direkte støtteutbetalingane og for tiltak for betring av ressursgrunnlaget og sosiale tiltak som vart fastsette innan rammene av AP 2014-2017.

### 3.5.1 Produksjon og avsetning

Dei landbrukspolitiske tiltaka innan dette området skal gje rammevilkår som gjer det mogleg for det sveitsiske jordbruket, gjennom berekraftig produksjon av høg kvalitet, å ta ut høgast mogleg verdiskaping frå dei innanlandske og internasjonale marknadene. Grensevern gjennom til dels høge tollsatsar på importvarer er ein viktig del av desse rammevilkåra. Høgast tollvern er det for kjøt, meieriprodukt og grønnsaker (WTO 2013, s. 77). Den gjeldande osteavtalen med EU inneber likevel at det har vore tollfri handel med ost mellom EU og Sveits sidan juni 2007. Eit viktig tiltak innan mjølkeproduksjonen er tilskot til mjølk brukt i all osteproduksjonen som skal gjera det mogleg for sveitsisk ost å kunna konkurrera med ost produsert i EU både på heimemarknaden og i EU. Vidare vert det gjeve tilskot til osteproduksjon basert på mjølk produsert utan bruk av surfôr. I Sveits vert det produsert betydelege mengder av denne type ostar, til dømes Le Gruyère og Appenzeller (Schweizer Bauernverband 2018b).

Dessutan vert det gjeve støtte for (delvis) å dekkja kostnader i slakteri for produksjon av biprodukt av husdyrslakt («Entsorgungsbeiträge»). Tilskotet er på 25 CHF per slakt av storfe, svin, sau, geit og hest (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 178). For fjørfeslakteri er tilskotet på 12 CHF per tonn levande vekt av fjørfe. Innan husdyrhaldet vert det også gjeve støtte til kjøt av høg kvalitet samt tilskot til visse avsetningstiltak for kjøt, egg og honning.

Støtte til dyreavlsorganisasjonar kjem i tillegg. Mellom anna omfattar det støtte til tiltak for å verna om trua sveitsiske husdyrrasar. Vidare vert det gjeve støtte til innanlandsk bruk av saueull, ikkje minst til innovative prosjekt for bruk av ull.

Innan hagebruket vert det gjeve tilskot til produksjon av einskildvekstar av raps, solsikke, oljefrø, åkerbønner, sukkerroer, settepoteter og såfrø av mais og grønfôrvekstar. Med AP 2014-2017 har desse tilskota til einskildvekstar erstatta dei tidlegare åkerbrukstilskota for å sikra sikker forsyning av desse kulturane som det elles ikkje ville ha vorte produsert nok av. Tilskotssatsane går fram av tabell 3.2.

I alt vart det i 2015 utbetalt 55 mill. CHF (461,1 mill. kroner) til enkeltkulturar der tilskot til sukkerroer og raps var dei to største utgiftspostande (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 182). Tilskotet vert av praktiske grunnar (same prosess) utbetalt saman med dei direkte støtteutbetalingsordningane («Direktzahlungen»).

Tabell 3.2 Tilskot til produksjon av einskildkulturar

Einskildkultur	CHF per hektar og år
Raps, solsikke, oljefrø	700
Settepoteter og såfrø av mais	700
Såfrø av grønførvekstar og belgvekstar til fôrproduksjon	1000
Soya, åkerbønner, erter og lupinar til fôrproduksjon	1000
Sukkerroer til sukkerproduksjon	1800

Kjelde: Agridea (2017)

Den sveitsiske staten kan gje støtte til ulike avsetningstiltak i form av informasjons- og marknadsføringstiltak samt eksportinitiativ frå bransjeorganisasjonar med inntil 50 prosent av kostnadene. Dette omfattar mellom anna korn, poteter, grønnsaker, frukt, egg, vin, kjøt, mjølk og smør samt ost (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 185). Avsetningstiltak for ost med 21,4 mill. CHF (179,4 mill. kroner) utgjer over ein tredjedel av dei samla utgiftene til avsetnings- og kvalitetstiltak på 61 mill. CHF (511,4 mill. kroner). Sidan 1. januar 2014 vert det også gjeve støtte til innovative program og tiltak for å fremja kvalitet og berekraft i landbruks- og matvaresektoren med inntil 50 prosent av kostnadene. Eit viktig mål er å bidra til betre samarbeid i verdikjedene for matvarer.

Mange produsentar utnyttar det at eit produkt er produsert i Sveits for å styrkja si konkurransevne både på heimemarknaden og på eksportmarknader. Det føderale parlamentet vedtok i 2015 eit nytt lovverk om «Swissness» som tok til å gjelda 1. januar 2017 (Swiss Federal Institute of Intellectual Property 2018): «*The new 'Swissness' criteria strengthen the protection of the 'Made in Switzerland' designation and the Swiss Cross domestically and with a view to law enforcement abroad. This preserves their value in the long term and provides a foundation for an effective fight against wrongful use.*» I Sveits er det godkjent 34 beskytta merkeordningar; 21 for beskytta opprinnelsesmerking og 13 for beskytta geografiske område (Bundesamt für Landwirtschaft 2016).

Sveits har eit omfattande kontrollsystem for å sikra trygg mat for forbrukarane, men dette vert ikkje omtalt meir i denne rapporten.

Sveits har ei ordning for råvareprisutjamning for eksport og import av bearbeidde jordbruksprodukt («Schoggigezetz»). Dette er den einaste forma for eksportstøtte til jordbruksprodukt som eksisterer i Sveits i dag; dvs. som er notifisert til WTO. Mesteparten vert brukt til nedskriving av pris på mjølkeråstoff til bearbeidde meierivarer (som t.d. sjokolade) samt av korn til bruk i bakarvarer for eksport. I 2015 var det ei ramme på 95,6 mill. CHF (801,5 mill. kroner) for slik råvareprisutjamning (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 193).

### 3.5.2 Direkte støtteutbetalingar


I AP 2014-2017 vart det tidlegare direkte støtteutbetalingssystemet lagt om til eit nytt system der det for kvart mål vart formulert spesifikke og målretta verkemiddel. Det vart sett opp sju hovudtypar av tilskotsordningar (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 194):

- Kulturlandskapstilskot («Kulturlandschaftsbeiträge»)
- Matforsyningstilskot («Versorgungssicherheitsbeiträge»)
- Biodiversitetstilskot («Biodiversitätsbeiträge»)
- Landskapskvalitetstilskot («Landschaftsqualitätsbeitrag»)
- Produksjonssystemtilskot («Produktionssystembeiträge»)
- Ressurseeffektivitetstilskot («Ressourceneffizienzbeiträge»)
- Overgangsstøtte («Übergangsbeiträge»)

Ei viktig endring med AP 2014-2017 er at ordninga med tilskot til grovføretande husdyr og ordninga med tilskot til dyrehald under vanskelege produksjonsvilkår vart fjerna og erstatta med arealbaserte ordningar for å fremja produksjon og tilfredsstillande matvaresikkerheit (Meier 2017, s. 492).

Dessutan vart det generelle arealtilskotet fjerna, og ein del av desse midla vart overført til eit tilskot for å halda landskapet ope (Meier 2013, s. 494). Det vart lagt opp til ei viss vridning frå støtte til kjøt- og mjølkeproduksjon til støtte til åkervekstar (WTO 2013, s. 81). Nytt er også innføringa av ei ordning med midlertidig overgangsstøtte for å sikra ei sosialt berekraftig utvikling. AP 2014-2017 medførte i tillegg at ein del lover og forskrifter i jordbruket vart endra.

Dei målretta kryssvilkåra som vart innførte i 1999 om at ein tilskotsmottakar (bonde/jordbruksbedrift) må oppfylle grunnleggjande krav til økologisk, miljømessig og dyrevenleg drift for å ha rett på tilskot, vart vidareført med AP 2014-2017 («Ökologischer Leistungsnachweis») (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Dessutan er det eit krav om minsteomfang av drifta. Denne var på 0,25 standardiserte arbeidskrafteiningar (SAK) per år fram til og med 2015, men frå og med 2016 vart den redusert til 0,20 standard arbeidskrafteining. Ei standard arbeidskrafteining er frå 2016 definert til 2600 arbeidstimar (ned frå 2800 timar). Utrekning av SAK for eit gardsbruk/jordbruksbedrift er basert på omrekningsfaktorar for jordbruksareal i drift per hektar og for ulike husdyrslag per storfeeinig (GVE). Dessutan vert det gjeve tillegg for drift i bratt terreng og for økologisk jordbruk. Minst 50 prosent av nedlagt arbeid på gardsbruket/jordbruksbedrifta må vera gjort med eiga arbeidskraft for å ha rett på tilskot. Dette er mellom annan gjort for å motverka framvekst av store svinebesetningar. Det kan maksimalt verta utbetalt 70 000 CHF (sjå s. 18 for valutakursar 2014-2017) i tilskot per standard arbeidskrafteining (SAK) per bedrift. Eventuelle tilskot for å vedlikehalda, fremja og vidareutvikla landskapskvalitetar og eit mangesidig kulturlandskap (landskapskvalitetstilskot), tilskot til berekraftig utnytting av naturressursane, overgangsordningar for å sikra ei sosialt berekraftig utvikling samt tilskot til seterdrift og fjellbeite inngår ikkje i denne øvre avgrensinga på 70 000 CHF per bedrift. Ifylgje Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 198) var det i 2015 i alt 35 bedrifter som fekk avkorting i samla støtte med bakgrunn i denne avgrensingsregelen.




Figur 3.2. Jordbruksarealet i Sveits er delt i seks soner/regionar og i tillegg kjem fjellbeiteareal

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2018a)

Mange tilskotsordningar er differensierte i regionar etter topografi og vilkår for jordbruksdrift. Sveits opererer med fylgjande støtteregionar (jf. figur 3.2): «Talzone» (flat- og dalbygder; ofte også kalla låglandet eller «Lowland» på engelsk), «Hügelizeone» (bakke-/åssona; kalla «Hills» på engelsk) og «Bergregion I», «Bergregion II», «Bergregion III» og «Bergregion IV» (fjellområde I, fjellområde II, fjellområde III og fjellområde IV). Bakke-/åssona ligg mellom låglandet og fjellområda. Støtteregionar og støttesatsar er nærmare omtalt under kvar enkelt tilskotsordning nedanfor. *Omtalen av tilskotsordningane byggjer på rapporten «Agrarbericht 2016» (Bundesamt für Landwirtschaft 2016), så sant andre kjelder ikkje er nemnde.*

Ansvaret for kontroll av direkte støtteutbetalingar er lagt til kantonane. Dette kan skje gjennom årlege stikkprøvekontrollar, men kvart gardsbruk/jordbruksbedrift skal gjennomgå grundige kontrollar minst kvart fjerde år. For landskapskvalitetstilskot og biodiversitetstilskot på kvalitetsnivå II er kravet sett til ein kontrollfrekvens på kvart åttande år.

Det går fram av tabell 3.1 at samla direkte støtteutbetalingar i 2015 var på 2,8 mrd. CHF (23,5 mrd. kroner). Figur 3.3 viser fordelinga av samla direkte støtteutbetalingar i 2015 på dei sju hovudtilskotstypane som er nemnde ovanfor.




Figur 3.3 Fordeling av støtte på hovudtilskotstypar i Sveits i 2015

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 195-196)

Nesten 40 prosent av samla støtteutbetalingar gjekk i 2015 til matforsyningstilskot, vel 18 prosent til kulturlandskapstilskot, vel 16 prosent til produksjonssystemtilskot og 14 prosent til biodiversitetstilskot. I alt 6,5 prosent gjekk til overgangsstøtte og 4,6 prosent til landskapskvalitetstilskot. Ressurseffektivitetstilskot er ei lita ordning på knapt 0,1 prosent av samla direkte støtteutbetalingar.

#### 3.5.2.1 Kulturlandskapstilskot

Det finst i alt seks ulike kulturlandskapstilskot der eit hovudformål er å halda landskapet i Sveits ope og hindra gjengroing med kratt og skog. Desse vert kort omtalt nedanfor. Figur 3.4 viser deling av kulturlandskapstilskot på dei seks ulike tilskotsordningane i 2015.



Figur 3.4 Fordeling av kulturlandskapstilskot i Sveits i 2015

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 201)

#### *Tilskot for å halda landskapet ope*

Tilskot for å halda landskapet ope («Offenhaltungsbeitrag») utgjorde 27,9 prosent av samla kulturlandskapstilskot i Sveits i 2015 ifylgje figur 3.4.

Tabell 3.3 Tilskot for å halda landskapet ope. Sveitsiske franc (CHF) per hektar og år

Region	CHF per hektar
Flat- og dalbygder («Talzone»)	0
Bakke-/åssona («Hügelzone»)	100
Fjellområde I	230
Fjellområde II	320
Fjellområde III	380
Fjellområde IV	390

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 202)

Tilskotet er som tabell 3.3 viser, regionalt differensiert med sikte på å halda oppe jordbruksdrift i område med vanskelege klimatiske og topografiske vilkår. Det vert ikkje gjeve tilskot til jordbruksareal i dei beste jordbruksområda i låglandet; dvs. i flat- og dalbygder («Talzone»). Eit formål med tilskotet er at jordbruksteigane må nyttast på ein måte som hindrar gjengroing av jordbruksareal med kratt og skog (Meier 2013, s. 494). Dette tilskotet omfatta i 2015 heile 542 000 hektar fordelt på vel 31 000 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

### *Tilskot til drift i bratt terreng*

Med dette tilskotet vert driftsvanskane i bratt terreng i bakke-/åssona («Hügelregion») og i fjellbygder («Bergregion») kompenserte. Jordteigar med hellingsgrad mellom 18 og 35 prosent får eit tilskot på 410 CHF per hektar medan jordteigar med hellingsgrad over 35 prosent får 700 CHF per hektar. Figur 3.4 viser at i 2015 utgjorde tilskot til drift i bratt terreng 21,4 prosent av samla kulturlandskapstilskot.

Frå og med 2017 omfatta dette tilskotet bratt terreng i heile landet (dvs. også i flat- og dalbygder («Talregion»)), og det vart innført ein tredje og høgare støttesats med 1000 CHF per hektar for jordteigar med hellingsgrad over 50 prosent (Agridea 2017).

Eit gardsbruk (ei jordbruksbedrift) må ha minst 5 dekar til saman av slike bratte jordteigar for å få utbetalt dette tilskotet, og kvar jordteig må vera på minst 0,1 dekar for å verta rekna med (Agridea 2017). Om lag 210 000 hektar fekk slikt tilskot i 2015 fordelt på vel 27 000 gardsbruk/-jordbruksbedrifter.

### *Tilskot til slåttemark i bratt terreng*

Tilskot til slåttemark i bratt terreng («Steillagenbeitrag») går til gardsbruk/jordbruksbedrifter med slåttemark der over 30 prosent av all mark har hellingsgrad på over 35 prosent. Støtta aukar med aukande del av jordbruksmarka som har hellingsgrad over 35 prosent, frå 100 CHF per hektar ved 30 prosent opp til 1000 CHF per hektar der 100 prosent (all jordbruksmark) har hellingsgrad over 35 prosent. Vel 38 000 hektar fekk slikt tilskot i 2015 fordelt på 5489 gardsbruk/jordbruksbedrifter. Mesteparten av dette arealet låg i fjellområda. Figur 3.4 viser at tilskot til slåttemark i bratt terreng berre utgjorde 2,7 prosent av samla kulturlandskapstilskot i 2015.

### *Tilskot til vinranker i bratt terreng*

Formålet med tilskotet er å ta vare på vinranker i bratt terreng. Dette tilskotet vert berre gjeve til vinranker på jordteigar med hellingsgrad over 30 prosent, med ein sats på 1500 CHF per hektar med hellingsgrad mellom 30 og 50 og ein sats på 3000 CHF per hektar der hellingsgraden er over 50 prosent. Terasseanlegg for vinranker med hellingsgrad over 30 prosent får 5000 CHF per hektar. I 2015 fekk knapt 5500 hektar slikt tilskot i Sveits, og dette var fordelt på 2375 gardsbruk/-jordbruksbedrifter. Tilskotet omfattar om lag 30 prosent av alle vinmarker i Sveits. Ifylgje figur 3.4 står tilskot til vinranker i bratt terreng berre for 2,4 prosent av samla kulturlandskapstilskot i 2015.

### *Tilskot til å ha dyr på beite («Alpungsbeitrag»)*

Dette tilskotet går til gardsbruk/jordbruksbedrifter (heilårsbedrifter) som sender husdyra sine på sommarbeite i utmarks- og fjellbeiteområde (utanom sjølve jordbruksarealet/innmarka). Det vert utbetalt med 370 CHF per husdyreining («Normalstoss (NST)») som beiter. Ein NST står for ei beitande storfeining («Grossvieheinheit<sup>4</sup> - GVE») i minst 100 dagar. Tilskotet vart innført i 2014 som eit ekstra supplement til tilskotet til seterdrift og bruk av beite (sjå nedanfor), for på den måten ytterlegare bidra til aktiv seterdrift og fjellbeiting. I 2015 vart det gjeve slikt tilskot til i alt 291 000 husdyreiningar («Normalstoss (NST)» som beiter). Det var langt fleire beitedyr som kom frå fjellområda (174 000 NST) enn elles i landet (65 000 NST frå bakke-/åssona og 51 500 NST frå flat- og dalbygder). Ifylgje figur 3.3 utgjorde tilskot til å ha dyr på beite så mykje som 21,4 av samla kulturlandskapstilskot i 2015.

---

<sup>4</sup> Ulike husdyrslag vert rekna om til storfeiningar etter gjevne satsar.



### *Tilskot til seterdrift og beiting («Sömmerungsbeitrag»)*

Det sveitsiske alpelandskapet vert sterkt prega av utnyttinga av beitande husdyr. Oppretthalding av dette spesielle kulturlandskapet har vore ein viktig del av sveitsisk landbrukspolitikk, då det også vert sett på som ein del av sveitsisk identitet. I Sveits er aktiv seterdrift med mjølkekyr, mjølkegeiter eller mjølkesauer og bruk av utmarks- og fjellbeite enno svært vanleg, og tilskot til seterdrift og beiting («Sömmerungsbeitrag») har vore eit sentralt økonomisk verkemiddel. Med AP 2014-2017 har vektlegginga av å halda dette landskapet ope gjennom beiting vorte endå større. Beitearealet må vera klart skilt frå det ordinære jordbruksarealet eller innmarka for å gje rett til tilskot. Ifylgje figur 3.3 utgjorde tilskot til seterdrift og bruk av beite så mykje som 24,3 prosent av samla kulturlandskapstilskot i 2015.

Tilskotet til seterdrift og bruk av beite vert gjeve til den som driv ei seter som eiga bedrift («Sömmerungsbetrieb»). Den som driv ei seter, har ofte ikkje berre egne grovføretande husdyr, men tek også hand om husdyr for andre. Ja, drivaren har kanskje ikkje egne husdyr i det heile. Ei seter kan også verta driven av fleire bønder i lag.


Dette tilskotet går til den som driv ei seter med mjølkekyr, mjølkesauer eller mjølkegeiter i 56 – 100 dagar med 400 CHF per storfeining («Grossvieheinheit - GVE»). Det vert vidare gjeve tilskot til sauer (med unntak for mjølkesauer) som går på beite, med 400 CHF per husdyreining («Normalstoss (NST)» som beiter) der det er fast beitetilsyn eller rotasjonsbeiting mellom ulike beiteområde med vernetiltak for beiteflokken, med 320 CHF per husdyreining (NST) der det er rotasjonsbeiting og med 120 CHF per husdyreining (NST) for anna beitebruk.

#### 3.5.2.2 Matforsyningstilskot

Formålet med tilskotet er å sikra tilfredsstillande forsyning av næringsmiddel til befolkninga i Sveits både på kort og lang sikt. Tilskotet skal bidra til oppretthalding av produksjonskapasiteten i tilfelle framtidige forsyningsvanskar som fylgje av kriser av politisk eller miljø- og klimamessig art. Oppretthalding av nødvendig produksjonskapasitet (jord, kunnskap og kapital) skal sikrast gjennom ein løpande (mat)produksjon på dagens nivå.

Det er tre ulike typar av slike tilskot for å sikra tilfredsstillande forsyning av næringsmiddel for befolkninga; nemleg basistilskot, driftsvansketilskot og tilskot for open åkermark og fleirårige hagebruksvekstar.

Basistilskotet utgjer ifylgje figur 3.5 heile 75 prosent av samla utbetalt matforsyningstilskot. Resten er delt med 15 prosent på driftsvansketilskotet og 10 prosent på open åkermark og fleirårige hagebruksvekstar.



Figur 3.5 Fordeling av matforsyningstilskot i Sveits i 2015

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 208)

### Basistilskot

Basistilskotet skal bidra til at produksjonskapasiteten i flat- og dalbygder (i låglandet) vert utnytta med optimal driftsintensitet og vert gjeve med same sats i alle regionar. Det vert ikkje differensiert mellom grasmark og åkermark, men jordbruksmark som vert ekstensivt drive med lågare produktivitet (dvs. drivne som biodiversitetsteigar), får berre halvparten så mykje i støtte (450 CHF per hektar mot 900 CHF per hektar for all anna jordbruksmark). Det er for grasmark, med unntak for kunsteng («Kunstwiesen»), visse krav til minste dyrebestand per hektar for å ha rett på basistilskot. Kravet er på minst 1 RGVE<sup>5</sup> per hektar i flat- og dalbygder (dvs. «Talzone»), minst 0,8 RGVE per hektar i bakke-/åssona («Hügelzone»), minst 0,7 RGVE per hektar i fjellområde I, minst 0,6 RGVE per hektar i fjellområde II, minst 0,5 RGVE i fjellområde III og på minst 0,4 RGVE per hektar i fjellområde IV (Agridea 2017). Minste dyrebestand per hektar for ekstensivt drivne grasareal er 30 prosent av minstebestandane ovanfor.

For samla jordbruksareal per gardsbruk/jordbruksbedrift med rett på basistilskot som overstig 60 hektar, skjer det ei avkorting av tildelt basistilskot. For gardsbruk/jordbruksbedrift med meir enn 60 hektar samla jordbruksareal skjer der ei avkorting av tildelt basistilskot. Dette går fram av tabell 3.4.

<sup>5</sup> 1 RGVE står for 1 grovfôretande storfeeining (GVE).

Tabell 3.4 Avkorting av basistilskot for gardsbruk/jordbruksbedrifter over 60 hektar

Jordbruksareal i alt per gardsbruk/jordbruksbedrift	Avkorting
Inntil 60 hektar	0 prosent
60-80 hektar	20 prosent
80-100 hektar	40 prosent
100-120 hektar	60 prosent
120-140 hektar	80 prosent
Over 140 hektar	100 prosent

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

For jordbruksbedrifter drivne av fleire medlemmar i lag (samdrift), vert grensene for avkorting auka etter tal medlemmar (dvs. 120 hektar for samdrift med to deltakarar) (Agridea 2017). Samla var det 928 gardsbruk/jordbruksbedrifter som fekk kutt i basistilskotet i 2015 (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 209). Det samla kuttet utgjorde 3,8 mill. CHF. I 2015 var det 21 jordbruksbedrifter som var over 140 hektar, og som dermed ikkje fekk utbetalt basistilskot i det heile. Dette siste utgjorde åleine 1 million CHF i kutt i basistilskot.

Basistilskot vart i 2015 utbetalt for i alt 1 mill. hektar, og av dette 142 000 hektar som ekstensivt drivne grasareal («BFF-Grünland»), til i alt 46 500 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

#### *Driftsvansketilskot*

Sidan berre halvparten av jordbruksmarka ligg i flat- og dalbygder (i låglandet), må også jordbruksmark i resten av landet, der driftsvilkåra er vanskelegare, utnyttast for å sikra tilfredsstillande forsyning av næringsmiddel til befolkninga. Driftsvansketilskotet vert berre gjeve til grasmark etter same vilkår om minste dyrebestand (RGVE) per hektar som for basistilskotet (Agridea 2017). Flat- og dalbygder (låglandet) får ikkje driftsvansketilskot, mens støtta i resten av landet er differensiert etter vilkåra for å driva jordbruk. Driftsvansketilskotet er på 240 CHF per hektar i bakke-/åssona («Hügelzone»), 300 CHF per hektar i fjellområde I, 320 CHF i fjellområde II, 340 CHF per hektar i fjellområde III og 360 CHF per hektar i fjellområde IV (Agridea 2017). Driftsvansketilskotet vart i 2015 utbetalt til i alt 535 000 hektar fordelt på 31 000 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

#### *Tilskot for open åkermark og fleirårige hagebruksvekstar*

For å sikra oppretthalding av åkerbruk og andre fleirårige hagebruksproduksjonar (som frukt og vin) med høgare kaloriproduksjon enn på grasmark, vert det gjeve tilskot til jordteigar med slike produksjonar. Tilskotet er likt i heile landet og er på 400 CHF per hektar.

Dette tilskotet vart i 2015 gjeve til i alt 281 000 hektar fordelt på 28 000 gardsbruk/-jordbruksbedrifter. Størsteparten av tilskotet gjekk til flat- og dalbygder (låglandet) og bakke-/åssona («Hügelzone») med høvesvis 234 500 hektar og 42 000 hektar.

### 3.5.2.3 Landskapskvalitetstilskot

Dette er eit nytt tilskot med AP 2014-2017 som vart gjort gjeldande frå 1. januar 2014 (Meier 2013; Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Formålet er å vedlikehalda, fremja og vidareutvikla landskapskvalitetar og eit mangesidig kulturlandskap som ikkje var/er dekkja av andre støtteordningar. Det kan vera landskapsmessige kulturverdiar som oppretthalding av skogsbeite, stell av kastanjealleiar, karakteristiske steinmurar, einsamståande frukttre i intensivt drive grasmark eller for fjelljordbruk. Tilskot kan også gjevast til prosjekt i utmarks- og fjellbeiteområde. Med dette tilskotet skal eit mangsidig sveitsisk landskap fremjast, mellom anna på grunn av den store betydninga dette vert tillagt å ha for turismen. Tilskotet vert gjeve til konkrete enkeltprosjekt som vert godkjent av staten Sveits (av føderasjonen). Prosjektet kan i mange tilfelle omfatta mange bønder og bedrifter, og offentlege institusjonar, kommunar og kantonar kan også delta i prosjekt. Den enkelte kanton skal finansiera minst 10 prosent av tilskotet til eit prosjekt, og har ansvaret for å inngå åtteårige avtalar med involverte bedrifter. Tilskotet kan vera på maksimalt 360 CHF per hektar jordbruksmark eller 240 CHF per husdyreining (NST) per jordbruksbedrift. I 2014 var det i alt 71 slike landskapsprosjekt over heile Sveits, medan det i 2015 hadde auka til 111 landskapsprosjekt. Det vart i 2016 sett i gang 23 nye landskapsprosjekt.

### 3.5.2.4 Biodiversitetstilskot

Føremålet med biodiversitetstilskot er å vedlikehalda og fremja biodiversitet og artsmangfald. I Sveits har dei i fleire tiår vore opptekne av å ha eit miljøvenleg jordbruk som tek vare på biodiversitet og artsmangfald. Dette vert også sett på som viktig for fleire økosystemtenester. Av denne grunn har landbrukspolitikken heilt sidan tidleg på 1990-talet hatt fleire tilskotsordningar for å fremja biodiversitet og artsmangfald, som tidlegare omtalt i dette kapittelet. Med AP 2014-2017 vart tilskotsordningane for fremjing av biodiversitet og artsmangfald delvis endra for å gjera dei meir målretta. Biodiversitetstilskot vert utbetalt som kvalitetstilskot for anlegging og stell av det som vert definert som «markstykkje som fremjar biodiversitet» («Biodiversitätsförderflächen - BFF») i jordbrukslandskapet, og som tilskot for å støtta samarbeid med andre for å danna samanhengande område som er sett på som viktige og verdifulle for å fremja livsrom for mange dyr og plantar i naturen («Vernetzungsbeiträge»). Biodiversitetstilskot er inndelt i mange delordningar, jf. tabell 3.6. Frå og med 2014 kunne det også gjevast tilskot til BFF i fjellbeiteområde. Ein del av dei mål som var sett for fremjing av biodiversitet i AP 2014-2017, vart allereie nådd i 2015.

Kvalitetstilskotet for drifta av BFF (biodiversitetsområda) vert utbetalt for to kvalitetsnivå. Det som vert kalla kvalitetsnivå I samsvarar med dei krav for nivå som gjaldt fram til 2014, mens kvalitetsnivå II samsvarar med krav til nivå for den tidlegare forskrifta om kvalitet for økologisk jordbruk. Nytt frå 2015 er at det er innført ei tilskotsordning for blomsterstriper for pollinatorar og andre nyttedyr («Blühstreife für Bestäuber und andere Nutzlinge»). Biodiversitetstilskot på kvalitetsnivå I og kvalitetsnivå II vert betalt av staten fullt ut. Det er ingen medfinansiering frå kantonar eller kommunar. Når det gjeld tilskot for å støtta tiltak/prosjekt for samarbeid mellom naboar for å danna samanhengande område som er sett på som viktige og verdifulle for å fremja livsrom for mange dyr og plantar i naturen («Vernetzungsbeiträge»), må kantonar og ev. kommunar stå for minst 10 prosent av finansieringa. Tabell 3.5 viser tilskotssatsane per hektar og år for dei ulike biodiversitetstilskota. Tilskotssatsane for «Vernetzungsbeiträge» kan avvika frå normalen sidan kantonane fastset satsane.

Vilkåra som må innfriast for å kunna ta imot støtte på kvalitetsnivå I for enkeltordningar er omfattande og til dels svært detaljerte. Dette vil ein ikkje gå nærmare inn på i denne rapporten, då ein her er meir ute etter å visa dei «litt større linjer» i sveitsisk landbrukspolitikk og ikkje fordjupa seg i regelverk og detaljar. For kvalitetsnivå II er det ein del ekstra vilkår som må oppfyllest i tillegg til dei som gjeld for kvalitetsnivå I. Eit tilleggskrav er at biodiversitetsmarkstykkja (BFF) må ha høg botanisk kvalitet eller kan oppvisa svært eigna strukturar for biodiversitet.

I 2015 var fordelinga av biodiversitetstilskota på i alt 387,2 mill. CHF (vel 3,2 mrd. kroner) mellom kvalitetsnivå I, kvalitetsnivå II og «Vernetzungsbeiträge» (sjå ovanfor), høvesvis på 48, 29 og 23 prosent. I omfang var det i 2015 ekstensiv bruk av grasmark og ekstensiv bruk av utmarks- og fjellbeite (inkl. skogsbeite) med høvesvis 60 500 hektar og 30 100 hektar.

**Tabell 3.5 Biodiversitetstilskot. Tilskot kvalitetsnivå I og II og «Vernetzungsbeiträge» (sjå ovanfor). Sveitsiske franc (CHF) per hektar og år. Regionvis eller for heile landet.**

	Kvalitetsnivå I	Kvalitetsnivå II	«Vernetzungsbeiträge»
<b>1. Ekstensiv bruk av grasmark</b>			
Flat- og dalbygder	1350	1650	1000
Bakke-/åssona	1080	1620	1000
Fjellområde I og II	630	1570	1000
Fjellområde III og IV	495	1055	1000
<b>2. Våtmarksområde/-jordstykke («Streueflächen»)</b>			
Flat- og dalbygder	1800	1700	1000
Bakke-/åssona	1530	1670	1000
Fjellområde I og II	1080	1620	1000
Fjellområde III og IV	855	1595	1000
<b>3. Mindre intensiv bruk av grasmark</b>			
Flat- og dalbygder, bakke-/åssona, fjellområde I og II	450	1200	1000
Fjellområde III og IV	450	1000	1000
<b>4. Ekstensiv bruk av utmarks- og fjellbeite (inkl. skogsbeite)</b>	450	700	500
<b>5. Hekkar og flekkar med buskar/tre</b>	300	2000	2000
<b>6. Brakklegging; Flat- og dalbygder, bakke-/åssona</b>	3800	0	1000
<b>7. Rotasjonsbrakklegging (vekstskifteplan); Alle område utanom fjellområda</b>	3300	0	1000
<b>8. Kantstriper</b>	2300	0	1000
<b>9. Åkerstriper; Flat- og dalbygder, bakke-/åssona, fjellområde I og II</b>	3300	0	1000
<b>10. Vinmark med naturleg artsmangfald</b>	0	1100	0
<b>11. Grasmark langs bekkar/vassdrag</b>	450	0	1000
<b>12. Artsrike gras- og våtmarks-jordstykke i fjellbeiteområde</b>	0	150	0
<b>13. Regionsspesifikke biodiversitetssområde</b>			1000
<b>14. Blomsterstiar for pollinatorar Dal- og fjellbygder, bakke-/åssona</b>	2500	0	0
<b>15. Høgstammige frukttré på eng</b>	13,50	31,50	5

Kjelde: Agridea (2017)

#### 3.5.2.5 Produksjonssystemtilskot

Dette er tilskot som vert gjeve for å fremja spesielt naturnære og miljø- og dyrevenlege driftsformer. Slike tilskot vert gjeve i fem ulike typar. Med eit samletilskot for heile gardsbruket (jordbruksbedrifta) vert det gjeve støtte til økologisk jordbruk, som vert oppfatta som spesielt naturnært og miljøvenleg. Dessutan vert det gjeve tilskot til produksjonssystem for delar av gardsdrifta i form av tilskot til ekstensiv drift av korn og åkervekstar, til grasbasert mjølke- og kjøtproduksjon og til dyrevenlege fjøssystem og til tilgang til uteareal.

#### *Tilskot til økologisk jordbruk («Beitrag für die biologische Landwirtschaft»)*

Utover den meirpris økologiske produkt kan oppnå i marknaden, vert det gjeve tilskot til økologisk jordbruk fordi det vert oppfatta som spesielt naturnært og miljøvenleg, og som eit berekraftig produksjonssystem. Dette fordi det ikkje vert brukt kjemisk-syntetiske produksjonsmiddel som kunstgjødsel eller pesticid, og som sparar energi og skånar vatn, luft og jord. I tillegg vert biodiversitet og artsmangfald fremja. Tilskotssatsane er på 1600 CHF per hektar for spesialkulturar, 1200 CHF per hektar for andre åkerkulturar og på 200 CHF per hektar for andre vekstar med rett til støtte (Agridea 2017).

Ein tilskotsmottakar må oppfylle dei fastsette vilkåra for økologisk jordbruk for heile gardsbruket (heile jordbruksbedrifta). Det vert gjeve unntak for regelen om at heile gardsbruket må drivast økologisk for å kunna ha rett på støtte, for vinmarker og frukthagar samt for gardsbruk i omleggingsperioden. I 2015 vart 12,5 prosent av samla jordbruksreal i drift i Sveits dyrka økologisk. Samla utbetalt tilskot til økologisk jordbruk kom i 2015 på 42 mill. CHF (352,1 mill. kroner).

#### *Tilskot til ekstensiv produksjon av åkerkulturar*

Dette tilskotet vert gjeve til produksjon av korn, solsikker, erter, åkerbønner og raps utan bruk av sopp- og insektmiddel eller vekstregulatorar. Støttesatsen er på 400 CHF per hektar. I 2015 vart slikt tilskot utbetalt for 83 700 hektar fordelt på 14 300 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

#### *Tilskot til grasbasert mjølke- og kjøtproduksjon*

Med dette tilskotet skal ein bidra til ei stadtilpassa jordbruksdrift som utnyttar potensialet for grasproduksjon i Sveits, og for effektiv utnytting av grovfôr og beite i mjølke- og kjøtproduksjonen.

Det er eit krav om at av årsrasjonen for alle grovfôretande husdyr på gardsbruket så må minst 90 prosent av tørrstoffet koma frå grovfôr, grønfôr, poteter, m.m. Dessutan er det eit krav om at av årsrasjonen så må i låglandet (flat- og dalbygder) minst 75 prosent av tørrstoffet koma frå friskt gras eller surfôr, medan kravet i fjellbygdene er på minst 85 prosent av tørrstoffet. Tilskotet vert gjeve til eng og tilrettelagt beite der kravet om minste dyrebestand er oppfylt. Støttesatsen er på 200 CHF per hektar. I 2015 vart det gjeve tilskot til grasbasert mjølke- og kjøtproduksjon for i alt 544 000 hektar fordelt på 30 000 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

#### *Tilskot til dyrevenleg drift («Tierwohlbeiträge»)*

Dette tilskotet vert gjeve i to former, nemleg som tilskot til spesielt dyrevenlege fjøssystem («besonders tierfreundliche Stallhaltungssysteme (BTS)») og til regelmessig tilgang til uteareal («regelmässiger Auslauf von Nutztieren im Freien (RAUS)'). Sveits har ikkje krav om lausdrift for mjølkekyr, men støttar ombygging til lausdrift.

Tilskota er differensierte etter dyreslag og alder, men ikkje etter geografisk område. RAUS-programmet er obligatorisk for økologisk jordbruk, men er elles frivillig og den enkelte bonde kan velja kva dyrekategori han/ho ynskjer å delta med i det eine eller i begge programma. Alle husdyrbønder i Sveits

pliktar å fylgja lov om dyrebeskyttelse, og får ikkje direkte støtteutbetalingar for å innfri det kravet. BTS-programmet og RAUS-programmet er meint å dekkja ekstra kostnader for dei som ynskjer å ha høgare standardar knytt til dyrevelferd enn det lova krev. Støttesatsane går fram av tabell 3.6 og 3.7.

Tabell 3.6 Tilskot til spesielt dyrevenlege fjøssystem

Dyreslag	Sveitsiske franc (CHF) per GVE
Over 160 dagar gamle storfe, over 30 månader gamle hestar og over 1 år gamle geiter	90
Alle svin utanom purker	155
Avlshonar, avlshøner, verpehøner, unghøner, unghanar, kyllingar for eggproduksjon, slaktekyllingar, kalkunar og kaninar	280

Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 243 ), Agridea (2017)

Det vart i 2015 gjeve tilskot til dyrevenlege fjøssystem på 21 900 gardsbruk/jordbruksbedrifter. Når det gjeld gardsbruk/jordbruksbedrifter med storfe og svin, deltok 51 prosent i ordninga. Derimot er oppslutninga om ordninga mellom fjørfebønder/-bedrifter nede på 25 prosent.

Tabell 3.7 Tilskot til regelmessig tilgang til uteareal

Dyreslag	Sveitsiske franc (CHF) per GVE
Over 160 dagar gamle storfe og vassbøffel, og over 30 månader gamle hestar og over 1 år gamle sauer og geiter, lam på skogsbeite, kaninar	190
Under 160 dagar gamle storfe og vassbøffel	370
Ikkje-diande sauer	370
Andre svin utanom purker	165
Avlshonar, avlshøner, verpehøner, unghøner, unghanar, kyllingar for eggproduksjon, slaktekyllingar, kalkunar	290

Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 242), Agridea (2017)

### 3.5.2.6 Ressurseffektivitetstilskot

For å sikra ein berekraftig og effektiv bruk av naturressursar som innsatsfaktorar i jordbruket vert det gjeve tilskot til bruk av teknikk med positiv effekt på seks års basis. Dette vert gjort i form av tilskot til tiltak som reduserer utslepp av klimagassar frå spreining av husdyrgjødsel, tilskot til skånsam jordbearbeiding og tilskot til presis bruk av plantevernmiddel.

### *Tilskot til emisjonsreducerande spreieing av husdyrgjødsel*

Dette tilskotet vert gjeve til spreieing av husdyrgjødsel i form av gylle på måtar som har emisjonsreducerande verknad (reduisert utslepp av ammoniakk). Tilskotsatsen er på 30 CHF per hektar. I 2015 var det i alt 6200 gardsbruk/jordbruksbedrifter som vart tildelt slikt tilskot.

### *Tilskot til skånsam jordbearbeiding for hovudkulturar*

Dette tilskotet vert gjeve til direktesåing med 250 CHF per hektar, til stripesåing med 200 CHF per hektar og til såing med jorddekking («Mulchsaat») med 150 CHF per hektar (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 246). Eit ekstra tillegg vert gjeve til skånsam jordbearbeiding utan bruk av herbicid med 400 CHF per hektar. Det var i alt 7500 gardsbruk/jordbruksbedrifter som fekk tildelt slikt tilskot i 2015.

### *Tilskot til presis bruk av plantevernmiddel*

Det vert gjeve eit eingongstilskot til innkjøp av utstyr for presis bruk av plantevernmiddel i dyrking av frukt og vindruer. Tilskotet gjeld sprøyteutstyr for presisjonssprøyting og for sprøyteutstyr som reduserer avdrift. Slikt tilskot vart i 2015 berre gjeve til 193 gardsbruk/jordbruksbedrifter.

#### 3.5.2.7 Overgangsstøtte

Denne støtta skulle letta overgangen frå det gamle støttesystemet til det nye (AP 2014-2017) for det enkelte gardsbruk/jordbruksbedrift på ein sosial berekraftig måte. Overgangsstøtta vil verta gjeven fram til og med 2021.

Kantonane rekna i 2014 ut ein basisverdi for kvar jordbruksbedrift. Basisverdien kom fram ved at ein rekna ut differansen mellom dei generelle direkte utbetalingane i det gamle støttesystemet og summen av kulturlandskapstilskota og tilskota for å sikra matforsyninga i det nye støttesystemet. For dei generelle direkte utbetalingane i det gamle støttesystemet vart det valt det året som gav høgast støtte (av åra 2011, 2012 og 2013). For utrekning av støtte under det nye systemet vart det brukt same strukturdata (areal og dyr) som for det utvalde året. Med basis i summen av utrekna basisverdi for alle jordbruksbedrifter og den økonomiske ramma som var stilt til rådvelde for overgangsstøtte, vart det rekna ut ein faktor som basisverdien for den enkelte jordbruksbedrifta vart multiplisert med. Faktoren vart utrekna til 0,4724 for året 2014 og 0,2796 for 2015; altså betydeleg lågare faktorverdi for 2015 enn for 2014. Sjølv utbetalinga av overgangsstøtta er fråkopla frå innsatsfaktorar som tal dekar og tal dyr, og den er ikkje avgrensa av regelverket knytt til maksimal sum av direkte utbetalingar per standard arbeidskrafteining (SAK). Overgangsstøtta vert redusert ved svært høg skattbar inntekt eller høg skattbar formue.

Det var i alt 46 100 gardsbruk/jordbruksbedrifter som fekk overgangsstøtte i 2014 og 44 000 i 2015. Samla overgangsstøtte gjekk ned frå 308 mill. CHF (2,1 mrd. kroner) i 2014 til 178 mill. CHF (1,5 mrd. kroner) i 2015. (Nedgangen i samla overgangsstøtte frå 2014 til 2015 er langt mindre i norske kroner enn i CHF grunna ei langt svakare norsk krone i 2015 enn i 2014; sjå s. 18).

#### 3.5.2.8 Endringar i sum direkte utbetalingar per gardsbruk og regionalt

AP 2014-2017 medførte, som det er gjort detaljert greie for ovanfor, vesentlege endringar i systemet for direkte utbetalingar («Direktzalungen») i Sveits. Eit av føremåla med endringane var ei viss dreieing av støtta frå låglandet («Talzone») til andre område i Sveits, ikkje minst til fjellområda. I perioden 2013 til 2015 har gjennomsnittleg sum utbetalt støtte per gardsbruk/jordbruksbedrift i låglandet og i bakke-/åssona gått svakt ned, medan det har vore ein auke i fjellområda. Auken i sum utbetalingar per gardsbruk/jordbruksbedrift har vore spesielt stor i fjellområde III frå 59 052 CHF i 2013 (374 390 kroner) til 64 152 CHF i 2015 (537 594 kroner) og fjellområde IV frå 64 599 CHF i 2013 (409 558 kroner) til 73 657 CHF i 2015 (617 246 kroner). Utbetalt støtte til seterdrift og beite per bedrift (per



«Sömmerungsbetrieb») har også auka markert frå 25 589 CHF i 2013 (162 234 kroner) til 37 539 CHF i 2015 (237 997 kroner. Dette har vore ein ynskt effekt av AP 2014-2017. (Ver merksam på at ei langt svakare norsk kone i 2015 enn i 2013 i høve til CHF (sjå side 18), gjev større utslag frå 2013 til 2015 i norske kroner enn i CHF.) Ein annan effekt av AP 2014-2017 er at talet på gardsbruk/-jordbruksbedrifter som har fått meir enn 150 000 CHF i direkte utbetalingar per år har auka frå 1029 i 2013 til 1366 i 2015; dvs. ein auke på 33 prosent.

### 3.5.3 Tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak

Det går fram av tabell 3.1 at i 2015 var samla løyving til tiltak for å betra strukturgrunnlaget og til sosiale tiltak på 150 mill. CHF (1257 mill. kroner). *Omtalen nedanfor av tiltak byggjer på rapporten «Agrarbericht 2016» (Bundesamt für Landwirtschaft 2016), så sant andre kjelder ikkje er nemnde.*

Med tiltak for betring av strukturgrunnlaget skal livsvilkåra og vilkåra for å driva jordbruk i landet verta betre, spesielt i fjellområda og randsonene rundt. Det er ikkje berre jordbruk som er i fokus, men også anna infrastruktur i jordbruksområda. Det er difor snakk om det multifunksjonelle jordbruket som gjev profittmoglegheiter og fellesgode ikkje berre til bøndene (jordbruksbedriftene), men også til samfunnet, til naturforeiningar, og andre som er interesserte i jordbruksområda. Tanken er at både jordbruket, den geografiske romplanlegginga, biodiversiteten og heilt enkelt naturen skal ha nytte av strukturtiltak.

Dei seinare åra har det vorte utarbeidd jordbruksplanar for det enkelte gardsbruk (jordbruksbedrift) der mål for utvikling av gardsbruket vert definert, og tiltak og løysingar skissert. Det kan mellom anna vera bygging av nye dyrevenlege fjøs eller tiltak for betring av miljøet.

Investeringshjelp til betring av strukturgrunnlaget vert gjeve som hjelp til sjølvhjelp for enkeltbedrifter og for felles tiltak. To instrument står til rådvelde: 1) Støtte med deltaking av kantonen, fortrinnsvis for felles tiltak mellom mange i lokalmiljøet, og 2) investeringskreditt i form av rentefrie lån som skal tilbakebetalast, fortrinnsvis til tiltak for enkeltbedrifter. Med slik investeringshjelp vert infrastrukturen i jordbruket betra. Det kan vera snakk om både nye bygningar og investeringar i ressursgrunnlaget (jorda). Denne type støtte gjer det mogleg for jordbruksbedriftene å tilpassa seg dei skiftande rammevilkåra.

I 2015 utbetalte staten 94,7 mill. CHF (794 mill. kroner) som støtte til tiltak for å betra strukturgrunnlaget. Heile 63 prosent av denne summen vart utbetalt til dei fire fjellområda samla. I 2015 vart det løyvd 303,3 mill. CHF (2,5 mrd. kroner) for 1822 tilfelle av investeringskreditt. Av dette kredittvolumet gjekk 82,8 prosent til enkeltbedrifter og 17,2 prosent til fellestiltak.

Når det gjeld sosiale tiltak, så vert det i Sveits gjeve hjelp til jordbruksbedrifter som er eller kan få økonomiske problem, i form av rentefrie lån. I 2015 vart det i 134 tilfelle gjeve økonomisk hjelp på til saman 16,9 mill. CHF (141,7 mill. kroner).

Eit anna sosialtiltak er at bønder som ynskjer å slutta med jordbruk, kan få hjelp til omskulering til eit anna yrke. I 2015 var det berre ein enkelt bonde som tok imot slik hjelp til omskulering. Året før var det to som tok imot omskuleringshjelp. Den låge interessa for ordninga kan koma av at den er lite kjent, men også av heller ugunstige utsikter for arbeidsmoglegheiter utanfor jordbruket.

Det er verdt å merka seg at ifylgje tabell 3.1, så vert statlig støtte til dyreavl og genetiske ressursar kostnadsført under tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak. I 2015 vart det gjeve støtte til dyreavl og genetiske ressursar med i alt 37,5 mill. CHF (314,4 mill. kroner). Statleg støtte til rådgjeving i jordbruket er også med her, og i 2015 vart det brukt 11,9 mill. CHF (99,8 mill. kroner) til dette formålet.

### 3.6 AP 2018-2021 og endring av grunnlova paragraf 104a

Sveits legg opp til ei vidareføring av AP 2014-2017 for fire nye år. Det betyr at ingen nye reformer er planlagt som del av «Agrarpolitik 2018-2021» (AP 2018-2021), men ein vil om nødvendig justera politikken for å nå dei mål ein har sett seg å nå i 2021. Dette kan også sjåast på som ei kontinuerleg vidareføring av arbeidet med målretting av tilskotsordningar, forenkling av ordningar og reduksjon av administrative kostnader (Der Schweizerische Bundesrat 2016). Den føderale regjeringa legg elles vekt på å betra det sveitsiske jordbruket si konkurransevne, på berekraftig produksjon og effektiv ressursutnytting.

Frå og med 1. januar 2018 kom det ei justering av satsane for to typar av biodiversitetstilskot. Tilskotssatsane for ekstensiv bruk av grasmark og for våtmarksområde/-jordstykke (jf. side 31) vart justerte litt ned for kvalitetsnivå I i alle regionar, medan satsane vart justerte tilsvarende opp for kvalitetsnivå II i alle regionar (Bundesamt für Landwirtschaft 2018b).

Den føderale regjeringa la i mai 2016 fram eit framlegg til budsjettamme for landbrukspolitikken for åra 2018 til og med 2021 for det sveitsiske parlamentet (Der Schweizerische Bundesrat 2016). Samla ramme for perioden vart føreslått til 13,278 mill. sveitsiske franc (CHF). Dette ville innebera ein nedgang samanlikna med betalingsramma for åra 2014-2017 på 3,7 prosent. På oppdrag frå den føderale regjeringa gjorde forskingsinstitusjonen Agroscope ein analyse av moglege verknader av denne reduksjonen i betalingsramme ved hjelp av jordbruksmodellen SWIZZland. Det vart lagt til grunn uendra tilskotssatsar med unntak for enkelte biodiversitetstilskot der det vart lagt inn ein svak reduksjon. Utrekningane viste at samla inntekt for jordbruket ville gå svakt ned mellom referanseperioden 2011-2013 og 2021 (Möhring et al. 2016). Gjennomsnittleg inntekt per gardsbruk/jordbruksbedrift ville gå svakt opp frå 2011-2013 (referanseperioden) til 2021 sidan talet på gardsbruk/jordbruksbedrifter ville gå noko ned, om enn i eit svakare tempo mellom 2018 og 2021 enn mellom 2011 og 2013. Modellanalysen viser ein svak nedgang i bruken av jordbruksareal mellom 2011-2013 og 2021. Talet på husdyr vil også gå litt ned mellom 2011-2013 og 2021. Nedgangen er størst for mjølkekyr. Auka avdrått per mjølkekyr gjer likevel at analysen viser ein svak auke i samla mjølkeproduksjon mellom 2011-2013 og 2021. Kjøttproduksjonen mellom 2011-2013 og 2021 går svakt ned (storfekjøtt og kalvekjøtt) eller stagnerer (svinekjøtt). Alt i alt viser modellresultata at produksjonsmønsteret i sveitsisk jordbruk vil endra seg lite fram til 2021.

Det føderale parlamentet vedtok 7. mars 2017 ei betalingsramme for landbrukspolitikken for åra 2018-2021 på 13,560 mrd. CHF, dvs. ei litt høgare ramme enn det den føderale regjeringa føreslo. Tabell 3.8 viser betalingsramma for AP 2018-2021 samanlikna med betalingsramma for AP 2014-2017 for dei tre gruppene tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak, tiltak for produksjon og avsetning og direkte støtteutbetalingar. Samla betalingsramme for perioden 2018-2021 ligg 270 mrd. CHF lågare enn for perioden 2014-2017. Nedgangen skuldast ikkje minst at betalingsramma for tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak for perioden 2018-2021 er redusert med knapt 30 prosent, som del av stabiliseringsprogrammet 2017-2019. I praksis vil dette innebera at den årlege ramma i perioden vil liggja på knappe 2,75 mrd. CHF.

Tabell 3.8 Betalingsrammer for Agrarpolitik 2014-2017 og for Agrarpolitik 2018-2021

Betalingsramme	Agrarpolitik 2014-2017	Agrarpolitik 2018-2021	Differanse
	Mill. CHF	Mill. CHF	Mill. CHF
Tiltak for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak	798	563	-235
Tiltak for produksjon og avsetning	1776	1747	-29
Direkte støtteutbetalingar	11 256	11 250	-6
<b>Sum</b>	<b>13 830</b>	<b>13 560</b>	<b>-270</b>

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2018c)

Gjennomsnittskurs for august 2018: 1 CHF = 8,43 norske kroner (Noregs Bank 2018)

Den 24. september 2017 gjennomførte Sveits ei folkerøysting om matvaresikkerheit basert på eit framlegg til endring av artikkel 104a i den sveitsiske grunnlova frå føderale styresmakter, og som var eit direkte motframlegg til det folkelege initiativet for folkerøysting om matvaresikkerheit (initiert av det føderale sveitsiske bondelaget). Dette folkelege initiativet vart trekt tilbake etter at eit fleirtal i det sveitsiske parlamentet røysta i favør av motframlegget (Swiss Government 2017b). Resultatet av folkerøystinga var at eit stort fleirtal på 77,8 prosent stemde ja til det framlegget. Ifylgje Swiss Broadcasting Corporation (2017) inneber resultatet av folkerøystinga at den relativt vage artikkel 104a i den sveitsiske grunnlova som lovar innbyggjarane «the reliable provision of the population with foodstuffs», vil verta litt mindre vag: «*It will incorporate five elements deemed key to helping Switzerland feed its population in the face of political and climatic uncertainty: Prevent erosion of domestic agricultural production base, make food production more adaptable and efficient, reduce dependence on subsidies, maintain cross-border trade, and reduce waste. The amendment will better define the kind of agriculture the Swiss people would like to see more of: local and sustainable. However, no new laws on food security will be passed and the federal government as well as cantons are not obliged to take any new action as such.*» Det er interessant å merka seg at tillegget til artikkel 104a eksplisitt vil uttrykkja at det å oppretthalda handel med andre land vil vera ein del av det å sikra matvaresikkerheit i Sveits i lys av politisk og klimamessig uvisse. I tillegg skal jordbruket ta vare på det innanlandske produksjonsgrunnlaget, verta meir tilpassingsdyktig og effektiv, mindre avhengig av støtte og redusera matsvinn. Dette tillegget til artikkel 104a kan kanskje visa seg å ha ein viss innverknad på den faktiske utforminga av landbrukspolitikken i Sveits dei komande åra.

## 4 Lovverk som regulerer jordbruk i Sveits

Utover lover og forskrifter knytt direkte til utforminga av landbrukspolitikken med importvern og tilskotsordningar, så har Sveits ei rekkje lover og forskrifter som direkte eller indirekte har innverknad på jordbruksdrift og bønder. Dette gjeld mellom annan lover og forskrifter om vern av vassdrag og andre naturmiljø frå forureining frå landbruket og for å sikra god dyrehelse og dyrevelferd.

Det er nedanfor gjort greie for lovverk som regulerer driftsomfang i husdyrhaldet, omsetnad av jordbrukseigedommar og jordleige i Sveits.

### 4.1 Høgste dyrebestandar innan kjøt- og eggproduksjon

I Sveits har det i lang tid vore fastsett grenser for kor mange dyr eit gardbruk eller ei jordbruksbedrift med svin, fjørfe, verpehøner eller gjøkalvar kan ha. Desse grensene vart sist fastsette i ei forskrift frå 2013 (Der Schweizerische Bundesrat 2013). Den som driv med denne type produksjonar må søkja om konsesjon. Ein løyvd konsesjon gjeld for 15 år.

Høgste dyrebestand per gardsbruk eller jordbruksbedrift for svinehald er som fylgjer (Der Schweizerische Bundesrat 2013);

1. 250 avlspurker over 6 månader gamle; diande og ikkje-diane
2. 500 avlspurker over 6 månader gamle (ikkje-diane) eller avlssvin over 35 kilo og under 6 månader gamle (begge kjønn) på ei deltakarbedrift i ein purkering
3. 1500 avlssvin over 35 kilo og under 6 månader gamle, begge kjønn
4. 1500 smågrisar under 35 kilo, begge kjønn
5. 2000 smågrisar under 35 kilo (begge kjønn) på spesialiserte bedrifter for produksjon (oppal) av smågrisar utan andre typar svin.
6. 1500 slaktegrisar over 35 kilo, begge kjønn

Høgste dyrebestand per gardsbruk eller jordbruksbedrift for fjørfe er som fylgjer (Der Schweizerische Bundesrat 2013);

1. 27 000 kyllingar for oppføring fram til og med 28. oppføringsdag
2. 24 000 kyllingar for oppføring frå 29. til og med 35. oppføringsdag
3. 21 000 kyllingar for oppføring frå 36. til og med 42. oppføringsdag
4. 18 000 kyllingar for oppføring utover 43. oppføringsdag
5. 18 000 verpehøner over 18 veker gamle
6. 9000 kalkunar for oppføring fram til og med 42. oppføringsdag
7. 4500 kalkunar for oppføring utover 42. oppføringsdag

I oppføring av slaktekyllingar eller kalkunar vert dagen for innsett og dagen for uttak rekna med som oppføringsdagar.

Når det gjeld storfe, er det maksimalt tillate med 300 gjøkalvar som er fôra opp med heilmjolk eller mjølkeerstatning.

Ei overskriding av dei fastsette høgste dyrebestandane vil verta straffa med spesifiserte avgifter som skal gjera det ulønsamt å ha for mange dyr (dyr utover grensene) (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Det vert årleg utført nødvendige kontrollar og sett i verk tilhøyrande sanksjonar for eventuell overskriding av grensene.

Det føderale landbrukskontoret («Das Bundesamt für Landwirtschaft») kan etter søknad gje konsesjon for ein høgare dyrebestand i enkelte spesifiserte tilfelle dersom søkjaren oppfyller fleire spesifikke vilkår.

## 4.2 Kjøp og sal av jordbrukseigedomar eller jordstykke

Som fylgje av lover og bestemmelsar kan ikkje eigarar av jordbrukseigedomar i Sveits fritt bestemma over sine eigedomar. Kjøp og sal av jordbrukseigedomar (inkl. bygningar) eller jordstykke er regulert gjennom ei føderal lov om bønders jordrettigheter frå 1991 som trådte i kraft 1. januar 1994 (Die Bundesversammlung der Schweizerischen Eidgenossenschaft 1991). Lova har gjennomgått mindre endringar seinare. Også pantsetjing av jordeigedomar er strengt regulert i denne lova.

Eit av hovudformålet med denne lova om jordrettigheter er å sikra eit jordbruk basert på familiebruk med sjølvstendige brukarar (Raiffeisen 1994). Det går elles fram av lovteksten at dette skal gje grunnlag for eit konkurransedyktig og berekraftig jordbruk. Eit anna formål er å betra strukturen i jordbruket. Vidare skal lova hindra overprising av jordbruksjord. Lova gjeld også for skoggrunn som høyrer til ein jordbrukseigedom. Denne lova gjeld ikkje for små vindrueareal (under 1,5 dekar) eller anna mark under 2,5 dekar, dersom dei ikkje høyrer til ein jordbrukseigedom (med jordbruksdrift).

Overdraging av jordbruksmark som resulterer i svært store gardsbruk, kan verta stoppa av styresmaktene (OECD 1998, s. 13). Motsett kan oppsplitting av eigedomar også verta stoppa, dersom det resulterer i svært små og lite hensiktsmessige driftseiningar. I Sveits skjer rundt 85 prosent av overdragingane av landbruksjord innanfor familien (Prestegard og Bøe 1998).

Lovverket regulerer arveskifte av ein jordbrukseigedom/eit gardsbruk gjennom fleire, detaljerte bestemmelsar. Ein overtakar må oppfylle fleire vilkår, mellom anna krav om sjølvstendig drift av bruket, for å få tilvist eigedomen (bruket). Gjennom ulike bestemmelsar i lovverket er rettighetene til medarvingane sikra. Dersom overtakaren av gardsbruket («ein landwirtschaftliches Gewerbe») vil avhenda dette innan 10 år etter overtakelsen, så må han ha tillatelse frå medarvingane (Raiffeisen 1994). Ved opphøyr av sjølvstendig drift innan dei første 10 åra, har medarvingane ein forkjopsrett. Medarvingar har ifylgje lovverket rett til å kjøpa bruket/jordbrukseigedomen, dvs. eit heile med ulike jordstykke, bygningar og anlegg, og ev. skog, til avkastningsverdi («Ertragswert<sup>6</sup>») eller i spesielle tilfelle til ein noko auka avkastningsverdi, men føresetnaden for eit slikt kjøp er sjølvstendig drift. Dersom det overdregne bruket/eigedomen eller jordstykket vert selt innan 25 år med vinst, så har medarvingane rett til ein del av denne vinsten.

Dersom ein jordbrukseigedom/bruk vert selt, så har kvar etterkomar av seljaren («jeder Nachkommen») ein forkjopsrett til avkastningsverdi eller til det dobbelte av avkastningsverdien for enkeltståande jordstykke (Raiffeisen 1998). Ein føresetnad for forkjopsrett er sjølvstendig drift og at kjøpar er eigna til å driva. Sysken til seljar (og deira born igjen) har også forkjopsrett, men dei står bak etterkomarane i rettigheter.

Ein paktar av ein jordbrukseigedom/bruk har på visse vilkår forkjopsrett dersom eigedomen/bruket vert selt. På visse vilkår er det vidare slik at ein seljar har tilbakekjopsrett.

---

<sup>6</sup> Kva som skal reknast som avkastningsverdi er fastsett i ei eiga forskrift til lova og er svært detaljert.

Den som vil overta eller kjøpa ein jordbrukseigedom (eit bruk) eller eit jordstykke, må ha konsesjon. Søknad om konsesjon skal sendast til den styresmakta i kantonen som har rett til å gje konsesjon. Konsesjon vil verta gjeven så sant ingen grunnar talar mot det. Konsesjon kan nektast dersom kjøpar ikkje er sjølvstendig drivar, eller dersom det har vorte avtalt ein overpris i høve til det gjeldande regelverk tilseier. Det er gjort unntak for kravet om konsesjon for overtaking gjennom arveskifte eller overdraging/kjøp innan nær familie (gjennom eigne etterkomarar, ektefelle, foreldre, sysken eller deira born igjen). Unntak for konsesjon gjeld også for bruk av forkjøpsrett og for tilbakekjøpsrett.

## 4.3 Jordleige

Leige av jord er svært omfattande i Sveits. Av samla jordbruksreal i drift er om lag 47 prosent leigd areal (Wolfisberg 2015).

Leige av jordstykke til jordbruksføremål eller leige av jordbrukseigedomar er regulert i forbundslova om leige av jordbruksareal av 4. oktober 1985 med seinare endringar (Die Bundesversammlung der Schweizerischen Eidgenossenschaft 1985). Lova omfattar også leige av fjellbeiteområde og andre beite eller bruksrett til slike beiteområde, og det er då bestemmelsane for jordstykke som gjeld. Leige av små vindruueareal under 1,5 dekar og leige av andre jordbruksareal utan bygningar på under 2,5 dekar, er ikkje omfatta av lova. Kantonen kan likevel gjera lova gjeldande også for mindre jordstykke. Lovverket er svært omfattande og detaljert, mellom anna om rettar og plikter for paktarar og bortforpaktarar (eigarar). Paktaren pliktar å nytta leigeobjektet på ein omsorgsfull måte og sørgja for ei berekraftig utnytting av jorda. Bortforpaktar skal stå for og dekkja kostnadene for større, nødvendige reparasjonar og vedlikehaldsarbeid på leigeobjektet som paktaren har gjort bortforpaktar merksam på behovet for. Mindre reparasjonar og vanleg vedlikehald av vegar, stiar, grøfter, demningar, gjerde og tak er paktar pliktig til å sørgja for på sin eigen kostnad.

Dersom eit jordstykke eller ein jordbrukseigedom vert overlaten til ein forvaltar (paktar) mot ei godtgjering for utnytting til jordbruksformål, oppstår ein jordleigeavtale. Det er ikkje nødvendig med ein skriftleg avtale for at leigeavtalen skal vera rettsgyldig. Også ved avtalar som inneber leige, sjølv om det er kalla noko anna, ligg det føre ein jordleigeavtale. Kravet om næringsdrift ligg på paktar, men paktar kan setja bort drifta av leigeobjektet, under sitt ansvar, til familiemedlemmer eller tilsette.

Første gongs leigetid for heile jordbrukseigedomar (med bygningar) er minimum ni år og for enkeltvise jordstykke minimum seks år. Avtale om kortare leigetid er berre mogleg etter løyve frå rette ansvarlege styresmakt i kantonen. Når det gjeld spesialkulturar, så kan kantonane i medhald av lov om leige av jordbruksareal av 4. oktober 1985 fastsetja andre leigetider.

Oppseiing av ein jordleigeavtale er berre gyldig dersom den er skriftleg, og oppseiinga må vera kunngjort minst eitt år før leigeavtalen går ut. Ved krav om det, så må oppseiinga grunngevast. Dersom ein leigeavtale vert sagt opp av ein av partane til riktig tid (innan fristen), kan den andre parten likevel klaga dette inn for ei domstolsmyndigheit innan tre månader for å få forlenga leigeavtalen. Ein leieavtale kan i så fall forlengast med mellom tre og seks år. Dersom ein leigeavtale ikkje vert sagt opp, gjeld den uendra i seks nye år, og det både for heile jordbrukseigedomar og for enkeltvise jordstykke. Ei semje om forlenga avtale på kortare tid er berre gyldig dersom ansvarleg styresmakt i kantonen gjev løyve til det. Ved avslutning av leigeavtalen, så skal leigeobjektet leverast tilbake til bortforpaktar (eigar).

Dersom paktaren i leigetida er for sein med å betala ei leigeavgift, så kan bortpaktar (eigar) skriftleg varsla paktaren om at dersom uteståande leigeavgift ikkje er betalt innan seks månader, så vert leigeavtalen oppløyst.

Dersom eit jordleigeobjekt vert selt, så går kjøpar inn i leigeavtalen. Kjøpar kan oppløysa jordleigeavtalen dersom han umiddelbart behøver leigeobjektet til utbyggingsføremål eller eiga næringsverksemd. Dersom leigeavtalen vert oppløyst, så kan paktaren innan 30 dagar krevja

forlenging. Rette domstolsmyndigheit kan, i fall oppløysing av leigeavtalen fører til vanskar for paktaren og hans familie, og omsynet til kjøpar ikkje talar mot det, gje ei forlenging av avtalen med minst seks månader og med maksimum to år. Dersom paktaren må gå ut av avtalen før leigetida er omme, så har paktaren rett på erstatning for skaden han vert påført ved at leigeavtalen vert avslutta før leigetida er omme. Det er seljaren av jorda som er erstatningspliktig, så sant denne erstatningsplikta ikkje er overdratt til kjøparen.

Den som ynskjer å leiga ut einskilde jordstykke av ein jordbrukseigedom eller delar av einskilde jordstykke (parsellvis bortpaktning), må ha løyve frå løyveansvarleg styresmakt i kantonen. Bortforpaktaren behøver ikkje slikt løyve dersom han ikkje leiger ut meir en 10 prosent av sitt samla jordbruksareal på jordbrukseigedomen/gardsbruket, og leigeobjektet ikkje omfattar bygningar.

Lova om jordleige slår fast at betaling for jordleige kan bestå av pengar, del av grøda/avlinga eller motytingar. Jordleiga kan ikkje vera høgare enn ei fastsett øvre grense (Raiffeisen 1994). Kontroll med jordleiga i det enkelte tilfelle er det ansvarleg styresmakt i kantonen som står for. Gjennom ei forskrift til lov om leige av jordbruksreal har forbundsrådet (regjeringa i Sveits) fastsett eit detaljert regelverk for korleis jordleigeprisar skal reknast ut for heile jordbrukseigedomar/bruk og for enkelte jordstykke, og dermed på kva grunnlag kontrollen skal utøvast på (Der Schweizerische Bundesrat 1987). Når det gjeld jordleige for heile jordbrukseigedomar/bruk, så er det krav om løyve (konsesjon) frå ansvarleg styresmakt for avtalt jordleige. Dersom rette styresmakt i kantonen får kjennskap til ei jordleige som ikkje er godkjent, så opnar den opp prosess for å gje løyve. I praksis rettar leigeprisen for enkeltstående jordstykke seg til dels etter tilbod og etterspørsel. Motsegn mot den avtalte jordleiga for eit konkret jordstykke er det rette styresmakt i kantonen som kan reisa overfor løyveansvarleg styresmakt i kantonen. Dersom det vert gjort avtale om ein jordleigepris som er for høg, må avtalepartane rekna med at løyveansvarleg styresmakt set ned leigeprisen. Rette ansvarlege styresmakter og det sveitsiske bondelaget vil vera behjelpelege med å gje opplysningar omkring jordleigeprisar. Klage mot vedtak gjort av løyveansvarleg styresmakt i kantonen, kan reisast for ein klageinstans i kantonen.

## 5 Utviklinga i jordbruket i Sveits

I dette kapittelet er det gjort greie for utviklinga i jordbruket i Sveits dei siste åra. Når det gjeld bruksstruktur, har ein vist utviklinga sidan 1990. For sysselsetjing, bruken av jordbruksarealet, tal husdyr, produksjonsomfang, inntekter, eksport og import har ein lagt vekt på å visa utviklinga etter 2000. Som vist i kapittel 3, så kom den første, større omlegginga av sveitsisk landbrukspolitikk med AP 2002 som vart sett i verk 1. januar 1999. Til slutt i kapittelet er det ei oversikt over forbruk av ulike jordbruksvarer per innbyggjar og over sjølvforsyningsgrad. Det er i dette kapittelet ikkje gjort nokon inngåande samanlikning av utviklinga i jordbruket i Sveits med utviklinga i norsk jordbruk, men enkelte stader i kapittelet er samanlikning gjort. Den som ynskjer ei meir inngåande samanlikning av jordbruket i Sveits og i Noreg kan med fordel lesa ein rapport om sveitsisk jordbrukspolitikk som nyleg vart utgjeven av AgriAnalyse (Berntsen og Tufte 2018).

### 5.1 Sysselsetjing og bruksstruktur

På same måte som i andre vestlege land utgjer tal sysselsette personar i jord-, skog- og hagebruk i Sveits ein stadig mindre del av samla sysselsetjing etter som åra går. Tabell 5.1 viser samla tal sysselsette fordelt på dei tre sektorane landbruk (jord-, skog- og hagebruk), industri, handel og handverk m.m. og tenesteytande næringar i perioden 2000–2015. Tabellen viser at tal sysselsette personar i jord-, skog- og hagebruk utgjorde 5,9 prosent av samla tal sysselsette i Sveits i 2000 mot 4,4 prosent i 2010 og 3,9 prosent i 2015. Det er verdt å merka seg at denne nedgangen delvis skuldast at samla sysselsetjing i Sveits har gått opp.

Tabell 5.1 Tal sysselsette i alt i Sveits og fordelinga på hovudsektorar. 2000, 2010, 2013, 2014 og 2015

	2000	2010	2013	2014	2015
<b>Tal sysselsette i alt, millionar</b>	3,5	3,8	3,9	4,0	4,0
<b>Av dette i:</b>					
<b>Jord-, skog- og hagebruk</b>	5,9 %	4,4 %	4,0 %	4,0 %	3,9 %
<b>Industri, handverk, handel m.m.</b>	27,4 %	26,1 %	25,3 %	25,4 %	24,9 %
<b>Tenesteytande verksemdar</b>	66,7 %	69,5 %	70,7 %	70,6 %	71,2 %

Kjelde: Bundesamt für Statistik (2017b,c)

Det går fram av tabell 5.2 at i 2000 var tal sysselsette personar i jordbruket på 203 793. Tabell 5.2 viser at tal sysselsette personar i jordbruket gjekk ned til 167 462 i 2010 og til 155 184 i 2015. Dette inneber at i perioden 2000 til 2015 har den årlege prosentvise nedgangen i tal sysselsette i jordbruket i Sveits vore på 1,8 prosent. Tabellen viser vidare at det er heller få kvinnelege brukarar i sveitsisk jordbruk. Familiearbeidskraft er klart viktigast, men det går fram av tabellen at leigd arbeidskraft utgjorde knapt 19 prosent av sum sysselsette personar i 2010 og 20 prosent i 2015. I 2015 var det 69 651 personar som arbeidde på heiltid og 85 500 personar som arbeidde på deltid (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Dessutan viser talmaterialet at i 2000 og i 2015 var det i alt om lag 15 000 utanlandske gardsarbeidarar i Sveits. Sidan tal sysselsette i sveitsisk jordbruk gjekk ned med 48 609 personar frå 2000 til 2015, så stod dermed utanlandsk arbeidskraft for ein høgare del i 2015 (9,7 prosent) enn i 2000 (7,4 prosent) av samla tal sysselsette personar i sveitsisk jordbruk.



Tabell 5.2 Tal sysselsette personar i sveitsisk jordbruk. 2000, 2010 og 2015

		2000	2010	2015	
		Tal sysselsette	Tal sysselsette	Tal sysselsette	% endring per år 2000-2015
<b>Familie- arbeidskraft</b>	<b>Menn</b>	101685	84818	76828	-1,9
	<b>Kvinner</b>	64292	51391	46766	-2,1
	<b>Sum</b>	165977	136209	123594	-1,9
<b>Av dette:</b>					
<b>Brukarar</b>	<b>Menn</b>	74724	56238	50383	-2,6
	<b>Kvinner</b>	2346	2827	2849	-1,3
	<b>Sum</b>	77070	59065	53232	-2,4
<b>Utanom familie</b>	<b>Menn</b>	27476	21380	21864	-1,6
	<b>Kvinner</b>	10340	9873	9726	-0,4
	<b>Sum</b>	37816	31253	31590	-1,3
<b>Sysselsette</b>	<b>Sum</b>	203793	167462	155184	-1,8

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

Ein ser av tabell 5.3 at det er flest sysselsette i dalregionen («Talregion»). (Dalregionen vert i denne rapporten vanlegvis omtala som flat- og dalbygder eller som låglandet.) Bakke-/åsregionen («Hügelregion») og fjellregionen («Bergregion») har om lag like mange sysselsette personar i 2000. Det same er tilfellet for 2015. Mellom 2000 og 2015 har den prosentvise nedgangen i tal sysselsette personar i jordbruket vore svært lik i dei tre regionane.

Tabell 5.3 Tal sysselsette i jordbruket i Sveits etter region. 2000 og 2015

Region	2000	2015	2000-2015
	Tal sysselsette	Tal sysselsette	Endring per år i prosent
<b>Dalregionen («Talregion»)</b>	102950	78211	-1,8
<b>Bakke-/åsregionen («Hügelregion»)</b>	51108	39679	-1,7
<b>Fjellregionen («Bergregion»)</b>	49735	37294	-1,9
<b>Total</b>	203793	155184	-1,8

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016, s. 38)

På same måte som i Noreg og andre vestlege land har det dei seinare tiåra i Sveits vore ei utvikling mot stadig færre og større driftseiningar (gardsbruk/jordbruksbedrifter). Det går fram av tabell 5.4 at samla tal driftseiningar var på 92 815 i 1990, 70 537 i 2000, 59 065 i 2010 og på 53 253 i 2015. Samla nedgang i tal driftseiningar var på 24 prosent mellom 1990 og 2000 og på 24,5 prosent mellom 2000 og 2015. Alle storleiksklassar under 200 dekar går markert tilbake i perioden 1990 til 2015. Talet på driftseiningar over 200 dekar aukar derimot, og auken er klart størst for driftseiningar over 500 dekar.

Tabell 5.4 Tal driftseiningar i Sveits fordelt på storleiksklassar. 1990, 2000, 2010 og 2015

	1990	2000	2010	2015		
<b>Storleiksklasse</b>	Tal drifts- einingar 1000 stk.	Tal drifts- einingar 1000 stk.	Tal drifts- einingar 1000 stk.	Tal drifts- einingar 1000 stk.	Prosentvis endring 1990-2000	Prosentvis endring 2000-2015
<b>0–10 dekar</b>	6868	3609	2999	2247	-47,5	-37,7
<b>10–30 dekar</b>	13076	4762	3660	3339	-63,6	-29,9
<b>30–100 dekar</b>	27141	18542	12655	10154	-31,7	-45,2
<b>100–200 dekar</b>	31598	24984	19305	16216	-20,9	-35,1
<b>200–500 dekar</b>	13458	17433	18482	18745	29,5	7,5
<b>over 500 dekar</b>	674	1207	1964	2552	79,1	111,4
<b>Tal i alt</b>	92815	70537	59065	53253	-24,0	-24,5

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

I 2015 hadde dalregionen («Talregion») 23 644 driftseiningar, bakke-/åsregionen («Hügelregion») hadde 14 770 og fjellregionen («Bergregion») hadde 14 818 driftseiningar. Tabell 5.5 viser at den prosentvise nedgangen mellom 2000 og 2015 er litt større for fjellregionen enn for dei to andre regionane, men skilnadene er heller små.

Tabell 5.5 Tal driftseiningar i Sveits etter region. 2000 og 2015

Region	Tal drifts-	Tal drifts-	Endring per år i %
	einingar	einingar	
	2000	2015	2000-2015
Dalregionen («Talregion»)	31 612	23 644	-1,9
Bakke-/åsregionen («Hügelregion»)	18 957	14 770	-1,7
Fjellregionen («Bergregion»)	19 968	14 818	-2
<b>Total</b>	<b>70 537</b>	<b>53 232</b>	<b>-1,9</b>

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

### 5.1.1 Seterdrift og bruk av fjellbeite

Mellom 2003 og 2013 gjekk talet på aktivt drivne setrar («Sömmerungsbetriebe») i Sveits ned frå 7472 til 7058 (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 43). Talet på beitande husdyr, rekna som husdyreiningar (som NST), var derimot ganske stabilt i denne tidsperioden med rundt 317 000 NST. Talet på beitande mjølkekyr gjekk rett nok ned mellom 2003 og 2013, men dette vart «kompensert» ved at talet på ammekyr og andre kyr gjekk opp. Den auka støtta til seterdrift og beiting som kom med AP 2014-2017 og innføringa av tilskotet for å senda husdyr på beite («Alpungsbeitrag»), har hatt effekt. Frå 2013 til 2015 har talet på beitande mjølkekyr auka, og for ammekyr og andre kyr har den tidlegare auken fram til 2013, vorte endå kraftigare. Andre storfe har også fått ein auke. Talet på beitande sauer og geiter har gått svakt ned. Det er verdt å merka seg at talet på beitande sauer med fast tilsyn har hatt ein jamn vekst sidan 2004, medan andre beiteformer for sau har hatt nedgang. Nedgangen i talet på aktivt drivne setrar har halde fram, og i 2015 var talet kome ned i 6745. Til samanlikning var det berre 922 setrar i aktiv drift i Noreg i 2015 (Stensgaard 2017, s. 15).

Mack og Flury (2014) analyserte ved bruk av jordbruksmodellen SWISSland, sannsynleg verknad av innføringa av tilskotet for å senda husdyr på sommarbeite («Alpungsbeitrag») for perioden 2012 til 2021, saman med øvrige rammevilkår i AP 2014-2017). Deira konklusjon av analysen var at innan dei rammevilkår som var gjevne i AP 2014-2017, ville ein tilbakegang i tal beitande husdyr fram til 2021 vera å venta. Analysen viste ein nedgang på 9,4 prosent i tal grovfôretande husdyreiningar (RGVE) frå 2012 til 2021, med sterkast tilbakegang for sauer og geiter. Deira analyse viste at auka tilskot til seterdrift og innføringa av det nye tilskotet for å senda husdyr på sommarbeite, ikkje var nok til å kunne motverka effekten av at samla bestand av grovfôretande husdyr gjekk tilbake (med 10,4 prosent frå 2012 til 2021 i modellanalysen). Del av husdyrbestanden som vart sendt til sommarbeite gjekk svakt opp for alle husdyrslag (mest for sau) frå 2012 til 2021, men dette var altså langt frå nok til å motverka effekten av nedgangen i samla husdyrbestand. Modellanalysen viste heller små regionale skilnader i nedgangen i tal grovfôretande husdyr (RGVE) frå 2012 til 2021. Mack og Flury hevdar at hovudgrunnen til nedgangen i tal grovfôretande husdyr på sommarbeite er den tilbakegangen i samla husdyrbestand som AP 2014-2017 vil medføra. Dei gjorde og ei modellkøyring med AP 2014-2017 utan innføring av tilskotet til å senda husdyr på beite (utan «Alpungsbeitrag»). På grunnlag av analysen konkludere dei med at innføring av dette tilskotet ville ha ein vesentleg positiv effekt på samla tal husdyr på sommarbeite samanlikna med ein situasjon utan tilskotet.

## 5.2 Bruk av jordbruksarealet

Figur 2.1 på side 8 viste at jordbruksarealet i Sveits (ikkje inkl. fjellbeite) utgjør 24 prosent av samla landareal i Sveits. Ifylgje tabell 5.6 er samla jordbruksareal i Sveits på om lag 10,5 mill. dekar. Det har vore ein svak nedgang frå 10,71 mill. dekar i 2000 til 10,49 mill. dekar i 2015.

Tabell 5.6 Jordbruksarealet i Sveits fordelt etter vekstar og utnytting for 2000, 2013, 2014 og 2015. Millionar dekar. (Tal for Noreg for 2015 i parentes.)

	2000	2013	2014	2015	(2015*)
<b>Korn</b>	1,79	1,47	1,41	1,41	(2,86)
<b>Rotvekstar</b>	0,34	0,32	0,33	0,31	(0,22)
<b>Andre åkervekstar (ikkje fôr)</b>	0,23	0,32	0,33	0,35	(0,15 )
<b>Grønsaker</b>	0,08	0,10	0,10	0,11	(0,07 )
<b>Sum åkervekstar</b>	2,45	2,21	2,17	2,18	(3,30)
<b>Fôr- og beitevekstar</b>	1,62	1,80	1,77	1,74	(4,80)
<b>Natureng/overflate-dyrka beite</b>	6,28	6,10	6,13	6,13	(1,76)
<b>Vinhagar</b>	0,15	0,15	0,15	0,15	(-)
<b>Andre jordbruksareal</b>	0,22	0,25	0,29	0,30	(-)
<b>Sum jordbruksareal</b>	10,71	10,50	10,51	10,49	(9,86)

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016), Budsjettnemnda for jordbruket (2017b, s. 15)

Tabell 5.6 viser at sum åkermark har gått ned frå 2,45 mill. dekar i 2000 til 2,18 mill. dekar i 2015. Hovudårsaka til denne nedgangen er at kornarealet er redusert frå 1,79 mill. dekar i 2000 til 1,41 mill. dekar i 2015, medan andre åkervekstar har gått svakt opp. Arealet brukt til fôr- og beitevekstar har gått svakt opp, medan natureng/overflatedyrka areal har gått svakt ned.

Interessant nok så er jordbruksarealet i drift i Noreg i 2015 på om lag same nivå som i Sveits, slik tabell 5.6 viser. Det er verdt å merkja seg at kornarealet i Noreg i 2015 var på 2,86 mill. dekar, medan kornarealet i Sveits var på 1,41 mill. dekar. Korndyrkinga skjer altså på ein langt større del av det totale jordbruksarealet i Noreg enn tilsvarande i Sveits.

Tabell 5.7 viser avlingsnivå for viktige jordbruksproduksjonar i Sveits for 2000–2002, 2013, 2014 og 2015. Tal for Noreg for 2015 er vist i parentes i tabellen. Avlingsnivået for ulike kornslag har auka litt frå 2000-2002 til 2013-2015 med unntak for havre (som rett nok hadde eit godt avlingsår i 2014). Det går fram av tabell 5.7 at avlingsnivået for ulike kornslag i Noreg er litt lågare enn for Sveits, ikkje minst for bygg.

Tabell 5.7 Avlingsnivå for viktige jordbruksproduksjonar i Sveits for 2000–2002, 2013, 2014 og 2015. (Tal for Noreg for 2015 i parentes)

	2000-2002	2013	2014	2015	(2015)
Kveite, kg/dekar	573	545	643	623	(577)
Rug, kg/dekar	592	551	681	631	(636)
Bygg, kg/dekar	595	577	750	707	(414)
Havre, kg/dekar	519	474	565	499	(452)
Poteter, kg/dekar	3913	3296	4444	3351	(2578)
Sukkerbetar, kg/dekar	7206	6918	9146	6861	(-)
Oljefrø, kg/dekar	323	314	376	340	(165)
«Freshly fermented» vin, kg/dekar	789	563	629	575	(-)

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016), Budsjettnemnda for jordbruket (2017, s. 19), Statistisk sentralbyrå (2018)

IFCN-tal for 2016 viser at eit gjennomsnittleg mjølkeproduksjonsbruk i Sveits var på 27 kyr og med avdråttsnivå på 7100 kg per ku og år (Gazzarin 2017), mot høvesvis 24 kyr og 7000 kg per ku og år i 2012.

I tabell 5.8 er samla produksjon av ulike plantevekstar (og for vin) gjeve opp som gjennomsnitt for perioden 2000-2002 og for 2013, 2014 og 2015. Tabellen viser også endring i samla produksjon frå 2000-2002 til 2013-2015. Mest markert er at samla kornproduksjon går tilbake med 19 prosent. Dette kan naturleg forklarast med at kornarealet gjekk ned med vel 22 prosent i same tidsperiode (sjå tabell 5.6 på s. 44).

Tabell 5.8 Tal for planteproduksjonen i Sveits etter type vekst. Millionar kg (vin: millionar liter). 2000-2002, 2013, 2014 og 2015

Produkt	Gjennomsnitt 2000-2002	2013	2014	2015	Endring 2000/2002– 2013/2015
Kveite (konsum)	521,7	413,1	474,3	456,8	-14 %
Rug	20,8	10,3	12,9	11,9	-44 %
Bygg	255,5	164,8	201,1	197,8	-26 %
Havre	22,5	7,9	8,4	7,8	-64 %
Kornmais	206,3	123,9	138,5	95,4	-42 %
Poteter	539,9	363,8	504,0	365,0	-24 %
Sukkerroer	1288,9	1376,3	1924,3	1355,7	20 %
Oljefrø	60,0	85,2	107,9	101,2	64 %
Raps	43,7	72,5	93,9	87,0	93 %
Solsikker	13,0	8,6	9,7	9,8	-28 %
Eple	99,5	109,2	117,5	122,5	17 %
Pærer	15,5	15,8	19,8	16,8	13 %
Aprikosar	1,5	6,6	7,5	5,5	340 %
Kirsebær	1,8	1,6	3,4	2,2	33 %
Plommer	2,4	3,3	3,8	3,1	42 %
Jordbær	5,1	7,0	8,7	7,3	52 %
Gulrøter	56,5	60,5	60,9	63,8	9 %
Løk	26,1	40,5	39,2	39,1	52 %
Tomatar	30,4	50,4	48,8	45,7	59 %
Salat	16,5	13,6	14,4	13,8	-15 %
Blomkål	6,5	7,3	7,3	8,2	17 %
Agurk	8,8	12,5	13,8	14,5	54 %
Raudvin	574,2	440,9	489,7	454,4	-20 %
Kvitvin	613,1	397,7	443,9	396,0	-33 %

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

Tabell 5.8 viser at produksjonen av poteter har gått ned med 24 prosent frå 2000-2002 til 2013-2015. Solsikker går ned med 28 prosent i same periode. Sukkerroer og ikkje minst oljefrø og raps, aukar derimot kraftig i produksjonsnivå i perioden 2000-2002 til 2013-2015 (med høvesvis 20, 64 og 93 prosent). Alle grønnsaker med unntak for salat, aukar markert i produksjonsnivå mellom 2000-2002 til 2013-2015. Størst auke er det i produksjonen av løk, tomat og agurk i denne tidsperioden. Produksjonen av frukt og bær aukar også frå 2000-2002 til 2013-2015. Jordbær aukar med 52 prosent i denne perioden. Mest markert er auken for aprikosar med 340 prosent. Produksjonen av aprikosar i 2015 er faktisk større enn produksjon av kirsebær og plommer til saman. Det er elles verdt å merka seg frå tabell 5.8 at produksjonen av vin har gått markert ned frå 2000-2002 til 2013-2015; med 20 prosent for raudvin og 33 prosent for kvitvin.

### 5.3 Husdyrhaldet

Som nemnt i kapittel 2, så er husdyrhaldet ein svært viktig del av sveitsisk jordbruk. Ifølgje tabell 5.9 har talet på storfe, herunder også kyr, etter 2000-2002 helde seg omtrent på same nivå, men ein svak nedgang kan registrerast. Tabell 5.9 viser at talet på grisar og sauer har gått litt ned mellom 2000-2002 til 2015. Det har derimot vorte litt fleire geiter, men auken er frå eit lågt utgangspunkt. Talet på fjørfe har auka frå 6,935 millionar i 2000-2002 til 10,753 millionar i 2015. Inkludert i dette ligg ein auke også for verpehøner, men den auken er svakare enn for fjørfe samla. Sveits hadde i 2015 langt fleire grisar og storfe, også kyr, enn det Noreg hadde, men langt færre sauer. I 2015 hadde Sveits i alt 55 000 hestar. Det er nesten dobbelt så mange som det Noreg hadde.

Tabell 5.9 Tal husdyr i Sveits i 2000/02, 2013, 2014 og 2015. (Tal for Noreg for 2015 i parentes.) 1000 stk.

	2000-2002	2013	2014	2015	(2015)
<b>Hestar</b>	<b>51</b>	57	57	55	(29)
<b>Storfe</b>	<b>1598</b>	1557	1563	1554	(834)
<b>Av dette kyr</b>	<b>717</b>	703	705	701	(300)
<b>Grisar</b>	<b>1534</b>	1485	1498	1496	(520)
<b>Sauer</b>	<b>423</b>	409	403	347	(1057)
<b>Geiter</b>	64	88	88	74	(31)
<b>Fjørfe</b>	6935	10003	10644	10753	(15783)
<b>Av dette verpehøner og avlshøner</b>	<b>2125</b>	2589	2665	2822	(4413)

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016), Budsjettneemnda for jordbruket (2017b, s. 22)

Produksjonen av kumjølkk har auka litt etter 2000, men kanskje mindre enn det ein skulle venta med bakgrunn av at mjølkekvotesystemet vart avvikla i 2009. Osteproduksjonen har auka frå 166,7 mill. kilo i 2000 til 188,8 mill. kilo i 2015. Om dette har samanheng med at EU og Sveits innførte full frihandel med ost frå 1. juni 2007, er ikkje klart. Dette kjem ein tilbake til nedanfor i omtalen av ostehandelen mellom Sveits og EU.

Tabell 5.10 Totalproduksjon av dei viktigaste husdyrprodukt i Sveits. Millionar kg (egg: millionar stk.). 2000, 2013, 2014 og 2015.

	2000	2013	2014	2015
Kumjølk	3215	3429	3541	3486
Ost	166,7	182,7	185,3	188,8
Smør	40,2	46,6	48,4	46,8
Storfekjøtt	101,1	111,9	112,9	112,2
Kalvekjøtt	34,2	31,0	30,3	29,1
Svinekjøtt	231,6	235,5	242,0	241,3
Lam og geit	6,3	5,3	5,4	5,3
Fjørfekjøtt	29,4	51,0	54,0	55,6
Egg (mill. stk.)	689	812	837	868

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

Tabell 5.10 viser at produksjonen av storfekjøtt og av svinekjøtt har gått svakt opp i perioden 2000 til 2015, medan produksjon av kalvekjøtt og av lamme-/geitekjøtt har gått litt ned. Produksjonen av fjørfekjøtt har hatt ein kraftig auke frå 29,4 mill. kilo i 2000 til 55,6 mill. kilo i 2015. Eggproduksjonen har auka markert etter 2000, og den var i 2015 på i alt 868 millionar stk.

## 5.4 Prisar, kostnader og produksjonsinntekter i jordbruket i Sveits

Lågare prisar for jordbruksvarer saman med forholdsvis stabile, høge produksjonskostnader, har lagt eit aukande press på jordbruket i Sveits. Det er i tabell 5.11 sett opp indeksseriar for prisar på jordbruksvarer og for kostnader for produksjonsmiddel i jordbruket. Dessutan er det sett opp indeksseriar for konsumentprisar på jordbruksprodukt og alkoholfrie drikkevarer og for importerte matvarer og drikkevarer. Gjennomsnittet for åra 2000-2002 er sett til indeks 100.

Tabell 5.11 viser at produsentprisindeksen for jordbruksvarer gjekk litt ned frå 2000-2002 fram til 2015. År 2008, som ikkje er vist i tabell 5.11, merkjer seg ut med ein kortvarig oppgang til ein indeks på 105,3 prosent. I motsetnad til produsentprisindeksen låg dei andre indeksane litt høgare i 2015 enn i 2000-2002. Landsindeksen for konsumentprisar for matvarer og alkoholfrie drikkevarer låg i 2015 på 102,6 prosent. Indeksen for prisar på produksjonsmiddel i jordbruket låg i 2015 på 105,5 prosent. År 2008, som ikkje er med i tabell 5.11, merkjer seg ut med ein indeks på 108,5 prosent.



Tabell 5.11 Prisindeksar i Sveits. 2000-2002 = 100, 2005, 2010 og 2015.

	2000-2002	2005	2010	2015
<b>Produsentprisindeks for jordbruksvarer</b>	100	96,3	92,8	92,2
<b>Konsumentprisindeks for matvarer og alkoholfrie drikkevarer</b>	100	103,3	105,6	102,6
<b>Indeks for prisar på produksjonsmiddel</b>	100	102,8	108,0	105,5
<b>Importprisindeks for matvarer og drikkevarer</b>	100	103,3	108,9	104,0

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

Det er verdt å merkja seg at produsentprisen på mjølk i Sveits i 2015 var om lag dobbelt så høg som produsentprisen i nabolanda Tyskland, Frankrike og Austerrike (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Produsentprisane for storfekjøtt, lammekjøtt og svinekjøtt er også over dobbelt så høge som i nabolanda.

Tabell 5.12 viser produksjonsinntektene i jordbruket i Sveits samla og fordelt på ulike jordbruksvarer i norske kroner (NOK). Produksjonsinntektene i jordbruket er eit resultat av produserte mengder (sjå tabell 5.8 og 5.10 og oppnådde prisar (jf. tabell 5.11)). I tabell 5.12 er totale produksjonsinntekter definert som verdien av alle varer som er produsert av jordbruket i løpet av året, og som har gått til forbruk utanfor jordbruket, til prisar for varene levert ut frå gardsbruket (produsentprisar). Tabellen viser at sum produksjonsinntekter auka frå knapt 41,5 mrd. norske kroner i 2000 til 63,1 mrd. norske kroner i 2015. Det har vore ein auke for alle jordbruksvarer, men det er naturleg nok variasjonar mellom jordbruksvarene. Tabellen viser at vel 61 prosent av jordbruket sine produksjonsinntekter kjem frå sal av husdyrprodukt både i 2000 og i 2015. Det er verdt å merkja seg at mjølk utgjorde 52,5 prosent av sum inntekter frå husdyrprodukt i 2010 (eller 32,2 prosent av sum produksjonsinntekter), mens mjølk utgjorde 45,8 prosent av sum inntekter frå husdyrprodukt i 2015 (eller 28,2 prosent av sum produksjonsinntekter).

Tabell 5.12 Sum produksjonsinntekter (ekskl. direkte tilskot) i jordbruket i Sveits. Mill. NOK<sup>1</sup>

	2000	2013	2014	2015
<b>Korn</b>	2794,9	2174,5	2330,4	2985,1
<b>Poteter</b>	1018,3	1085,8	1121,0	1353,9
<b>Grønsaker</b>	6790,9	8759,3	9183,5	11706,8
<b>Vin</b>	2282,5	2456,8	2577,5	3268,3
<b>Frukt og bær</b>	3006,7	3188,6	3677,5	4366,3
<b>Andre planteprodukt</b>	125,5	469,9	487,0	654,8
<b>Storfekjøtt</b>	5491,9	8171,9	8359,6	11386,5
<b>Mjølk</b>	13361,6	13954,8	15081,7	17777,9
<b>Svinehald</b>	5582,1	6673,8	6355,3	6898,9
<b>Fjørfehald</b>	991,8	1820,1	1890,8	2556,3
<b>Andre husdyr</b>	41,0	56,3	60,3	169,9
<b>Sum produksjonsinntekter</b>	41487,2	48811,9	51124,6	63124,7

<sup>1</sup> Omrekningane frå sveitsiske franc (CHF) til norske kroner (NOK) er basert på gjennomsnittskursar for vedkomande år frå Noregs Bank (Noregs Bank 2018).

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

## 5.5 Eksport og import

Det er i tabell 5.13 sett opp ein del tal for eksport frå Sveits og import til Sveits i åra 2000, 2013, 2014 og 2015. Verdien av eksporterte jordbruksprodukt (inkl. mellom anna ost og vin) auka markert frå 2000 til 2015. I 2000 var verdien av eksporterte jordbruksprodukt på under 3 prosent av samla eksportinntekter, mens den i perioden 2013 til 2015 låg på litt over 4 prosent. Verdien av importerte jordbruksprodukt var på knapt 7 prosent av verdien av samla import i 2000 og i perioden 2013 til 2015. Det går også fram av tabell 5.13 at medan verdien av importerte jordbruksprodukt var over 2,4 gonger så høg som verdien av eksporterte jordbruksprodukt i 2000, så var verdien av importerte jordbruksprodukt på 1,4 gonger så høg som verdien av eksporterte jordbruksprodukt i 2015.

Tabell 5.13 viser vidare at importen av jordbruksvarer frå EU ligg ganske stabilt rundt 73 prosent av samla importverdi for jordbruksprodukt. Eksporten av jordbruksprodukt til EU stod for nær 70 prosent av samla eksportverdi av jordbruksprodukt i 2000, men har seinare gått ned til rundt 60 prosent av samla eksportverdi av jordbruksprodukt.

Tabell 5.13 Verdital for Sveits sin eksport og import av jordbruksvarer. Mrd. norske kroner (NOK)<sup>1</sup>

	2000	2013	2014	2015
<b>Import totalt</b>	669,9	1126,6	1226,4	1394,3
<b>Import av jordbruksprodukt</b>	44,3	76,1	83,2	96,4
<b>frå EU</b>	32,3	56,5	60,5	69,6
<b>Eksport totalt</b>	658,9	1276,3	1432,7	1701,1
<b>Eksport av jordbruksprodukt</b>	18,2	54,6	60,5	71,3
<b>til EU</b>	12,5	33,6	36,5	41,1

<sup>1</sup> Omrekningane frå sveitsiske franc (CHF) til norske kroner (NOK) er basert på gjennomsnittskursar for vedkomande år frå Noregs Bank (Noregs Bank 2018).

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

### 5.5.1 Meir detaljert omtale av utviklinga i mjølkeproduksjonen

Mjølkeproduksjonen er ein svært stor og viktig del av sveitsisk jordbruk, men har gått gjennom store strukturelle og marknadsmessige endringar dei siste 15 åra. Dette har mellom anna samanheng med avtalen med EU om fri handel med ost frå 1. juni 2007, avvikling av mjølkekvotesystemet i 2009, endringar i tilskotssystemet, endringar i forbrukarpreferansar og generelle samfunnsmessige tilhøve som tilgangen på alternative arbeidsmoglegheiter for bønder utanom jordbruket. Det er vanskeleg å seia sikkert kva som er årsakene til dei endringar som vert omtalt nedanfor.

Ifylgje Haller (2014, s. 36) så gjekk talet på mjølkebruk ned med nesten 15 000 mellom 1999 og 2012, dvs. ein nedgang på 37 prosent, og nedgangen var større i områda utanfor fjellområda enn innan fjellområda. Det er likevel verdt å merka seg at nedgangen i tal mjølkebruk per år var litt sterkare før avviklinga av kvotesystemet i 2009 (-3,1) enn etterpå (-2,9). Ifylgje Bundesamt für Landwirtschaft (2016) var tal mjølkeprodusentar kome ned til om lag 21 850 i 2015, der 10 270 var i fjellområda og 11 580 i resten av landet. Denne nedgangen i tal mjølkeprodusentar gjorde at andre mjølkeprodusentar kunne utvida sin produksjon, kanskje basert på kjøp eller leige av jord frå dei som slutta med mjølk. Det er, ifylgje Haller (2014, s. 40), verdt å slå fast at den reallokering av mjølkeproduksjon frå fjellområda til dal-/og bakkeområda, som mange venta og som vart predikert av modellkalkulasjonar av Lehman et al. (2001), ikkje skjedde. Haller (2014) slår likevel fast at strukturendringane etter 2006 har gjeve svakare positiv effekt for produktiviteten i fjellområda enn for resten av landet.

Tabell 5.14 viser at produksjonen av mjølk for sal (meierileveransar) gjekk opp frå om lag 3,2 mrd. kilo i 2000-2002 til vel 3,4 mrd. kilo i 2008, 2010 og 2013. Frå 2013 til 2014 gjekk samla mjølkeleveranse opp frå 3,4 mrd. kg til vel 3,5 mrd. kg, før den igjen gjekk svakt ned til knapt 3,5 mrd. kg i 2015.

Tabell 5.14 Mjølkeleveransar i Sveits. 1000 tonn

	2000-2002	2008	2010	2013	2014	2015
<b>Mjølkeleveranse</b>	3214762	3423046	3437620	3428612	3540532	3486176

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

Basert på opplysningar frå Branchenorganisation Milch, så vart 84,9 prosent av mjølkemengda i 2015 omsett i A-segmentet, 13,1 prosent i B-segmentet og 2 prosent i C-segmentet (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). A-segmentet omfattar mjølk som vert selt på den beskytta heimemarknaden (med tollvern) eller støtta marknad (subsidiert ost, lov om sjokolade), og som oppnår høgast betaling.

Av mjølkemengda på 3,49 mrd. kilo vart om lag ein tredjedel produsert utan bruk av grassurfôr og 6 prosent som økologisk mjølk (Bundesamt für Landwirtschaft 2016). Mjølk produsert utan silofôr er viktig for produksjonen av sveitsiske råmjølkostar som Emmentaler AOP, Gruyère AOP, Sbrinz AOP eller Tête de Moine AOP. Av den leverte mjølkemengda i Sveits vert heile 41 prosent brukt til framstilling av ost, 16 prosent til smør, 11 prosent til konsummjølk, 10 prosent til mjølkepulver, 8 prosent til rømme og fløyte, 3 prosent til yoghurt og resten vert brukt til andre formål.

Dersom gjennomsnittleg mjølkepris (produsentpris) i Sveits for perioden 2000-2002 vert sett til 100, så kan vi sjå at i løpet av ein tiårs-periode fram til 2010-2012, så har mjølk til industri (smør, mjølkepulver) gått ned med 24 prosent i verdi, mjølk til produksjon av ost med 15 prosent og økologisk mjølk har gått ned med 19 prosent i verdi (Haller 2014, s. 34). Gjennomsnittleg verditap for alle typar mjølk seld på marknaden var på 22 prosent. Produsentprisen på mjølk i Sveits i 2015 var om lag dobbelt så høg som produsentprisen i kvart av nabolanda Tyskland, Frankrike og Austerrike (Bundesamt für Landwirtschaft 2016.)

Forbrukarprisane på drikkemjølk og andre meieriprodukt i Sveits gjekk også ned i denne perioden, men utslaga var gjennomgåande mindre enn for produsentprisen. Forbrukarprisen på pasteurisert heilmjølk gjekk ned med 9 prosent, for smør med 5 prosent, og for Emmentaler AOP var nedgangen på 10 prosent (Haller 2014, s. 35). Samanlikna med nabolanda så låg framleis sveitsiske forbrukarprisar høgt over, med 79 prosent høgare for smør, 68 prosent høgare for Emmentaler AOP og 47 prosent høgare for fersk konsummjølk. Bundesamt für Landwirtschaft (2016) gjev opp at i 2015 utgjorde forbrukarprisane for mjølk og meieriprodukt i nabolanda Tyskland, Frankrike og Austerrike mellom 35 og 83 prosent av sveitsisk pris.

## 5.5.2 Ostehandelen mellom Sveits og EU

Når ein ser på den liberaliserte ostemarknaden mellom Sveits og EU, er det mest i augnefallande at eksporten av Emmentaler har gått kraftig ned dei seinare åra. Haller (2014, s. 38), som refererer til Flury et al. (2013), gjev opp at eksporten av Emmentaler gjekk ned med nesten 50 prosent, mens eksporten av osten Gruyere gjekk opp med nesten 35 prosent mellom 1999 og 2011. Samla eksport gjekk opp med 15 prosent i perioden 2000-2002 og 2010-2012. Det var likevel slik at eksport av dei mest verdifulle ostane, harde ostar som Emmentaler og Gruyere tilhøyrrer, samla gjekk ned med 10 prosent, medan mindre verdifulle semi-harde ostar, mest dobla eksporten sin. Samtidig auka EU eksporten sin av ost til Sveits. Haller (2014) refererer til Flury et al. (2014) som gjev opp at handelsbalansen med ost vart forverra for Sveits, og Flury et al. (2014, s. 53) konkluderer også med at sidan 1999 så har konkurranseevna til den sveitsiske mjølkesektoren gått svakt ned. Dette skuldast at sjølv om strukturendringane i mjølkeproduksjon og i foredlingsindustrien førte til reduksjonar i kostnader, så er kostnadene framleis høgare samanlikna med EU-land.

Ifylgje Bundesamt für Landwirtschaft (2017) vart det i 2016 eksportert 70,1 mill. kilo ost (inkl. «Fertigfondue»). «Fertigfondue» utgjorde 4,2 mill. kg av denne eksporten. Verdimessig vart det eksportert for 578 mill. CHF (4,9 mrd. kroner). Osteimporten i 2016 var på 58,2 mill. kg og alt kom frå EU. Dette utgjorde ein verdi på 360 mill. CHF (3,1 mrd. kroner).

Tabell 5.15 viser at osteeksporten (ekskl. «Fertigfondue») til EU var på 42,9 mill. kilo i 2000 og 41,1 mill. kg i 2006. Deretter har eksporten av ost til EU auka markert til 54,3 mill. kg i 2016. Mesteparten av eksporten går til Tyskland og Italia. Eksporten av ost til EU stod for 82,3 prosent av den samla eksporten av ost (ekskl. «Fertigfondue») i 2016. Importen av ost frå EU til Sveits i 2000 var på 30,8 mill. kg, og den har seinare auka gradvis til 58,2 mill. kilo i 2016. Mesteparten av denne importen i 2016 kom frå Italia, Frankrike og Tyskland.

Tabell 5.15 Ostehandel mellom Sveits og EU (ekskl. «Fertigfondue»). Enkeltår i perioden 2000-2016. Tonn.

	2000	2006	2008	2010	2014	2016
<b>Osteimport til Sveits frå EU</b>	30808	33298	41081	46887	53791	58209
<b>Osteeksport frå Sveits til EU</b>	42909	41089	44816	47710	52467	54277

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2017)

Kohler (2016, s. 4) hadde som mål å gjennomføra empiriske analysar for å finna ut om innføringa 1. juni 2007 av den frie handelen med ost mellom Sveits og EU har gjeve effektar for osteeksporten frå Sveits og osteimporten til Sveits. Kohler gjennomførte analysen ved å samanlikna utviklinga i ostehandelen mellom Sveits og EU15 og mellom Sveits og resten av verda gjennom regresjonsanalysar, for på den måten indirekte å kunna seia noko om kva effekt innføring av fri handel med ost 1. juni 2007 har hatt for handelen med ost mellom Sveits og EU samanlikna med den tenkte situasjonen at fri handel mellom Sveits og EU ikkje hadde vorte innført (kvasiekperiment). Kohler (2016, s. 14) konkluderer med at analysen gjev eit uklart bilete av effekten av innføringa av fri handel med ost mellom EU og Sveits på osteeksporten frå Sveits. Analysen viser rett nok ein svak positiv kausal effekt av den frie handelen med ost med EU på vekstraten for den sveitsiske osteeksporten, men det kan ifylgje Kohler (2016, s. 14) statistisk ikkje utelukkast at denne effekten er null.

## 5.6 Forbruk av matvarer

I tabell 5.16 er forbruket av ein del matvarer i kilo per innbyggjar og år i Sveits sett opp. Tabell 5.16 viser at forbruket av drikkemjølkk i Sveits har gått markert ned frå 84,6 kg per innbyggjar i 2000-2002 til 62,3 kg per innbyggjar i 2014; ein nedgang på over 26 prosent. Forbruket av smør gjekk også litt ned i same periode, medan forbruket av yoghurt derimot auka med 5,4 prosent. Forbruket av ost og bearbeidd ost per innbyggjar har derimot hatt ein meir markert vekst på 9,2 prosent frå 2000-2002 til 2014. Samla kjøtforkbruk per innbyggjar i Sveits var på 51,1 kg i 2000-2002, på 51,3 kg i 2013 og på 51,8 kg i 2014.

Tabell 5.16 Forbruk av utvalde matvarer i kg per innbyggjar og per år i Sveits

	2000-2002	2013	2014
<b>Drikkemjolk</b>	84,6	65,0	62,3
<b>Yoghurt</b>	16,6	17,8	17,5
<b>Smør</b>	5,9	5,5	5,5
<b>Ost og bearbeidd ost</b>	19,6	21,1	21,4
<b>Storfekjøtt (inkl. kalvekjøtt)</b>	14,0	14,5	14,4
<b>Svinekjøtt</b>	25,4	23,5	23,7
<b>Saue- og lammekjøtt</b>	1,5	1,2	1,2
<b>Fjørfekjøtt</b>	9,5	11,4	11,9
<b>Egg (rekna om til heile egg)</b>	187,7	178,0	177,5
<b>Poteter og potetprodukt</b>	43,4	45,7	45,4
<b>Sukker (inkl. sukker i bearbeidde produkt)</b>	40,5	41,6	39,0
<b>Eple</b>	14,7	14,6	14,9
<b>Pærer</b>	3,3	3,4	3,5
<b>Plommer</b>	1,0	1,3	1,2
<b>Jordbær</b>	2,3	2,6	2,6
<b>Sitrusfrukter</b>	17,1	16,7	16,2
<b>Banar</b>	10,1	10,2	10,4
<b>Gulrøter</b>	8,7	8,6	8,1
<b>Løk</b>	4,5	5,3	5,1
<b>Tomat</b>	10,1	10,7	10,4
<b>Salat</b>	2,6	2,1	2,2
<b>Blomkål</b>	2,2	2,1	2,0
<b>Agurk</b>	2,8	3,5	3,5
<b>Raudvin (liter)</b>	28,3	22,5	21,7
<b>Kvitvin (liter)</b>	12,5	11,0	10,7

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)

I Sveits har forbruket av grønnsaker, frukt og bær (som er inkl. i tabell 5.16) knapt endra seg mellom 2000-2002 og 2014. Forbruket av grønnsaker, frukt og bær har auka i Noreg i same periode, men frå eit heller lågt nivå (Budsjettnemnda for jordbruket 2017b, s. 27).

## 5.7 Sjølvforsyningsgrad

Tabell 5.17 gjev informasjon om kor stor del den innanlandske produksjonen utgjer av matvareforbruket rekna på energibasis for ulike varegrupper og totalt. Sjølvforsyningsgrad er definert som kor stor del nasjonal produksjon utgjer av det samla innanlandske forbruket. I Sveits skil ein mellom ein brutto sjølvforsyningsgrad og ein netto sjølvforsyningsgrad. For å rekna ut netto sjølvforsyningsgrad, så har ein gjort fråtrekk for at ein del av den innanlandske husdyrproduksjonen delvis var basert på importert fôr (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 84). Det seier seg sjølv at sjølvforsyningsgraden vert påverka av produksjonstilhøve (klimatiske tilhøve, prisar, kvalitetskrav, landbrukspolitiske verkemiddel, internasjonale handelsavtalar m.m.).

Jordbruket i Sveits (inkl. innanlandsk fiske) produserte 63 prosent av det innanlandske forbruket av matvarer i alt i 2014. Korrigert for importert fôr vert sjølvforsyningsgraden redusert til 55 prosent i 2014. Oppgåver frå Bundesamt für Landwirtschaft (2016) viser at netto sjølvforsyningsgrad har lege omtrent på same nivå kvart år sidan 2007. I 2013 var netto sjølvforsyningsgrad rett nok litt lågare med 50 prosent og det same i 2010 med 52 prosent.

Til samanlikning så var sjølvforsyningsgraden i Noreg for 2014 på 47 prosent ifylgje Budsjettnemnda for jordbruket (2017a, s. 54-55). Den delen av matforbruket som var produsert i norsk jordbruk, utgjorde 45 prosent. Skilnaden skuldast konsum av fisk. Korrigert for fôrimporten er sjølvforsyningsgraden for jordbruksvarer rekna ut til å vera på 37 prosent i 2014<sup>7</sup>. Tal frå Budsjettnemnda for jordbruket (2017, s. 55) viser at sjølvforsyningsgraden for jordbruksvarer, korrigert for fôrimporten, var på 42 prosent i 2009 og i 2015.

---

<sup>7</sup> Utrekningsmetodikken for sjølvforsyningsgrad for matvarer korrigert for fôrimport i Sveits og i Noreg er ikkje identisk, så ein skal vera litt varsam med direkte samanlikning.

Tabell 5.17 Del av matforbruk per innbyggjar som er produsert i Sveits i 2014 (i prosent)

Korn (inkludert ris)	53
Bakarvarer	76
Poteter	98
Sukker	93
Vegetabilsk feitt, oljer	26
Frukt og bær	84
Grønsaker	52
Drikkemjolk	96
Smør	109
Ost (inkludert cottage cheese)	117
Mjolk og mjølkeprodukt (inkludert smør)	116
Kalvekjøt	98
Storfekjøt	86
Svinekjøt	95
Saue- og lammekjøt (fårekjøt)	44
Fjørfekjøt	53
Kjøt, fisk og sjømat	79
Egg og eggeprodukt	52
Plantevarer/Vegetabilske varer	47
Animalske matvarer brutto	100
Animalske matvarer netto	76
Matvarer i alt brutto	63
Matvarer i alt netto (korrigert for import av fôr)	55

Kjelde: Bundesamt für Landwirtschaft (2016)



## 6 Samanlikning av sveitsisk og norsk landbrukspolitikk

Sveits og Noreg er b e fjellrike land med h g verdiskaping og utstrakt handel. Eit h gt kostnadsniv  er ei utfordring for jordbruket b de i Sveits og Noreg, ikkje minst i distrikta. Andre utfordringar er knytt til rekruttering og inntektsutvikling for b nder samanlikna med andre yrkesgrupper (Berntsen og Tufte 2018, s. 137). Begge landa har gjennom mange  r hatt ein ambisi s landbrukspolitikk med omfattande st tte over statsbudsjettet og vern av innanlandsk jordbruksproduksjon gjennom bruk av til dels h ge tollsatsar. Jordbruket utgjer ein stadig mindre del av bruttonasjonalproduktet i b de Sveits og Noreg, og jordbruket har for begge landa kome godt under 1 prosent av samla brutto nasjonalprodukt. Sysselsetjingsmessig betyr jordbruket litt meir i begge landa.

Ein stor skilnad mellom landa er storleiken. Sveits er ikkje st rre enn Tr ndelag. Noreg har dessutan ei lang kystlinje, medan Sveits er eit innland. Jordbruksarealet utgjer ein langt st rre del av samla landareal i Sveits enn i Noreg. Det gjer at samla jordbruksreal i drift er om lag det same i Sveits som i Noreg; litt over 1 mill. hektar i Sveits og litt under 1 mill. hektar i Noreg. Ei omfattande st tte til jordbruket i begge landa har medverka til   halda oppe jordbruksarealet i drift, men begge landa har opplevd ein svak nedgang dei seinare  ra. Jordbruket i b de Sveits og Noreg har g tt gjennom vesentlege strukturendringar mot stadig f rre og st rre gardsbruk/jordbruksbedrifter.

Grasbasert husdyrhald er viktig for b de Sveits og Noreg. Utmarks- og fjellbeite er ogs  viktig for begge landa. Det er verdt   merka seg at Sveits har ei langt meir aktiv seterdrift enn det Noreg har, med 6745 setrar i 2015 mot 922 i Noreg. B de Sveits og Noreg har betydeleg produksjon av korn, poteter og gr nsaker, men begge landa har ogs  ein ikkje uvesentleg import. Sveits produserer ein god del frukt og vin, men har ogs  import. Noreg importerer det aller meste av fruktforbruket i landet. Sveits importerer betydelege mengder av lammekj t, fj rfekj t og egg, noko Noreg i liten grad gjer. S lvforsyningsgraden i Sveits er h gare enn i Noreg enten ein tek omsyn til importerte f rvarer eller ikkje (jf. side 59, 60), men ein b r vera varsam med direkte samanlikning av s lvforsyningsgrad sidan utrekningsmetodikken ikkje er identisk.

B de Sveits og Noreg gjennomf rte etter 1990 betydelege endringar i landbrukspolitikken som f rte til nedgang i produsentprisar for jordbruksvarer, noko av dette kom ogs  som fylgje av landbruksavtalen i WTO som vart sett i verk 1. januar 1995. St tta over statsbudsjettet gjekk noko opp i begge landa. I b de Sveits og Noreg vart areal- og dyrest tteordningar ein vesentleg del av landbrukspolitikken. Dessutan vart milj msyn og kulturlandskap sterkare vektlagt i begge landa. Omsynet til dyrevelferd har kanskje vorte end  sterkare vektlagt i Sveits enn i Noreg.

Ein sv rt stor skilnad mellom landa er korleis m la for landbrukspolitikken er fastsett og uttalt. I Sveits er m la for landbrukspolitikken nedfelt i sj lve grunnlova. Etter ein lang og grundig prosess sa 77 prosent av det sveitsiske folket seg samde i dei f resl tte endringane av grunnlova i ei folker ystring i 1996. Gjennom artikkel 104 i grunnlova er det sl tt fast at jordbruket gjennom ein berekraftig og marknadstilpassa produksjon skal medverka til sikker matvareforsyning til folket, oppretthalding av det naturlege livsgrunnlaget, pleie av kulturlandskapet og elles medverka til spreidd busetjing i landet. Det er ikkje formulert eit eige inntektsm l for b nder, men det vert sl tt fast at f derasjonen Sveits skal gje tilskot til b nder som ei rettferdig og n dvendig betaling for produksjonen av fellesgode og andre tenester (for det multifunksjonelle jordbruket) s  sant det skjer innan fastsette  kologiske/milj messige vilk r. Inntekt er eit verkemiddel og ikkje eit m l i seg sj lv i Sveits.

I Noreg vert dei landbrukspolitiske m la og retningslinjene for landbrukspolitikken sl tt fast av Stortinget (av fleirtalet) med basis i handsaming av meldingar om landbrukspolitikken til Stortinget

frå regjeringa. Dette vert gjort i form av innstillingar der ein samla komité eller eit fleirtal sluttar seg til framlegget frå regjeringa, eller der eit fleirtal kjem med andre målformuleringar. Dei landbrukspolitiske måla og retningslinjene for landbrukspolitikken har i nyare tid aldri vorte slått fast i vedtaksform av Stortinget, men der eit fleirtal står bak måla og retningslinjene har dette vorte oppfatta som nærmast «jamgodt» med eit formelt vedtak. I Noreg har ein sidan 2011 hatt fire hovudmål for landbrukspolitikken: matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Det var i tillegg skissert 16 delmål som av regjeringa Solberg vart redusert til 12 i statsbudsjettet for 2015. Jordbruket si multifunksjonelle rolle (produksjon av fellesgode) som tidlegare var sterkt vektlagt frå norsk side i WTO og OECD, har dei seinare åra vorte langt mindre vektlagt i gjeldande norsk landbrukspolitikk (Prestegard 2016, s. 55).

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017) «Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon» der fleirtalet i Stortinget kom med framlegg til justeringar i målstrukturen, la regjeringa Solberg i framlegg til statsbudsjett for 2018 for Landbruks- og matdepartementet fram ein justert målstruktur for landbruks- og matpolitikken, der det første hovudmålet no heiter «Matsikkerheit og beredskap» og det fjerde hovudmålet heiter «Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar». Vidare er det spesifisert heile 19 delmål under dei fire hovudmåla.

Det har dei seinare åra ikkje eksplisitt vore definert eit eige inntektsmål i Noreg, men det har likevel vore eit uttrykt ynskjemål om at (dyktige) bønder skal ha moglegheiter for same inntektsutvikling som andre grupper i samfunnet gjennom god utnytting av marknadsmoglegheiter og dei tilskot dei får frå staten. I praksis har det vore noko ulik oppfatning av korleis dette skal eller bør tolkast. Under handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon» uttalte ein samla næringskomité fylgjande:

*«K o m i t e e n legger til grunn at utøvere i jordbruket, som selvstendig næringsdrivende, skal ha muligheter til samme inntektsutvikling som andre i samfunnet. Inntektsmulighetene må være til stede innenfor en variert bruksstruktur for at norsk jordbruk skal kunne utnytte landets produksjonsmuligheter. For å sikre rekruttering, og for å løfte inntektsmulighetene i næringen, mener k o m i t e e n at inntektsmålet skal være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet.»* (Stortingets næringskomité 2017)

I jordbruksforhandlingane våren 2017 som enda i brot, seinare oppfylgjing i Stortinget og deretter nye forhandlingar, var det betydeleg usemje kring forståinga av formuleringa «...inntektsmålet skal være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet». Kva ovannemnde formuleringar om inntekt vil få å bety for framtidige jordbruksforhandlingar og for framtidig utforming av landbrukspolitiske verkemiddel i Noreg, er usikkert.

Eit anna særmerke for Sveits er at landbrukspolitikken med tilskotsordningar og betalingsramme vert fastsett for fire år om gongen av det føderale parlamentet. I kvar fireårsperiode vil den føderale regjeringa kunna gjennomføra mindre justeringar av politikken utan at det krev vedtak i parlamentet. I motsetnad til norske bønder, så har sveitsiske bønder ingen forhandlingsrett med staten om prisar og tilskot. Dei kan berre påverka utforminga av landbrukspolitikken gjennom deltaking i samfunnsdebatten og gjennom aktiv kontakt med forvaltning og politikarar som tek avgjerder. Det kan hevdast at det sveitsiske systemet har ført til ei meir langsiktig tenking<sup>8</sup> og innretting av den faktiske landbrukspolitikken enn i Noreg der vi har årlege jordbruksforhandlingar. Enkelte har då også argumentert for at det bør innførast fleirårige jordbruksavtalar i Noreg for å skapa meir stabil og føreseieleg landbrukspolitikk til beste for bønder og matindustri som skal tilpassa seg den førte

---

<sup>8</sup> Berntsen og Tufte (2018, s. 45) hevdar at det har vore viktig i utforminga av politikken i Sveits, at endringane har vore føreseielege for bøndene slik at dei gradvis har tilpassa drifta til den «nye» politikken.

politikken. Reint formelt har Noreg toårige jordbruksavtalar, men i praksis er det fulle jordbruksforhandlingar kvart år. Atter andre har argumentert for at heile systemet med jordbruksforhandlingar bør fjernast. Det ville ifylgje Prestegard (2016, s. 57) i tilfelle bety at Stortinget tek tilbake makt og ansvar frå regjeringa og jordbruksorganisasjonane for politiske prioriteringar og konkret utforming av jordbrukspolitiske verkemiddel for å nå dei mål og retningslinjer for jordbrukspolitikken som er trekte opp av regjering og storting.

Både Sveits og Noreg har gjennom mange år i stor grad nytta tilskotsordningar basert på areal og dyretal. Med AP 2014-2017 la Sveits om sine tilskotsordningar til arealbaserte tilskotsordningar. Dei einaste tilskotsordningane som framleis er basert på dyretal, er tilskotet til seterdrift og bruk av beite, det nye tilskotet for å ha dyr på fjellbeite («Alpungsbeitrag») og tilskot til dyrevelferdstiltak. I Noreg er tilskot basert på tal dyr av ulike husdyrslag ein svært viktig del av landbrukspolitikken. Husdyrtilskota vert gjevne med høgare sats for dei første dyra, og deretter med reduserte satsar. Samla husdyrtilskot per bruk er i Noreg avgrensa til 560 000 kroner. I Noreg vert det dessutan gjeve tilskot til mjølkeproduksjon og til ammekuproduksjon i form av eit driftstilskot som har karakter å vera eit slags brukstilskot. Sveits har ikkje hatt den type tilskot sidan tidleg 1990-tal. Noreg gjev dessutan pristilskot som til dømes distriktstilskot på mjølk, kjøt, egg, frukt, grønsaker og bær, noko Sveits ikkje gjer. Noreg opererer også med målprisar for produkt som mjølk, svinekjøt, potet, eple og i alt 10 slag grønsaker. I Sveits er alle målprisar og avsetningsgarantiar fjerna, men innan mjølkeproduksjonen vert det operert med ein slags retningsgjevande prisar for mjølk brukt til ulike formål (jf. s. 15). Ei avvikling av pristilskot og tilskot til husdyr slik Sveits langt på veg har gjort, og overføring til arealbaserte tilskot, er neppe ein fagleg god ide for Noreg. Noreg er eit langt større og meir mangfaldig land kva gjeld vilkår for jordbruksdrift, lokale tilhøve, kommunikasjonar og transportavstandar enn Sveits. Det er dermed truleg fornuftig å ha fleire landbrukspolitiske verkemiddel i verktøykassa for å kunna føra ein fornuftig og god politikk med tanke på å kunna nå måla for landbruks- og matpolitikken i Noreg.

Det er verdt å merka seg at med unntak for basistilskotet, er det inga avgrensing av tilskotsordningar i Sveits etter storleik på jordbruksarealet. Det er likevel ei avgrensing som seier at maksimum støtte per standard arbeidskrafteining (SEK) er på 70 000 CHF. Fleire av støtteordningane i Sveits er geografisk differensiert med høgast støtte i fjellområda. I Noreg er det eit kulturlandskapstilskot som er likt i heile landet og uavhengig av type vekst som vert dyrka. Arealtilskotet er derimot differensiert etter type vekst som vert dyrka og etter region (etter vilkåra for å driva jordbruk).

Både Sveits og Noreg har tilskotsordningar basert på areal for å støtta økologisk jordbruk. I Noreg er det dessutan ei tilskotsordning for å støtta økologisk husdyrproduksjon med støtte basert på tal dyr og husdyrslag. Sveits har også, i motsetnad til Noreg, eigne tilskotsordningar for å fremja driftsformer som skal bidra til høg dyrevelferd i husdyrhaldet. Dette er tilskot som kjem i tillegg til minstekrav til dyrevelferd som er nedfelt i lovverk. Sveits har dessutan ei tilskotsordning for å fremja grasbasert mjølke- og kjøtproduksjon. Noreg kan kanskje med fordel henta inspirasjon frå Sveits til liknande tilskotsordningar for å fremja spesifikke driftsformer i Noreg med tanke på dyrevelferd, miljø og produksjon av jordbruksprodukt som kan ha potensial for henta ut ein meirverdi i marknaden.

Ein annan skilnad er at Sveits har notifisert sine nasjonale støtteordningar i gul og grøn boks i WTO-samanheng, medan Noreg også har notifisert støtte i blå boks. Dei landbrukspolitiske reformene i Sveits har ført til at ein stadig større del av tilskotsordningane er plassert i grøn boks, men Sveits har framleis noko støtte i gul boks. I motsetnad til Noreg som dei seinare åra har hatt vanskar med å unngå overskriding av tillaten gul støtte, så har ikkje Sveits hatt det problemet.

Både Sveits og Noreg har regelverk som skal hindra stordrift innan svinehaldet, fjørfehaldet og eggproduksjonen. Argumentasjonen for eit slikt lovverk er omsyn til miljø og dyrevelferd.

Omsyn til miljøet står svært sentralt i sveitsisk landbrukspolitikk. I Sveits er det slik at for å kunna få støtte gjennom ulike tilskotsordningar, er det ein føresetnad at ein kan dokumentera at ein oppfyller ei

rekkje økologiske og miljømessige krav til jordbruksdrift («Ökologischer Leistungsnachweis»), t.d. dyrevenleg hald av husdyr, balansert gjødsling, at ein har skilt ut sju prosent av jordbruksmarka som økologisk mark (ikkje i betydning økologisk jordbruk), regulert vekstskifte, vern av jordbruksmark mot erosjon og avrenning, og formålstenleg bruk av plantevernemiddel. Også i Noreg er det visse krav for å kunna få areal- og kulturlandskapstilskot, men krava kan seiast vera langt strengare i Sveits og dei gjeld for alle tilskotsordningar. I Noreg kan det vera meir spesifikke krav knytt til enkelte tilskotsordningar. I Sveits har dei ei rekkje mindre delordningar for å fremja biodiversitet og artsmangfald med eit svært detaljert regelverk. I Noreg kan vi ikkje visa til eit like omfattande tilskotssystem av denne typen, men enkelte sveitsiske ordningar kan ha parallellar innan dei regionale (fylkesvise) miljøprogramma i Noreg. Enkelte norske fylke har til dømes innført ein parallell til den føderale ordninga i Sveits som tilskot til seterdrift, tilskot til drift i bratt terreng og tilskot for skånsam jordbearbeiding. Innan Landbrukets utviklingsfond er det dessutan enkeltordningar som er meint å bidra til eit meir miljøvenleg jordbruk, som til dømes SMIL som går til miljø- og kulturminnetiltak på lokalt, kommunalt nivå.

Ein stor skilnad mellom Sveits og Noreg er at Sveits i 2009 fjerna sitt kvotesystem for mjølk. Dessutan har Sveits og EU frå 1. juni 2007 innført fri handel med ost. Noreg og EU har på si side avtale om gjensidige tollfrie kvotar for ost som frå 1. januar 2018 er på 8400 tonn. Vi er her inne på ein annan stor skilnad mellom Sveits og Noreg, og det er korleis vi har innretta vårt tilhøve til EU. Noreg har regulert sitt tilhøve til EU gjennom EØS-avtalen, der jordbruk er halde utanfor, men det er avtalar for å bidra til utvida handel med jordbruksvarer og for handel med bearbeidde jordbruksvarer. Sveits er ikkje medlem av EØS, men har regulert sitt tilhøve til EU gjennom ei rekkje bilaterale handelsavtalar, også på jordbruksområdet. Sveits og Noreg er derimot som medlemmer av EFTA saman om å ha inngått 25 bilaterale handelsavtalar med 35 land. EFTA er i forhandlingar med ei rekkje land i Asia, Afrika og Sør-Amerika. I motsetnad til Noreg, så har Sveits allereie inngått ein bilateral handelsavtale med Kina, medan Noreg er i forhandlingar. I slike bilaterale handelsavtalar er som regel innrømmelsane som Sveits og Noreg har gjeve på jordbruksområdet heller små. Både Sveits og Noreg har gjeve tollfri tilgang for alle varer, også jordbruksvarer, frå fattige utviklingsland.

I Noreg er det velferdsordningar for bønder som avløysartilskot, tilskot til landbruksvikarordning og sjukepengeordning. Sveits har ingen velferdsordningar av denne type. Noreg har ei ordning med førtidspensjonering for bønder. Det har ikkje Sveits. I Sveits er det derimot slik at personar over 65 år ikkje har rett på tilskot.

Kjøp og sal av jordbrukseigedomar og enkeltstående jordstykke er sterkt lovregulert i Sveits. På dette området er det mange likskapar med lover og reglar i Noreg. Eit slikt lovverk kan bidra til å hindra at høge tilskot vert kapitalisert i jordverdien og slik kan gjera det lettare for neste generasjon å overta. I motsetnad til Noreg der leige av jord er lite regulert, så er også jordleige sterkt regulert i Sveits. Styresmaktene i Sveits kan gripa inn og redusera jordleiga dersom dei meiner den er sett for høgt. Sett frå ein norsk ståstad verkar det sveitsiske systemet byråkratisk og tungrodd samanlikna med det langt meir fleksible norske systemet. Leigd jord er svært vanleg både i Sveits og Noreg.

## 7 Oppsummering

Gode tilhøve for grasdyrking og gode fjellbeite mange stader i Sveits har ført til at husdyrhaldet med produksjon av mjølk og kjøt er svært viktig. Det er også ein forholdsvis variert planteproduksjon med korn, oljefrø, poteter, sukkerbetar, grønsaker og frukt i delar av landet. Sveits er likevel som Noreg ein stor importør av jordbruksvarer. Sveits har som Noreg hatt ein ambisiøs landbrukspolitikk med betydeleg støtte til bøndene gjennom importvern og støtte over statsbudsjettet.

### *Landbrukspolitiske reformer sidan tidleg 1990-tal*

Ein første reform vart sett ut i livet i 1993 og innebar introduksjon av støtteutbetalingar som ikkje var knytt til spesifikke produkt, som delvis kompensasjon for reduserte prisar og som betaling for produksjon av fellesgode som kulturlandskap og biologisk mangfald. Den landbrukspolitiske reformprosessen kom i neste omgang til uttrykk ved ei endring av den sveitsiske grunnlova. Artikkel 104 i grunnlova slår fast at jordbruket gjennom ein berekraftig og marknadstilpassa produksjon skal medverka til sikker matvareforsyning for folket, oppretthalding av det naturlege livsgrunnlaget, pleie av kulturlandskapet og elles medverka til spreidd busetjing i landet.

Kjernepunktet i den landbrukspolitiske reforma for perioden 1999 til og med 2002 (ofte kalla AP 2002) var meir marknad og meir økologi og miljø. Med den nye landbrukslova vart alle statlege pris- og avsetningsgarantiar fjerna. Med AP 2002 fekk produksjonsuavhengige tilskot (tilskot uavhengige av produserte mengder) ein sentral posisjon. Dei direkte utbetalingane vart i stor grad knytt til jordbruket sine ytingar til samfunnet i form av produksjon av fellesgode som til dømes sikker matvareforsyning, pleie av kulturlandskapet og spreidd busetjing. Ei viktig hending i perioden 1999-2002 var at EU og Sveits inngjekk ein avtale om at det skulle innførast fri handel med ost mellom EU og Sveits frå og med 1. juni 2007. Parlamentet vedtok i 2003 at kvotesystemet for mjølk skulle vera fullt ut oppheva i 2009. Ei endring med AP 2011 var at eksportstøtta for alle jordbruksvarer bortsett for bearbeidde jordbruksvarer, skulle fjernast i 2009.

Eit kjerneelement i AP 2014-2017 var ei vidareutvikling av det direkte utbetalingssystemet med tanke på meir målretta og effektive verkemiddel. Budsjettmidla til jordbruket frå den sveitsiske staten (føderasjonen) vert delt inn i tre ulike hovudrammer:

1. Produksjon og avsetning («Produktion und Absatz»)
2. Direkte støtteutbetalingar («Direktzahlungen»)
3. Tiltal for betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak («Grundlagenverbesserung und Sozialmassnahmen»)

I 2015 vart det utbetalt 2,8 mrd. CHF (23,5 mrd. kroner) i direkte støtteutbetalingar, medan det gjekk høvesvis 159,6 mill. CHF (1,34 mrd. kroner) til betring av strukturgrunnlaget og sosiale tiltak og 430,5 mill. CHF (3,61 mrd. kroner) til produksjon og avsetning. Utanfor betalingsramma til jordbruket vart det mellom anna gjeve støtte til iverksetjing og kontroll, forskning og utvikling og dyrehelse.

Det vert gjeve investeringshjelp til tiltak for betring av strukturgrunnlaget for dermed å gjera vilkåra for å driva jordbruk i landet betre, spesielt i fjellområda og randsonene rundt. Når det gjeld sosiale tiltak, så vert det i Sveits gjeve hjelp til jordbruksbedrifter som er i eller kan få økonomiske problem, i form av rentefrie lån.

Tiltaka innan området produksjon og avsetning skal gje rammevilkår som gjer det mogleg, gjennom berekraftig produksjon av høg kvalitet, å ta ut høgast mogleg verdiskaping frå dei innanlandske og

internasjonale marknadene. Eit viktig tiltak innan mjølkeproduksjonen er tilskot til mjølk brukt i all osteproduksjonen som skal gjera det mogleg for sveitsisk ost å kunna konkurrera med ost produsert i EU både på heimemarknaden og i EU. Vidare vert det gjeve tilskot til osteproduksjon basert på mjølk produsert utan bruk av surfôr (t.d. ostane Le Gruyère og Appenzeller). Innan husdyrhaldet vert det også gjeve støtte til kjøt av høg kvalitet samt tilskot til visse avsetningstiltak for kjøt, egg og honning.

Innan hagebruket vert det gjeve tilskot til produksjon av einskildvekstar av raps, solsikke, oljefrø, åkerbønner, sukkerroer, settepoteter og såfrø av mais og grønfôrvekstar. Den sveitsiske staten kan gje støtte til ulike avsetningstiltak for korn, poteter, grønsaker, frukt, egg, vin, kjøt, mjølk og smør og ost i form av informasjons- og marknadsføringstiltak samt eksportinitiativ frå bransjeorganisasjonar med inntil 50 prosent av kostnadene. Avsetningstiltak for ost utgjer over ein tredjedel av dei samla utgiftene til avsetnings- og kvalitetstiltak.

I AP 2014-2017 vart det tidlegare direkte støtteutbetalingssystemet lagt om til eit nytt system der det for kvart mål vart formulert spesifikke og målretta verkemiddel. Det vart sett opp sju hovudtypar av tilskotsordningar (Bundesamt für Landwirtschaft 2016, s. 194):

- Kulturlandskapstilskot («Kulturlandschaftsbeiträge»)
- Matforsyningstilskot («Versorgungssicherheitsbeiträge»)
- Biodiversitetstilskot («Biodiversitätsbeiträge»)
- Landskapskvalitetstilskot («Landschaftsqualitätsbeiträge»)
- Produksjonssystemtilskot («Produktionssystembeiträge»)
- Ressurseffektivitetstilskot («Ressourceneffizienzbeiträge»)
- Overgangsstøtte («Übergangsbeiträge»)

Mange tilskotsordningar er differensierte med ulike satsar i regionar etter topografi og vilkår for jordbruksdrift. Overgangsstøtta vil verta gjeven fram til og med 2021.

Nesten 40 prosent av samla støtteutbetalingar gjekk i 2015 til matforsyningstilskot, vel 18 prosent til kulturlandskapstilskot, vel 16 prosent til produksjonssystemtilskot og 14 prosent til biodiversitetstilskot. Overgangsstøtta utgjorde 6,5 prosent av samla støtteutbetalingar til jordbruket. Ressurseffektivitetstilskot utgjorde berre 0,1 prosent av samla støtteutbetalingar. Det gjeld tilskot til tiltak som reduserer utslepp av klimagassar frå spreing av husdyrgjødsel, tilskot til skånsam jordbearbeiding og tilskot til presis bruk av plantevernmiddel.

#### *AP 2018-2021 og endring av grunnlova paragraf 104a*

Ingen nye reformer er planlagt som del av «Agrarpolitik 2018-2021» (AP 2018-2021). Den føderale regjeringa legg elles vekt på å betra det sveitsiske jordbruket si konkurransevne, på berekraftig produksjon og effektiv ressursutnytting.

Den 24. september 2017 gjennomførte Sveits ei folkerøysting om matvaresikkerheit basert på eit framlegg til endring av artikkel 104a i den sveitsiske grunnlova frå føderale styresmakter. Resultatet av folkerøystinga var at eit stort fleirtal på 77,8 prosent stemde ja til det framlegget. Det er interessant å merka seg at tillegget til artikkel 104a eksplisitt vil uttrykkja at det å oppretthalda handel med andre land vil vera ein del av det å sikra matvaresikkerheit i Sveits i lys av politisk og klimamessig uvisse. I tillegg skal jordbruket ta vare på det innanlandske produksjonsgrunnlaget, verta meir tilpassingsdyktig og effektiv, mindre avhengig av støtte og redusera matsvinn.

### *Lovverk som regulerer jordbruk i Sveits*

I Sveits har det i lang tid vore fastsett grenser for kor mange dyr eit gardsbruk eller ei jordbruksbedrift med svin, fjørfe, verpehøner eller gjøkalvar kan ha. Den som driv med denne type produksjonar må søkja om konsesjon.

Kjøp og sal av jordbrukseigedomar (inkl. bygningar) eller jordstykke er regulert gjennom ei føderal lov om bønders jordrettigheter frå 1991 som trådte i kraft 1. januar 1994. Eit av hovudformålet med denne lova om jordrettigheter er å sikra eit jordbruk basert på familiebruk med sjølvstendige brukarar. Vidare skal lova hindra overprising av jordbruksjord.

Av samla jordbruksreal i drift i Sveits er om lag 47 prosent leigd areal. Leige av jordstykke til jordbruksføremål eller leige av jordbrukseigedomar er strengt regulert i forbundslova om leige av jordbruksareal av 4. oktober 1985. Jordleiga kan ikkje vera høgare enn ei fastsett øvre grense.

### *Utviklinga i jordbruket i Sveits*

Samla tal driftseiningar (gardsbruk/jordbruksbedrifter) var på 92 815 i 1990, 70 537 i 2000 og på 53 253 i 2015. I 2000 var det sysselsett 203 793 personar i sveitsisk jordbruk, medan tal sysselsette personar i 2015 var komen ned til 155 184. Jordbruksarealet i Sveits (ikkje inkl. fjellbeite) utgjer 24 prosent av samla landareal i Sveits. Samla jordbruksareal i Sveits er på om lag 10,5 mill. dekar.

Husdyrhaldet er ein svært viktig del av sveitsisk jordbruk. Produksjonen av kumjølkk og av ost har auka i perioden 2000 til 2015. Produksjonen av fjørfekjøtt og av egg har også auka frå 2000 til 2015.

Jordbruket i Sveits (inkl. innanlandsk fiske) produserte 63 prosent av det innanlandske forbruket av matvarer i alt i 2014. Korrigert for importert fôr vert sjølvforsyningsgraden redusert til 55 prosent i 2014. Oppgåver frå Bundesamt für Landwirtschaft viser at netto sjølvforsyningsgrad har lege omtrent på same nivå kvart år sidan 2007.

### *Samanlikning av landbrukspolitik i Sveits og Noreg*

Både Sveits og Noreg gjennomførte etter 1990 betydelege endringar i landbrukspolitikken som førte til nedgang i produsentprisar for jordbruksvarer. Areal- og dyrestøtteordningar vart ein vesentleg del av landbrukspolitikken i begge landa. Dessutan vart miljøomsyn og kulturlandskap sterkare vektlagt i begge landa. Omsynet til dyrevelferd har kanskje vorte endå sterkare vektlagt i Sveits enn i Noreg.

I Sveits er måla for landbrukspolitikken nedfelt i sjølve grunnlova. Gjennom artikkel 104 i grunnlova er det slått fast at jordbruket gjennom ein berekraftig og marknadstilpassa produksjon skal medverka til sikker matvareforsyning til folket, oppretthalding av det naturlege livsgrunnlaget og pleie av kulturlandskapet, og elles medverka til spreidd busetjing i landet. I Noreg vert dei landbrukspolitiske måla og retningslinjene for landbrukspolitikken slått fast av Stortinget (av fleirtalet) med basis i handsaming av meldingar om landbrukspolitikken til Stortinget frå regjeringa. I Noreg har ein sidan 2011 hatt fire hovudmål for landbrukspolitikken: matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Det har i tillegg vore skissert fleire delmål. Jordbruket si multifunksjonelle rolle (produksjon av fellesgode) som tidlegare var sterkt vektlagt frå norsk side i WTO og OECD, har dei seinare åra vorte langt mindre vektlagt i gjeldande norsk landbrukspolitikk.

Eit anna særmerke for Sveits er at landbrukspolitikken med tilskotsordningar og betalingsramme vert fastsett for fire år om gongen av det føderale parlamentet. Det kan hevdast at det sveitsiske systemet har ført til ei meir langsiktig tenking og innretting av den faktiske landbrukspolitikken enn i Noreg der vi har årlege jordbruksforhandlingar.

Med AP 2014-2017 la Sveits om sine tilskotsordningar til arealbaserte tilskotsordningar. Dei einaste tilskotsordningane som framleis er basert på dyretal, er tilskotet til seterdrift og bruk av beite, det nye

tilskotet for å ha dyr på fjellbeite («Alpungsbeitrag») og tilskot til dyrevelferdstiltak. I Noreg er tilskot basert på tal dyr av ulike husdyrslag framleis ein svært viktig del av landbrukspolitikken. Noreg gjer dessutan bruk av pristilskot som til dømes distriktspristilskot på mjølk, kjøt, egg, grønsaker, frukt og bær, noko Sveits ikkje gjer. Noreg opererer også med målprisar for produkt som mjølk, svinekjøt, potet, eple og i alt 10 slag grønsaker. I Sveits er alle målprisar og avsetningsgarantiar fjerna.

Det er verdt å merka seg at med unntak for basistilskotet, er det inga avgrensing av tilskotsordningar i Sveits etter storleik på jordbruksarealet. Det er likevel ei avgrensing som seier at maksimum støtte per standard arbeidskrafteining (SEK) er på 70 000 CHF. Fleire av støtteordningane i Sveits er geografisk differensiert med høgast støtte i fjellområda. I Noreg er det eit kulturlandskapstilskot som er likt i heile landet og uavhengig av type vekst som vert dyrka. Arealtilskotet er derimot differensiert etter type vekst som vert dyrka og etter region (etter vilkåra for å driva jordbruk).

I Sveits er det ein føresetnad for å kunna få støtte gjennom ulike tilskotsordningar, at ein kan dokumentera at ein oppfyller ei rekkje økologiske og miljømessige krav til jordbruksdrift. Også i Noreg er det visse miljøkrav for å kunna få areal- og kulturlandskapstilskot. I Noreg kan det vera meir spesifikke krav knytt til enkelte tilskotsordningar. I Sveits har dei ei rekkje mindre delordningar for å fremja biodiversitet og artsmangfald med eit svært detaljert regelverk. I Noreg kan vi ikkje visa til eit like omfattande tilskotssystem av denne typen, men enkelte sveitsiske ordningar kan ha parallellar innan dei regionale (fylkesvise) miljøprogramma i Noreg. Enkelte norske fylke har til dømes innført ein parallell til føderale ordningar i Sveits som tilskot til seterdrift, tilskot til drift i bratt terreng og tilskot for skånsam jordbearbeiding.

Ein stor skilnad mellom Sveits og Noreg er at Sveits i 2009 fjerna sitt kvotesystem for mjølk. Dessutan har Sveits og EU frå 1. juni 2007 innført fri handel med ost. Sveits er ikkje medlem av EØS, men har regulert sitt tilhøve til EU gjennom ei rekkje bilaterale handelsavtalar, også på jordbruksområdet.

Kjøp og sal av jordbrukseigedomar og enkeltstående jordstykke er sterkt lovregulert i Sveits. På dette området er det mange likskapar med lover og reglar i Noreg. I motsetnad til Noreg der leige av jord er lite regulert, så er også jordleige sterkt regulert i Sveits.



# Litteraturreferansar

- Agridea. 2017. AP 2014-2017. Beitragsansätze und Kennzahlen, 2016. Version 9. [www.agridea.ch](http://www.agridea.ch)
- Berntsen, C. og T. Tufte. 2018. Sveitsisk jordbrukspolitikk - matforsyning og fellesgoder likestilt. Rapport 1 – 2018. AgriAnalyse, Oslo.
- Budsjettnemnda for jordbruket. 2017a. Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken. Avgitt august 2017.
- Budsjettnemnda for jordbruket. 2017b. Totalkalkylen for jordbruket. Jordbrukets totalregnskap 2015 og 2016. Budsjett 2017. Avgitt august 2017.
- Bundesamt für Landwirtschaft. 2016. Agrarbericht 2016. Bern. <http://www.agrarbericht.ch/de>
- Bundesamt für Landwirtschaft. 2017. Agrarbericht 2017. Bern. <http://www.agrarbericht.ch/de>
- Bundesamt für Landwirtschaft. 2018a. Landwirtschaftliche Zonengrenzen der Schweiz (2010). <https://www.bfs.admin.ch/bfs/de/home/statistiken/kataloge-datenbanken/karten.assetdetail.441363.html>
- Bundesamt für Landwirtschaft. 2018b. Biodiversitätbeiträge 2018. <https://www.blw.admin.ch/blw/de/home/instrumente/direktzahlungen/biodiversitaetsbeitraege.html>
- Bundesamt für Landwirtschaft. 2018c. AP 18-21. <https://www.blw.admin.ch/blw/de/home/politik/agrarpolitik/ap-18-21.html>
- Bundesamt für Statistik. 2017a. Permanent resident population by category of citizenship and sex, at the end of the year. <https://www.bfs.admin.ch/bfsstatic/dam/assets/291196/master>
- Bundesamt für Statistik. 2017b. STAT-TAB – interaktive Tabellen (BFS). [https://www.pxweb.bfs.admin.ch/Table.aspx?layout=tableViewLayout2&px\\_tableid=px-x-0702000000\\_101%2fpx-x-0702000000\\_101.px&px\\_language=de&px\\_type=PX&px\\_db=px-x-0702000000\\_101&rxid=0762a024-6398-4912-aof2-dd1eabc8c3f3](https://www.pxweb.bfs.admin.ch/Table.aspx?layout=tableViewLayout2&px_tableid=px-x-0702000000_101%2fpx-x-0702000000_101.px&px_language=de&px_type=PX&px_db=px-x-0702000000_101&rxid=0762a024-6398-4912-aof2-dd1eabc8c3f3)
- Bundesamt für Statistik. 2017c. Beschäftigte nach Vollzeitäquivalente und Wirtschaftsabteilungen. <https://www.bfs.admin.ch/bfs/de/home/statistiken/industrie-dienstleistungen/unternehmen-beschaeftigte/beschaefigungsstatistik/beschaefigte.assetdetail.2650005.html>
- Der Schweizerische Bundesrat. 1987. Verordnung über die Bemessung des landwirtschaftlichen Pachtzinses (Pachtzinsverordnung), 11. februar 1987 (Stand am 1. September 2008). <https://www.admin.ch/opc/de/classified-compilation/19870020/index.html>
- Der Schweizerische Bundesrat. 2013. Verordnung über Höchstbestände in der Fleisch- und Eierproduktion (Höchstbestandesverordnung), 23. oktober 2013 (Stand am 1. Januar 2016). <https://www.admin.ch/opc/de/classified-compilation/20130227/index.html>
- Der Schweizerische Bundesrat. 2016. Botschaft zu einem Bundesbeschluss über die finanzielle Mittel für die Landwirtschaft in den Jahren 2018-2021. vom 18. Mai 2016. <https://www.admin.ch/opc/de/federal-gazette/2016/4503.pdf>
- Die Bundesversammlung der Schweizerischen Eidgenossenschaft. 1985. Bundesgesetz über die landwirtschaftliche Pacht, 4. Oktober 1985 (Stand am 1. Januar 2014). <https://www.admin.ch/opc/de/classified-compilation/19850206/index.html>

- Die Bundesversammlung der Schweizerischen Eidgenossenschaft. 1991. Bundesgesetz über das bäuerliche Bodenrecht, 23. oktober 1991 (Stand am 1. Januar 2014).  
<https://www.admin.ch/opc/de/classified-compilation/19910253/index.html>
- Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement. 1998a. Pressemitteilung. Agrarpolitik 2002 – Umsetzung des neuen Landwirtschaftsgesetzes. 15. juni 1998, Presse- und Informationsdienst, Bern.
- Eidgenössisches Volkswirtschaftsdepartement. 1998b. Vernehmlassung. Ausführungsbestimmungen zum neuen Landwirtschaftsgesetz. Verordnungsentwürfe mit erläuternden Kommentaren. 15. juni 1998, Bern.
- Flury, C., Gautschi, U., Albisser, G., Gerwig, C. & Mack, G. 2013. Effekte einer Aufhebung der Milchkontingierung und einer Umlagerung der Milkpreisstützung. Synthese aus vier Studien des Institutes für Agrarwirtschaft der ETH Zürich und der Eidgenössischen Forschungsanstalt für Agrarwirtschaft und Landtechnik, Tänikon.
- Flury, C., Sorg, L., Giuliani, G. & Gautschi, U. 2014. Evaluation der Zulagen für verkäste Milch und für Fütterung ohne Silage. Schlussbericht zuhanden des Bundesamtes für Landwirtschaft BLW. Flury&Giuliani GmbH, Zürich.
- Gazzarin, C. 2017. Switzerland – Country page 2017. I: Hemme, T. (red.), IFCN Dairy Report 2017. IFCN, Kiel, s. 173.
- Haller, T. 2014. Abolition of the Milk Quota System in Switzerland. Assessment of the quota abolition and its impacts in consideration of accompanying measures. Berner Fachhochschule. Hochschule für Agrar-, Forst- und Lebensmittelwissenschaften.
- Klepp, Å. 2017. Sveitsisk jordbruk – reformer og utviklingstrekk. Rapport 4 – 2007. AgriAnalyse, Oslo.
- Kohler, A. 2016. Die Auswirkungen des Käsefeihandels mit der EU. Ökonomie. Agroscope Science. Nr. 39 2016. Eidgenössisches Departement für Wirtschaft, Bildung und Forschung WBF. Agroscope.
- Landwirtschaftlicher Informationsdienst. 1998. Die Schweizer Landwirtschaft sorgt für Natur und Umwelt. UFA-Revue, 8401 Winterthur, 1. Auflage Juli 1998.
- Mack, G. & Flury, C. 2014. Wie wirken die neuen Alpungsbeiträge? Agrarwirtschaft 5(3): 88-95.
- Meier, T. 2013. Ausführungsbestimmungen der Agrarpolitik 2014-2017. Agrarforschung Schweiz 4(11-12): 492-497.
- Möhring, A., Ferjani, A., Mack, G., Mann, S. & Zimmermann, A. 2016. Modellprojektionen mit SWIZZland zum Zahlungsramme 2018-2021. Agroscope Science Nr. 35 / 2016: 1-28.
- Noregs Bank. 2018. Valutakurser. <https://www.norges-bank.no/Statistikk/Valutakurser/>
- OECD. 2015. OECD Review of Agricultural Policies: Switzerland 2015. OECD Publishing. <http://dx.doi.org/10.1787/9789264168039-en>
- Prestegard, S.S. og Bøe, E. 1998. Landbruk og landbrukspolitik i Sveits: Med fokus på «Agrapolitik 2002». Notat 1998: 15. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Prestegard, S.S. 2005. Multifunctional agriculture, non-trade concerns and the design of policy instruments: applications to the WTO agricultural negotiations. International Journal of Agricultural Resources, Governance and Ecology (IJARGE) 4(3-4): 232-245.
- Prestegard, S.S. 2016. Jordbruksavtalen. I Hegrenes, A., Mittenzwei, K., Prestegard, S.S (red.): Norsk jordbrukspolitik: Handlingsrom i endring. Fagbokforlaget, Bergen, s. 54-72.
- Raiffeisen. 1994. Das landwirtschaftliche Gewerbe. Grundlageninformation zu Pacht, Eigentum und Finanzierung. Schweizer Verband der Raiffeisenbanken, St.Gallen, Sveits.

- Rogstad, B. 2003. Utsyn over norsk landbruk: Tilstand og utviklingstrekk 2003. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Rogstad, B. 2005. Utsyn over norsk landbruk: Tilstand og utviklingstrekk 2005. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Schweizer Bauernverband. 2018a. Agrarpolitik 2011.  
<https://www.landwirtschaft.ch/wissen/agrarpolitik/agrarreform/ap-2011/>
- Schweizer Bauernverband. 2018b. Käse.  
<https://www.landwirtschaft.ch/wissen/tiere/rindviehhaltung/milch/kaese/>
- Statistisk sentralbyrå. 2017. Tabell: 05803: Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret. Hentet fra URL: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/saveselections.asp>. Innhentet 09.08.2017.
- Statistisk sentralbyrå. 2018. Korn og oljevekster, areal og avlinger.  
<https://www.ssb.no/statbank/table/04610?rxid=7d8cd2cd-2a25-4bdf-b53b-174cd1d5b3cc>
- Stensgaard, K. 2017. Hvordan star det til på setra? Registrering av setermiljøer i perioden 2009-2015. NIBIO RAPPORT (3): 88. Norsk institutt for bioøkonomi, Ås.
- Stortingets næringskomité. 2017. Innst. 251 S (2016-2017) Meld. St. 11 (2016-2017). Innstilling til Stortinget fra næringskomiteen om Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon.
- Swiss Broadcasting Corporation. 2017. Swiss voters demonstrate appetite for food security (forfatter Anand Chandrasekhar). SWI swissinfo.ch – the international service of the Swiss Broadcasting Corporation (SBC). <https://www.swissinfo.ch/eng/food-security-on-swiss-voters--menu/43536412>
- Swiss Federal Institute of Intellectual Property. 2018. The "Swissness" legislation.  
<https://www.ige.ch/en/law-and-policy/national-ip-law/indications-of-source/swiss-indications-of-source.html>
- Swizz Government. 2017a. Federal Constitution of the Swiss Confederation. Art. 104 Agriculture.  
<https://www.admin.ch/opc/en/classified-compilation/19995395/index.html#a104>
- Swizz Government. 2017b. Federal Decree on Food Security (direct counter-proposal to the Popular Initiative 'For food security', which has now been withdrawn).  
<https://www.admin.ch/gov/en/start/documentation/votes/20170924/bundesbeschluss-ueber-die-ernaehrungssicherheit.html>
- Weltkarte. 2018. Landkarte Schweiz (Übersichtskarte).  
<https://www.weltkarte.com/europa/schweiz/schweiz-karte.htm>
- Wikipedia. 2018. Sveits. <https://no.wikipedia.org/wiki/Sveits>
- Wolfisberg, I. 2018. Luzerner bezahlen oft zu viel. Bauernzeitung, 31. juli 2015, side 9.  
<http://www.fermier.ch/Dokumente/150731%20Pachtzinse%20Luzern.pdf>
- World Trade Organization. 2013. Trade Policy review. Switzerland and Liechtenstein. Report by the secretariat. [https://www.wto.org/english/tratop\\_e/tpr\\_e/s28o\\_e.pdf](https://www.wto.org/english/tratop_e/tpr_e/s28o_e.pdf)

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.